

Attråverdige fellesskap? Familieførståing i homorørsla 1973-2008.

Birger Berge



Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

Universitetet i Bergen

16. mai 2016

Føreord

Som open homofil mann, blir eg ofte møtt med spørsmålet; «Når skal du få barn?» Etter at eg skreiv bachelorgradsoppgåve om den norske homokampen, blei det stadig meir iaugefallande at dette var eit spørsmål som først er blitt vanleg i nyare tid. Det interessante med å bli møtt med dette spørsmålet er at min framtidige status som familiefar blir tatt for gitt. Rett nok er der nokre praktiske hindringar i vegen, men med moderne teknologiar og dagens juridiske situasjon er skiping av ein familie mogeleg. Vegen fram mot desse rettane er også godt dokumentert i forskning, både i norsk og internasjonal samanheng. Det som har forundra meg, er at der ikkje er noko særleg forskning på haldningar til familie i homorørsla, eller korleis det har blitt forstått.

Eg vil takke rettleiarane mine, professor i historie Inger Elisabeth Haavet, og professor i kulturvitskap Tone Hellesund. Gjennom heile masterløpet har de vore fantastiske akademiske førebilete, og eg vil takke dykk for gode råd og innspel, og stort tålmod. Takk også til alle på masterseminaret som har bidrege med gode og ærlege tilbakemeldingar!

Eg takkar min fantastiske familie, som støttar meg i alt eg gjer! Særleg takk til mamma, som gjennom alle turane på biblioteket i barneåra ga meg ein kjærleik for bøker og lesing.

Eg vil også takke alle dei flotte vennane mine, som har hørt meg mase om oppgåva i to år, de veit kven de er. Og spesielt takk til Lars Andreas, som også leste gjennom oppgåva.

Til sist vil eg takke personalet ved Skeivt Arkiv for rettleiing og hjelp i kjeldarbeidet.

Birger Berge

Bergen, 16.05.2016

Innhald

Føreord	3
Kapittel 1: Familien på skeiva	7
Problemstilling	8
Teoretiske utgangspunkt.....	8
Historisk bakgrunn.....	9
Det «tradisjonelle» familieomgrepet	13
Det breie familieomgrepet.....	15
Eigne familieskipingsmønster?	16
Intimitetens tyranni?	19
Metode.....	20
Representasjon.....	21
Diskurs	23
Kjeldene	24
Metodiske merknader	26
Tematikkane	27
Disposisjon	30
Kapittel 2: Statistikk	31
Statistikk for <i>Fritt Fram</i>	32
Statistikk for <i>Løvetann</i>	36
Statistikk for <i>Blikk</i>	41
Samanlikning og avgrensing	47
Kapittel 3: 1973-1980: Frels oss frå det vonde	50
Kvinnekamp er homokamp	53
Lesbiske mødrer	61
Tradisjonelle normbrytarar	63
Oppsummering	67
Kapittel 4: 1980-1993 Vi vil ha barn!	69
Sodoma blei ikkje bygt på ein dag	72
Homobarna	77
Pappa er homofil	77
Like gode som foreldre, kanskje betre?	81
Et lesbehjem?	87
Snart ringer klokkene	91
Oppsummering	94
Kapittel 5: 1994-2008 Rosa ammetåke	96

Vi ere en nation, vi med, vi homoseksuelle.....	97
Rosa ammetåke	101
Barn av regnbogen.....	102
Surrogati	108
Det går an å leve som homo i Norge	111
Kapittel 6 Avslutning og konklusjon	115
Summary	122
Litteraturliste og kjeldemateriale.....	118

Ordliste:

LHBT: Forkorting/Akronym for Lesbiske, Homofile, Bifile og Transpersonar.¹ Akronymet nyttast som samleomgrep kor nærare presisering ikkje er naudsynt, og det omtalte kan forståast som aktuelt og relevant for alle populasjonane i akronymet.

I framstillinga vil eg som regel nytte ord som lesbisk, homofil, bifil og transperson fordi desse populasjonane har hatt ulike problem og skilde erfaringar historisk sett.

Homoprefiks: Homoprefiks nyttast der kor nærare presisering ikkje er naudsynt, til dømes «homorørsla,» «homomiljøet,» «homobarn,» osv.

Homorørsla: Siktar til individ, grupper og organisasjonar som har kjempa for LHBT-befolkninga sine rettar i Noreg.

DNF'48: Det Norske Forbund av 1948.

FHO: Fellesrådet for lesbiske og Homofile Organisasjoner i Norge

AHF: Arbeidsgrupper for Homofil Frigjøring

ÅK: Åpen kirkegruppe

¹bufdir.no, "Hva Er Lhbt?," Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR), http://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_og_levekar_Hva_sier_forskningen/Hva_er_LHBT/. Lest 21.04.2016. Dette omgrepet var ikkje i bruk i perioden eg har valt å analysere. Det illustrerer at omgrepsbruken av i dag er forskjellig frå omgrepa brukt historisk.

Kapittel 1: Familien på skeiva

Kartet og terrenget

Du kan lese
 At du har 2,8 seksualpartnere pr. måned
 At du tilhører en risikogruppe
 At du tester deg fire ganger om året
 At du drikker og ruser deg mer enn dine jevnaldrende
 At du ikke fikser et monogamt samliv
 At venninnene dine bare er homsehurper
 At sex er det viktigste i livet ditt
 At utseende betyr alt for deg

Du er homofil, men
 Du mener at det ikke er din viktigste egenskap
 Du tror ikke at mennesker er forbruksvarer
 Du bader ikke i etterbarberingsvann og har aldri eiet en sykkelbukse
 Du har ikke Nils Johan Ringdal som forbilde
 Du sjekker bare prisene på super'n
 Du synes busker egner seg best til pynt
 Du drømmer om en mann, et hus, en hund og 1,5 barn
 Du håper og tror du ikke er den eneste.

Nils Axel Nissen d.y

Løvetann 1992²

Frå at homofile blei betrakta som seksuelle avvikarar tilhøyrande ein seksuell subkultur - så langt frå familielivet ein kunne komme - så kan det nesten sjå ut som to menn, 1,5 barn, hus og hund, er den mest synlege forma for homoliv i 2016. Frå å ha vore ein subkultur frådømt rett til familie av samfunnet, har situasjonen endra seg dramatisk. Nissen sitt dikt skildrar på mange måtar to ulike posisjonar til familie i humorørsla. Første vers kan representere den familiekritiske posisjonen, basert på subkulturen der familieliv blei kritisert og avvist. Nissen sitt andre vers skildrar godt den familievennlege posisjonen, basert på «normalitet» der familieliv blei sett på som attråverdig. Desse to posisjonane skipa rāmene for diskusjonar kring familie mellom 1973 og 2008.

Familien i Nissen sitt andre vers vil mange i 2016 referere til som ein «regnbogefamilie.»³ Ordet gir positive konnotasjonar, og spelar på fargespekteret i regnbogen og humorørsla sin

²"Løvetann," *Løvetann :for homofil og lesbisk frigjøring* 1977-2003.Nr.1,1992,S.2.

³"Regnbuefamilie," Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet (Bufdir), http://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_ordlista/R/Regnbuefamilie/. Lest 21.04.2016. BUFDIRs definisjon: «Regnbuefamilie er en fellesbetegnelse for mange ulike familiekonstellasjoner med lesbiske, bifile og homofile foreldre. Det kan bety en familie der foreldrene er av samme kjønn, men også mer alternative familieformer, for eksempel der to lesbiske og to homofile menn har bestemt seg for å være foreldre sammen, to kvinner som deler omsorgen med barnets far, eller der to menn får barn med en kvinne og alle tre skal være omsorgspersoner for barnet.» Dette omgrepet var ikkje i bruk i perioden eg har undersøkt, men ulike omgrep som «homofamilien,»

bruk av regnbogen som symbol for å signalisere mangfald. «Familien» kan dermed sjåast mangfaldiggjort. I løpet av 40 år har homofile oppnådd tilsvarande rettar som heterofile til å skipe familie, og står med det på skuldrane til ein frigjeringskamp som har opna moglegheita for å organisere livet på denne måten med juridisk anerkjenning frå staten.

Er familielivet til attrå for alle? Kvifor vel somme å organisere livet på denne måten, og kva er det uttrykk for? Er det grunna forventningar til å stifte familie? Forventningar om at familielivet er eit lukkeleg liv? Og kva betyr det at homofile kan leve saman i familieformer til forveksling lik kjernefamilien? Er det eit radikalt brot med familien slik vi kjenner den, eller vidareføring av familien i nye former og samansettingar? Er vi der i dag at familie kan forståast uavhengig av kjønn og konstallasjonar?

Temaet for mastergradsoppgåva vil vere den norske homorørsla sine forståingar av, haldningar til, og debattar kring familie frå 1973 fram til innføringa av kjønnsnøytral ekteskapslov i 2008. Har homorørsla vore ein radikal aktør på familiefeltet med eigne familiepolitiske mål? Kva familieformer og konstallasjonar har homorørsla argumentert for i perioden? Og kva er det i så fall uttrykk for?

Problemstilling

Eg vil undersøkje debatt og argumentasjon knytt til familie i den norske homorørsla frå 1973 til 2008. Dette vil eg utforske gjennom synspunkt og argument som vart uttrykt i homotidsskrifta Fritt Fram, Løvetann og Blikk, samt i høyringsuttaler og offentlege dokument. Gjennom dette ønskjer eg å dokumentere og analysere korleis familie blei forstått, kva ulike haldningar ein hadde til familie, og eg vil argumentere for korleis ein kan forstå endringar i forståingar og argumentasjon.

Teoretiske utgangspunkt

Eg vil først gjere greie for ytterpunkta i den moderne norske homokampen, og vise til korleis privat og offentleg sfære heng saman gjennom det intime/seksuelle medborgarskapet. Framstillinga av den moderne norske homokampen vil syne at å snakke om regnbogefamilien er problematisk i eit historisk perspektiv. Problemstillinga krev med det ein definisjon av familie som omgrep. Familie kan gjerne forståast via prefiks som kjerne-, homo-, lesbe-, regnboge-, vennskaps- osv. Kva er så «familien?» Eg vil først gjere greie for nokre utvalde

«den lesbiske/homofile kjernefamilien,» osv. har historisk vore i bruk i løpet av den perioden lesbiske og homofile parforhold og familiekonstallasjonar byrja å bli anerkjent av staten.

bidrag frå norsk og internasjonal familieforskning, for å kartlegge ulike måtar å definere «familien» på. Deretter vil eg sjå nærare på normer knytt til familien.

Historisk bakgrunn

Med den «moderne homokampen» siktar eg til den relativt korte perioden i norsk historie der lover som sette straff for homoseksualitet og sambuarskap blei avskaffa, og nye lovreformer la til rette for situasjonen slik vi ser den i dag. Desse endringane skjedde i eit samfunn i stor endring.

Som antyda i innleiinga var situasjonen for LHBT-befolkninga ein ganske annan for 40 år sidan. Sosiolog Arnfinn J. Andersen ser i artikkelen «Det norske seksuelle medborgerskap» nærare på offentlege dokument for å seie noko om det norske seksuelle medborgarskapet.⁴ Andersens artikkel tek utgangspunkt i paragrafane §213 og §379 i straffelova, som høvesvis kriminaliserte seksuelle relasjonar mellom menn (dersom dei var til ålmenn forarging), og sambuarskap utanfor ekteskap (konkubinatt). Andersen har i sin artikkel analysert offentlege dokument knytt til statens syn på samliv og rettar og plikter knytt til dette. Andersen forstår det seksuelle medborgarskapet som «[...]rettigheter og plikter individer kan få gjennom å leve i samliv.»⁵

Historikar Runar Jordåen viser til at forbod mot sex mellom kvinner blei diskutert ved revidering av straffelova i 1902, men aldri innført.⁶ Ein liknande diskusjon ved ny revidering i 1953 enda med tilsvarande resultat, ifølgje kriminolog Ragnhild Hennem.⁷ Lesbiske kvinner var slik aldri kriminalisert.

Straffelova sitt formål er at «Aldmindelig borgerlig straffelov» skal «Anvendes paa alle straffbare handlinger.»⁸ Strafferåmene paragrafane sette var relativt låge, og §213 kan sjåast som ei «sovande» lov.⁹ På tross av at lova blei lite nytta, representerte den likevel ein

⁴Arnfinn J. Andersen, "Det Norske Seksuelle Medborgerskap," in *Norske Seksualiteter*, ed. Åse Røthing and Wencke Mühleisen ((Oslo): Cappelen akademisk forl, 2009).

⁵ Ibid.S.123.

⁶Runar Jordåen, *Frå Synd Til Sjukdom? : Konstruksjonen Av Mannleg Homoseksualitet I Norge, 1886-1950* (Bergen: [R. Jordåen], 2003).S.39.

⁷Ragnhild Hennem, "Lesbiske Og Homofiles Rettsstilling," in *Norsk Homoforskning*, ed. Knut Olav Åmås (Oslo: Universitetsforlaget, 2001).S.86.

⁸"Lov Om Straff (Straffeloven).", ed. Stortinget (OsloLOV-2016-04-22-3). Lest.21.04.2016.

⁹"Lesbiske Og Homofiles Rettsstilling." S.88.

straffetruget. Organisert homorørsle i Noreg starta med skipinga av Det Norske Forbund av 1948 i 1950.¹⁰

DNF'48 hadde mobilisert mot lova med boka §213: *Onde eller nødvendighet?*¹¹ Boka innehaldt bidrag frå ei rad faginstansar som psykologi, juss, osv. Homorørsla sin offensiv og handsaminga på Stortinget førte til at §213 blei avskaffa, og sex mellom menn blei ein privatsak, og ikkje subjekt for straff.¹² Samstundes blei og konkubinatparagrafen, §379 avskaffa.

Etter avkriminaliseringa vedtok DNF'48 følgjande resolusjon ved landsmøtet i 1973:

- «Enkeltmenneskets verdi er ikke avhengig av evnen, viljen eller muligheten til samliv med et annet menneske.
- DNF'48 kan ikke godta noen form for diskriminering av enslige – økonomisk eller menneskelig. Forbundet har som målsetting å fjerne denne diskrimineringen overalt hvor den gjør seg gjeldende.
- DNF'48 vil samarbeide for en sikring av andre samlivsformer enn det tradisjonelle ekteskapet.»¹³

Kva konsekvensar fekk avskaffinga? Sosiolog Anthony Giddens trekk i bøkene *Modernity and self-identity* og *The Transformation of Intimacy* fram dei aukande valmogelegheitene moderne individ står ovanfor.¹⁴ I førstnemnde trakk Giddens fram *emansipatorisk politikk*, og *livspolitik*.¹⁵ Emansipatorisk politikk handlar om individ og grupper si frigjerung frå negative hindringar (t.d. lover), som hindrar fri livsutfalding (livspolitik). Særleg det livspolitiske aspektet vil vere viktig for mi tilnærming. Livspolitik er knytt til individet, og handlar om fridom til å velje eigen livsstil. Avskaffinga av §213 og §379 kan lesast som ein emansipatorisk siger, ein siger som opna for livspolitik i homorørsla.

¹⁰DNF'48 var direkte oppkalt etter det danske forbundet som var stifta i 1948, og i dei første åra var DNF48 direkte tilknytt den danske organisasjonen. For ei utførleg framstilling av dette, sjå Hans W. Kristiansen, *Masker Og Motstand : Diskré Homoliv I Norge 1920-1970* ([Oslo]: Unipub, 2008).

¹¹Karen-Christine Friele and Det Norske forbundet av 1948 Landsforeningen for homofile og bifile, § 213 : *Onde Eller Nødvendighet?* (Oslo: Det norske forbundet av 1948, 1970).

¹²Hennum, "Lesbiske Og Homofiles Rettsstilling." S.89.

¹³Andersen, "Det Norske Seksuelle Medborgerskap."

¹⁴Anthony Giddens, *Modernity and Self-Identity : Self and Society in the Late Modern Age* (Cambridge: Polity Press, 1991).

The Transformation of Intimacy : Sexuality, Love and Eroticism (Oxford: Polity Press, 1992).

¹⁵Giddens nyttar omgrepa "emancipatory politics" og "life politics" (Mi oversetting). *Modernity and Self-Identity : Self and Society in the Late Modern Age*. S.209-231.

Giddens hevdar i *The transformation of Intimacy* at nære sosiale relasjonar no blir inngått etter lystprinsippet.¹⁶ Moderne teknikkar har skilt reproduksjon og seksualitet gjennom prevensjon og reproduksjonsteknikk, og Giddens refererer til dette som plastisk seksualitet.¹⁷ Det postmoderne individet står friare til å velje sin(e) seksualpartner(ar). Også i kjærleiken står individet friare til sjølv å velje, og kjensler som tiltrekking og forelsking vert stadig viktigare enn andre meir tradisjonelle omsyn som økonomisk tryggleik, alliansar, osv. Altså ein overgang frå ei «allianseordning» til intimitetssamfunnet. Refleksivitet er eit viktig omgrep i Giddens forfatterskap, og siktar til at individets val får konsekvensar for identiteten.¹⁸ Livsstil og identitet heng saman. Dei generelle forboda §213 og §379 sette hadde bidrege til å skape berre eitt legitimt rom for seksualitet – det heterofile ekteskapet.

I Andersen si tilnærming blir homofile si deltaking i medborgarskapet sett på som ei utfordring av «[...] en entydig heteroseksuell orden.»¹⁹ Andersen avsluttar artikkelen med innføringa av kjønnsnøytral ekteskapslov, og konkluderer med at det har skjedd betydelege endringar for homofiles seksuelle medborgarskap. Frå å vere potensielle subjekt for straff (homofile menn), eller ignorert som seksuelle subjekt (lesbiske kvinner), ligg no den seksuelle relasjonen i visse former til grunn for privilegert medborgarskap.

«Privilegert» er eit nøkkelord. Ekteskapslova seier at «To personer av motsatt eller samme kjønn kan inngå ekteskap.»²⁰ Inkluderinga av samkjønnspar kan forståast som ei aukande pluralisering av ekteskapet, men samstundes skipar det også klare grenser for kven som er innanfor og utanfor. Ved lovgjeving er staten ein viktig premissleverandør for det norske seksuelle medborgarskapet. I følgje Andersen dreiar det norske seksuelle medborgarskapet seg om kva relasjonar som har legitimitet som «tilnærma ekteskap,» og kva som er «legitim sex.»²¹ Jamfør resolusjonen frå 1973 var det ikkje naudsynt samsvar mellom statens oppfatningar av dette og homorørsla si oppfatning.

Som vist gjennom Andersen knyt det seksuelle medborgarskapet privat og offentleg sfære saman i form av rettar og plikter knytt til samfunnet. Sosiologen Ken Plummer undersøker i boka *Intimate Citizenship* utfordringane individ møter i organiseringa av sine intime liv, noko

¹⁶*The Transformation of Intimacy : Sexuality, Love and Eroticism.*

¹⁷Giddens nyttar omgrepet «plastix sexuality (Mi oversetting). Ibid. S.2.

¹⁸Giddens nyttar omgrepet «reflexivity» (Mi oversetting). S.28-32.

¹⁹Andersen, "Det Norske Seksuelle Medborgerskap." S.136.

²⁰"Lov Om Ekteskap [Ekteskapsloven].", ed. Stortinget (OsloLOV-1991-07-04-47). §1. Lest 21.04.2016.

²¹"Det Norske Seksuelle Medborgerskap."

Plummer refererer til som intime problem.²² Plummer tek utgangspunkt i at samfunnet endrar seg raskt, og individet møter stadig fleire valmogelegheiter i sine intime liv. «Bodies, feelings, identities, relationships, interactions, even communities – all are central elements in doing intimacies.»²³ For Plummer er intimitet ei relasjonssfære mellom sjølv og andre.

Eit giftarmål mellom to kvinner er eitt mogeleg intimitetsuttrykk. Dette får implikasjonar for deira status og rettar i samfunnet – altså for deira intime medborgarskap. Som vist gjennom innføringa av kjønnsnøytral ekteskapslov er dette i dag eit anerkjent intimt uttrykk i det norske seksuelle medborgarskapet. Plummer diskuterer kven som hamnar “innanfor” og “utanfor.” «Most people would probably agree, for instance, that the pedophile should not enjoy citizenship rights, and that may mark the far end of the boundaries of intimate citizenship that we can accept.»²⁴ Med den pedofile legg Plummer opp til diskusjon om kva som konstituerer grensene for intimt medborgarskap. Implisitt i omgrepet intimt medborgarskap er at det «[...]cannot imply one voice, one way, or one model.»²⁵ Plummer ser forskjellige omstridde offentlege sfærer, og nemner mellom anna homosfære som døme.²⁶ Ulike sfære «forhandlar» med kvarandre, og kan representere ulike ståstader i t.d. familiediskursen. I følge Plummer er skiping av sosiale rørsler generativ fordi «[...] one of the main tasks of the new social movements has been to establish the rhetoric, the claims and the arguments about their key concerns.»²⁷

Problemstillinga og kjeldematerialet grip ei «homofil offentlig sfære,» og kan gripe familieforståing ved å sjå på retorikk, krav og argumentasjon. Framstillinga vil kunne setje lys på korleis det seksuelle/intime medborgarskapet har blitt regulert, forhandla og avgrensa i homorørsla med tanke på familieliv. Sett i samband med refleksivitet er dette interessant fordi det synleggjer at grunna individets val kan det oppstå «gode» og «dårlege» identitetar, dvs. gode og dårlege homoseksualitetar, dersom målestokken er seksuelt medborgarskap. Slik kan homokampen lesast som ein prosess fram mot full inkludering i det norske seksuelle/intime medborgarskapet med dei rettar og privilegium det inneberer, for somme intime uttrykk representert i homorørsla. Omgrepet refleksivitet – dei narrative forteljingane

²²Plummer nyttar uttrykket intimate troubles (Mi oversetting). Ken Plummer, *Intimate Citizenship : Private Decisions and Public Dialogues*, The Earl and Edna Stice Lecture-Book Series in Social Science (Seattle, Wash.: University of Washington Press, 2003).S.4.

²³Ibid.S.13.

²⁴Ibid.S.66.

²⁵Ibid.S.72.

²⁶Plummer nyttar høvesvis omgrepa «contested public spheres,» og «gay pulic spheres (Mi oversetting. Ibid.S.72.

²⁷Ibid.S.75.

om sjølvet – betyr også at somme forstår seg sjølve og sine liv som utanfor det seksuelle medborgarskapet, og heller ikkje ønsker å vere inkludert.

Det «tradisjonelle» familieomgrepet

Innanfor forskning og forvaltning har familie ofte vore forstått som ei ganske smal eining. Ein definisjon mange vil kunne relatere til er «kjernefamilien» slik den definerast i antologien *I gode og vonde dagar*:

«For dei fleste av oss er *kjernefamilien* sjølve prototypen på ein familie: ein mann og ei kvinne og eventuelt barna deira. Ein familie er minst to personar. Også om mannen eller kvinna vert åleine med barnet eller barna, er det ein familie i våre auge.»²⁸

Eit viktig moment frå antologien er at kjernefamilien fungerte som eit økonomisk fellesskap, og hadde viktige funksjonar for medlemmane si velferd. Eit moment som går att i familieforskning i norsk kontekst, er at familie og samfunn påverkar kvarandre. Dei historisk nye tilhøva har skapt ei individualisering som er synleg i samtidas mange samlivs- og familieformer. Homofile og lesbiske karakteriserast som konvensjonelle normbrytarar.²⁹ Då blir «kjønnsdimensjonen» (to menn, to kvinner – i par) det definerande avviket.

At familie og samfunn påverkar kvarandre er også synleg i rapporten *Familiepolitikken historie* der sosiolog Gerd Vollset peikar på at familiepolitikken har blitt reformert for å famne ulike familiepraksisar, og har blitt utforma for å auke likestilling mellom ulike samlivsformer og mellom kjønna.³⁰ «Det er rammene rundt samfunnets reproduksjon som gir mandat til familiepolitikken.»³¹ Vollset peikar på at familiepolitikken ikkje berre inkluderer spørsmål om omsut for barn, men også ser på til dømes einslege sine utfordringar, samt regulering av samkjønna samliv. Slik kan familiepolitikken refererast til som «hushaldspolitik», eller «privatlivspolitik». Både *Familiepolitikken historie* og *I gode og vonde dagar* er skrivne før kjønnsnøytral ekteskapslov blei ein realitet, men skildrar partnerskapslova som likestilling mellom heterofilt og homofilt samliv. Også i kulturvitar Hilde Danielsen sin *Norsk likestillingshistorie* kjem homofile med som ei likestillingssak.³² Likestilling er altså eit viktig moment. Ei «framskriving» av Vollset sin rapport kan tolke kjønnsnøytral ekteskapslov som inkludering av homofile i «den norske familien» fordi den

²⁸Hilde Sandvik and Sølvi Sogner, *I Gode Og Vonde Dagar : Familieliv I Noreg Frå Reformasjonen Til Vår Tid*, Samlagets Bøker for Høgare Utdanning (Oslo: Samlaget, 2003).S. 12.

²⁹Ibid. S.17.

³⁰Gerd Vollset, *Familiepolitikken Historie : 1970 Til 2000*, (Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, 2011).

³¹Ibid.S.13.

³²Hilde Danielsen et al., *Norsk Likestillingshistorie 1814-2013* (Bergen: Fagbokforl., 2013).

anerkjenner barn i samkjønna familiekonstellasjonar. Lova kan då tolkast som vedtatt grunna ønskje om å sikre barn sitt beste, jamfør familiepolitikken sitt mandat. Den kan også tolkast som ein likestillingspolitisk sak då den sikrar like rettar mellom homofile og heterofile. Lova kan også tolkast som familiepolitisk pragmatikk gjennom inkludering av nye familieformer.

Kulturvitar Tone Hellesund peikar på at familiemønsteret frå etterkrigstida synast å vere eit nostalgisk ideal i samtidas debattar kring familielivet.³³ Særleg 1950- og 1960-talet var kjernefamiliens tiår med mannen som forsørgjar og kvinna som mor og husmor. Som Hellesund viser til blei dette mønsteret utfordra av faktorar som Kinsey-rapporten, og stifting av organisasjonar for einslege og for homofile.³⁴ At kjernefamilien hang att som nostalgisk ideal kan forståast som at mange sine oppfatningar og tankar om familien ikkje sto/står i samband med dei nye familiepraksisane som vaks fram.

Vollset viser til 1970-talet som ei endringstid der skilsmisser blei vanlegare, og eit nytt familieskipingsmønster vaks fram kor folk blei sambuarar og fekk barn før dei gifta seg.³⁵ Det å vere sambuar med felles barn liknar altså til forveksling på kjernefamilien, men må regulerast annleis juridisk då dei ikkje har ekteskapet som råde. Mange hadde heller ikkje eit ønskje om å gifte seg på tross av at dei fekk barn. Frå å ha teke utgangspunkt i ekteskapet som basis for lovgjevinga måtte familiepolitikken tilpasse seg, noko som blei løyst ved å tilpasse lovverket til «ekteskapsliknande forhold.» Først ut i denne «lempinga» av familiepolitikken var sambuarane som i løpet av ein lang politisk prosess fekk stort sett tilsvarende rettar som gifte.³⁶ Kjernefamilien/ekteskapet hang slik ikkje berre att som eit nostalgisk ideal, men også som mal for familiepolitikken. 21 år etter avskaffinga av §213 og §379 blei også homofile og lesbiske anerkjende som ekteskapsliknande gjennom partnerskapslova. Partnerskapslova var uttrykk for anerkjenning av homofilt og lesbisk samliv som eit ekteskapsliknande forhold, og lova regulerte homofile og lesbiske sitt samliv som tilsvarende ekteskapet med unntak for rett til adopsjon, og vigslе i kyrkja.³⁷ Som vist ved *Familiepolitikken historie* er kva relasjonar som blir anerkjend som familie ut frå statens syn blitt utvida. Familiepolitikken forstår eg derfor som eit viktig «barometer» for det norske seksuelle medborgarskapet.

³³Tone Hellesund, *Kapitler Fra Singellivets Historie* (Oslo: Universitetsforl., 2003). S.37.

³⁴Kinsey-rapporten kartla seksualvanane først til menn (1943), og deretter for kvinner (1948). Rapporten delte ikkje inn i fastlåste legningar, men presenterte menneskeleg seksualitet som eit kontinuum eller skala. Ytterpunkta på skalaen var å vende seg fullstendig mot sitt eige eller motsett kjønn seksuelt.

³⁵Vollset, *Familiepolitikken Historie : 1970 Til 2000*.S.10.

³⁶Ibid.S.73-77.

³⁷Ibid.S.224.

Det breie familieomgrepet

Jamfør forvaltinga er familie ganske smalt definert, men inkluderer rett nok fleire former enn før 1972. Det er lett å sjå at kjernefamiliedefinisjonen kan tilpassast til også å gjelde homofile par. Det problematiske ved det er at det ville kunne utelate ei rad «avvikande» familieformer og forståingar frå analysen. Sosiolog Jeffrey Weeks peikar på at «familien» er lada med kulturell, økonomisk og symbolsk mening.³⁸ I det postmoderne samfunnet ser Weeks ei utvikling mot «valfamiliar.»³⁹ Dette er nye måtar å tenke familie på, som kan inkludere parforhold, vener, kjærastar, «blodsfamilie», osv., og familiefunksjonar som omsorg, gjensidig varme relasjonar og tryggleik blir viktigare enn konstallasjonane. Dette kan ikkje det smale familieomgrepet famne.

Som kritikk av den smale familieførståinga har det kome forskning og definisjonar som betre famnar breidda i familieformene. For ein open definisjon av familie refererer eg til sosiolog David Cheal, som forstår familien som ei gruppe av menneskje som i lengre tid inngår i intime forhold.⁴⁰ Dermed kan ein familie vere både to eller fleire vaksne knytt saman i eit varig intimt forhold med eller utan barn, einslege med barn, og andre konstallasjonar av vaksne med eller utan omsorg for barn.

Kombinasjonen av Cheal og Weeks tilnærmingar refererer eg til som det breie familieomgrepet, og lener meg på dette som utgangspunkt for problemstillinga. I undersøkinga kan dermed alle intime, nære, meir eller mindre varige, og varierende konstallasjonar inkluderast. Dette unngår det som blir referert til som «the dyadic imaginary.»⁴¹ Kjernen i dette omgrepet er at parforholdet usynleggjer andre intime og seksuelle relasjonar enn paret.

Den breie familieomgrepet lar potensielt svært mange familieformer inkluderast i analysen. Som vist gir likevel familieliv innanfor rāmene av det seksuelle/intime medborgarskapet «privilegium» i form av rettar, og er også fordelaktig med tanke på bustadprisar, osv. Familiediskusjonane inkludert i analysen må derfor handle om klare emosjonelle, økonomiske, tryggleiks, eller andre familiefunksjonar for medlemmane. Eg har også valt å

³⁸Jeffrey Weeks, Brian Heaphy, and Catherine Donovan, *Same Sex Intimacies : Families of Choice and Other Life Experiments* (London: Routledge, 2001).S. 9S. 9.

³⁹Weeks nyttar omgrepet Families of Choise, mi oversetting.

⁴⁰David Cheal, *Sociology of Family Life* (Basingstoke: Palgrave, 2002).S.4.

⁴¹Danielle Antoinette Hidalgo, Kristen Barber, and Erica Hunter, "The Dyadic Imaginary: Troubling the Perception of Love as Dyadic," in *Bisexuality and Same Sex-Marriage*, ed. M. Paz Galupo (New York: Routledge, 2009). S.35.

fokusere på diskusjonane kring homofiles egne familieskipingar, slik at forholdet til biologiske familie/opphavsfamilie er utelatt frå analysen. Til dømes har det har eksistert egne grupper for foreldre til homofile og lesbiske barn, men ei analyse av desse ville krevje annan tilnærming og problemstilling.

Eigne familieskipingsmønster?

Som bidraga frå Giddens generelle sosiologiske teori, forskning på det seksuelle/intime medborgarskapet samt bidraga frå forskning knytt til familie viser, har samfunnet utvikla seg i retning av større valfridom i familielivet. Som antyda i innleiinga har utviklinga gjort at homofile og lesbiske kan stifte familiar med statens anerkjenning. Men korleis var familieskipingspraksisen før dette blei mogeleg? Antropolog Kath Weston lanserte omgrepet valfamilien i boka *Families we Choose*, basert på studie av «gay families» i San Francisco-området.⁴² Weston ser homomiljøet som grunnlaget for identitetspolitikken/rettigheitskampen kor homofile har presentert seg som «etnisk» minoritet og subkultur.⁴³ Homomiljøet har altså fungert som eit minste felles multiplum som homokamp er basert på. Frå byrjinga inneheldt homomiljøet ei rad ulike livsstilar og identitetar. Familielivet var ikkje til attrå for alle medlemmane i homomiljøet, og dei i familiekritisk posisjon ønska ikkje naudsynt familierettar som kampsak. Sjølv innanfor den familievennlege posisjonen vil «tradisjonelle familiekonvensjonar» som samansetting av familien, monogamt/ikkje-monogamt samliv, arbeidsfordeling i hushaldet osv., levast ut i varierende grad. Det kan også gje opphav til ulike ønskjer for kva retning homorørsla sin familiepolitikk skulle gå.

Weston peikar på utforskaren mange homofile har kjent på i høve til kjernefamilien. Homofile «Kome ut»-historiar nyttar Weston for å vise at avsløring av seksuell identitet kan bryte biologiske band ved at antagonisten «kastast ut» av familien i sosial (og av og til også fysisk) forstand. Homofile og lesbiske har derfor skipa egne valfamiliar og knytt tette sosiale band som erstatning for slektskapsband. I norsk samanheng er ei studie av dette utført av Andersen i hovudfagsoppgåva *Coming out - coming home, vennskap som sosial strategi*.⁴⁴ Nettopp vennskapet som sosial strategi er sentralt både for Weston og Andersen då det sikrar eit sosialt nettverk.

⁴²Kath Weston, *Families We Choose : Lesbians, Gays, Kinship, Between Men - between Women* (New York: Columbia University Press, 1991). Weston nyttar omgrepet «families of choise,» mi oversetting.

⁴³Weston nyttar omgrepet “community” (mi oversetting). Ibid. S.123.

⁴⁴Arnfinn J. Andersen, "Coming out, Coming Home. Vennskap Som Sosial Strategi" (Oslo, 1987).

Historikar John D'Emilio argumenterer i artikkelen «Capitalism and gay identity» for at historia om homorørsla er mytebasert.⁴⁵ Myta handlar om gangen frå løynd til openheit, og myta om «den evige homoseksuelle.»⁴⁶ D'Emilio argumenterer for at den homoseksuelle slik vi kjenner den i dag er eit produkt av spesifikke historiske faktorar. Det er særleg sosioøkonomiske faktorar som blir trekt fram, og ein vesentleg faktor er at familien blei tømt for funksjonar den hadde før kapitalismen blei dominerande. Som i utvala frå norsk familieforskinga peikast dei sosioøkonomiske endringanes følgjer for privatlivet ut som avgjerande.

«Ideologically, heterosexual expression came to be a means of establishing intimacy, promoting happiness, and experiencing pleasure. In divesting the household of its economic independence and fostering the separation of sexuality from procreation, capitalism has created conditions that allow some men and women to organize a personal life around their erotic/emotional attraction to their own sex.»⁴⁷

Både bidraga frå norsk familieforsking og i D'Emilio si tilnærming trekkast dei samfunnsøkonomiske tilhøva fram. D'Emilio peikar også på at til tross for at kapitalismen har skapt eit rom kor lesbiske og homofile kunne eksistere, har den også gjort at “[...] lesbians, gay men, and heterosexual feminists have become the scapegoats for the social instability of the system.”⁴⁸ Ustabiliteten D'Emilio peikar på er ein opplevd ustabilitet når dei tradisjonelle banda forsvinn. Derfor har det vore snakka om ei familiekrise, som kan skuldast på homofile, lesbiske og feministar. Dette er fordi dei ideologiske aspekta ved familien som eit kjærleg fellesskap har blitt viktigare ved svekkinga av familien som eit produksjonsfellesskap. D'Emilio hevdar at dei fleste homofile menn og lesbiske kvinner er «[...]excluded from families[...].»⁴⁹ Det kan vere verdt å merke seg at teksten til D'Emilio første gong vart publisert i 1983, og det har skjedd mykje på homofronten sidan den gong. D'Emilio ser for seg eit samfunn der autonomi og tryggleik sameksisterer, og peikar på viktigheita av skiping av emosjonelle einingar som sikrar homofile og lesbiske eit støttenettverk.⁵⁰ Utan «tvingande» slektskaps- og familieband kan autonomi og tryggleik slik ivaretakast gjennom sjølvvalt tilknytning.

⁴⁵John D'Emilio, "Capitalism and Gay Identity," in *The Lesbian and Gay Studies Reader*, ed. Henry Abelove, Aina Barale Michèle, and David M. Halperin (New York London: Routledge, 1993).S.467-476.

⁴⁶D'Emilio nyttar omgrepet «eternal homosexual,» (Mi oversetting).Ibid.S.468.

⁴⁷Ibid.S.470.

⁴⁸Ibid.S.473.

⁴⁹Ibid.S.475.

⁵⁰D'Emilio nyttar omgrepet «affectional community» (Mi oversetting).Ibid.S.475.

Det Weston, Andersen og D'Emilio peikar på er bygging av familiar i mangel på statens anerkjening for slik å sikre tryggleik igjennom sosiale nettverk. Sosiolog Henning Bech ser artikkelen «Report From a Rotten State» nærare på debatten som følgde då Danmark som det første landet i verda innførte si partnerskapslov i 1989.⁵¹ Grovt sett delte debatten seg i to «[...] fundamentally opposed sets of principles and values: «traditionalist» ones on God, nature, and family, versus “modern” ones on liberty, equality and justice.»⁵² Bech ser homoseksualitet som ein «form of life» som har utvikla seg i respons til spesifikke samfunnstilhøve, mykje på same måte som D'Emilio.⁵³ Partnerskapslova kan slik forståast som ei tilnærming mellom heteroseksuell og homoseksuell eksistens, og medføre at homoseksuelle og heteroseksuelle blir likare kvarandre, eller som Bech påpeikar: «[...] arguments on the radical «difference» and «otherness» of *the homosexuals* may not appear too convincing, as «the heterosexuals» are becoming increasingly like them.»⁵⁴

«Vennskapsfamilien» forstått som respons på sosiale tilhøve slik Weston, Andersen og D'Emilio gjer, betyr at rasjonalet for å skipe slike familienettverk også kan forsvinne ved endra sosiale tilhøve. Det kan også forståast som uttrykk for at vennskapsfamilien har blitt eit meir allment fenomen, og at måten heterofile skipar nettverk og familie i aukande grad liknar dette. Andersen skildrar ambivalensen i vennskapsfamilien, sjølv om venene var den mest stabile faktoren i informantanes liv, var draumen om å «[...]leve et liv innenfor rammen av det heteronormale med partner og felles bopel[...]» sterkt tilstades.⁵⁵ Viss ein set vennskapsfamilien og parforholdet opp mot kvarandre, og begge er døme på varige intime relasjonar, kan det stillast spørsmål ved kva som skil parforholdet frå vennsksforholdet. Å oppretthalde vennskap og parforhold som to avskilte uttrykk for intimitet bidreg ifølgje Andersen til å oppretthalde «hegemoniet til den heteronormative seksualitetsordningen.»⁵⁶ Andersens omgrep «lystfellesskap» famnar eit breitt spekter av nære relasjonar, og kan inkludere «[...]familie- og fellesskapsformer som organiseres både innenfor, utenfor og på

⁵¹Henning Bech, "Report from a Rotten State - "Marriage" and "Homosexuality" in "Denmark", in *Modern Homosexualities : Fragments of Lesbian and Gay Experiences*. Hoboken, Taylor and Francis., ed. Ken Plummer (Hoboken: Taylor and Francis, 1992).

⁵²Ibid.S.137.

⁵³Ibid.S.139.

⁵⁴Ibid.S.144.

⁵⁵J. Andersen Arnfinn, "Fra Heteroromantikk Til Mangfoldige Lystfellesskap - Intimitetens Endrede Organisering," *Tidsskrift for kjønnsforskning* 35, no. 01 (2011).S.9.

⁵⁶Ibid. S.13.

tvers av alminnelig anerkjente former for samliv, og inkludere ulike kombinasjoner av intimiteter, det være seg kroppslig eller ikke.»⁵⁷

Intimitetens tyranni?

Med omgrepet «intimitetstyranniet» forstår sosiologen Richard Sennets skiljet mellom privat og offentlig liv som brote ned, slik at alt forståast ut frå forventningar til personlege relasjonar.⁵⁸ «Intimitetens tyranni» slik eg forstår det her spelar på at spesifikke oppfatningar av kva intimitet er for noko kan setje opp kunstige skilje mellom intimitetar, eit vesentleg poeng i Andersens artikkel. Dersom forskning ikkje tek innover seg «normerande prosessar» vil utgangspunktet basere seg på heteroseksuelle parforhold og familie.⁵⁹ Basert på Andersens omgrepsfornyng med omgrepet «lystfellesskap,» er det viktig å sjå på dei normerande prosessane for intimitet, og kvifor den seksuelle relasjonen blir distinksjonen mellom parforholdet som ein særeigen intimitet og vennskapet som særeigen intimitet. Jamfør Sogner sitt omgrep «konvensjonelle normbrytarar,» der samansettinga av paret (to menn, to kvinner) blir det det definerande «avviket.»⁶⁰ Med ei slik forståing definerer heteroseksualiteten kva som er «normalt,» og hindrar synleggjering av andre måtar å gjere intimitet på, som blir ei rettesnor for familiepolitikken.

Det Queer-teori – eller skeiv teori som det gjerne omtalast som på norsk – kan bidra med er å synleggjere normer gjennom dekonstruksjon av omgrep. Eit viktig omgrep i denne retninga er heteronormativitet, som kjønnsforskaren Åse Røthing forstår som siktande til det som får heterofili til å så fram som naturleg, riktig og sjølvsgagt.⁶¹ Trine Anfeldt har sett nærare på korleis det heteronormative vidareførast i nye familieformer i sin analyse av offentlege dokument.⁶² Det mest aktuelle for mi tilnærming er at Anfeldt konkluderer med at «[...]elementer i den heteroseksuelle logikken tilpasses slike nye familiemønstre og lever vidare i og gjennom disse.»⁶³ Spørsmålet er då om heteronormativitet lev vidare i LHBT-befolkninga sine familieskipingar. Andersen konkluderte i «Det norske seksuelle medborgerskap» at: «Fra myndighetenes side har parforholdet og det heteronormale fått styrket sin stilling i det norske samfunnet i en tid hvor mønstrene for samliv er blitt mer

⁵⁷Ibid.S.14.

⁵⁸Richard Sennett and Eivind Tjønneland, *Intimitetstyranniet*, vol. 11, *The Fall of Public Man* (Utdrag Fra Del Iv) (Oslo: Cappelen, 1992).S.140-141.

⁵⁹Arnfinn, "Fra Heteroromantikk Til Mangfoldige Lystfellesskap - Intimitetens Endrede Organisering."S.4.

⁶⁰Sandvik and Sogner, *I Gode Og Vonde Dagar : Familieliv I Noreg Frå Reformasjonen Til Vår Tid*. S.5.

⁶¹Røthing, 2014. *Selektiv inkludering og fravær av sex*, 41.

⁶²Anniken Anfeldt, "Heteronormal Nok? Heteronormering Som Veileder for Norsk Familiepolitikk," in *Når Heteroseksualiteten Må Forklare Seg*, ed. Agnes Bolsø (Oslo: Tapir akademiske forlag, 2007).

⁶³Ibid.S.122.

sammensatte.»⁶⁴ Den kulturelle konstruksjonen kor paret står fram som naturleg styrkast då gjennom lovgjevinga.

Historikar Jens Rydström ser i boka *Odd Couples* statens aksept av samkjønna par som ein tostegsprosess, først med anerkjening av *paret*, og deretter av regnbogefamiliane i dei skandinaviske samfunna.⁶⁵ I norsk samanheng blir trinna partnerskapslova frå 1993 (paret) og kjønnsnøytral ekteskapslov frå 2008 (regnbogefamiliane). Rydström kartlegg genealogisk kvifor regnbogefamilien får bli ein del av familieførståinga i dei skandinaviske samfunna. Som nemnt i innleiinga gjekk homofile frå ein løynd subkultur til anerkjening som familie. Rydström gir også merksemd til meir «radikale» røyster, dei som ikkje ville ha rett til familieskiping, og som har gått imot «normalisering» og faste parforhold. Rydström peikar på at LHBT-miljøet gjennom statleg anerkjening har gått frå «usømmeleg» til disiplinert.⁶⁶ Som i Andersens tilnærming til det seksuelle medborgarskapet skipar praktisering av samliv eit «innanfor» og eit «utanfor» med tanke på medborgarskapsrettar.

«Disiplinen» Rydström peikar på siktar til at statens familiepolitikk utøver «makt» på familiefeltet. I antologien *Norske seksualiteter* visast det til biopolitikk, eit omgrep henta frå filosof/idéhistorikar Michel Foucault.⁶⁷ Biopolitikk siktar til regulering og kontroll knytt til biologiske prosessar, t.d. det å få barn. Familiepolitikken skipar derfor eit viktig bakteppe for homorørsla si forståing av - og haldningar til – familie. Kritisk blick på dei normerande prosessane og dei normative føringane for familielivet vil synleggjere om homorørsla har vore ein radikal aktør med eigne familiepolitiske mål, eller om rørsla tvert i mot har tilpassa seg den statlege familiepolitikken.

Metode

Formålet med oppgåva er å gripe homorørsla si haldning til og forståing av familie. Formålet med metodekapittelet er å gje ei framstilling av korleis dette kan gripast i kjeldematerialet og med det gje grunnlag for analyse. Det metodologiske fundamentet for framstillinga er inspirert av fleire ulike teoretikarar og innfallsvinklar, og vil ha representasjons-, omgreps- og diskursanalytiske trekk. Eg vil først gå inn på representasjonsanalyse – og med det språket si rolle. Deretter vil eg sjå på omgrepshistorie, som ser og forklarar omgrep si historiske endring over diakron og synkron dimensjon – dvs. at historisk tid og samtid påverkar og kan forklare

⁶⁴Andersen, "Det Norske Seksuelle Medborgerskap."S.139.

⁶⁵Jens Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia* (Amsterdam: Uitgeverij Aksant, 2011), elektronisk ressurs :.S.13. Rydström brukar omgrepet «rainbow-families.»

⁶⁶Rydström nyttar omgrepa «LGBTcommunity» og «decency» (Mi oversetting). Ibid.S.176.

⁶⁷Åse Røthing and Wencke Mühleisen, *Norske Seksualiteter* ([Oslo]: Cappelen akademisk forl., 2009).S.15.

omgrep. Deretter vil eg gå inn på diskursanalytiske trekk ved framstillinga, som utbroderer det omgrepshistoriske ved å analysere omgrep ut frå det semantiske – kva har eit omgrep betydd i si samtid?

Representasjon

I følge Andresen et. al. vil ei representasjonsanalytisk tilnærming gå ut frå tanken om at fokus på korleis fortidig røyndom blei avbilda i si samtid kan gje informasjon om den aktuelle samtida.⁶⁸ Homorørsla si dekning av familie i eigne medium er det sentrale utgangspunktet for analysen. Ut frå det Andresen et.al. peikar på, må det kommuniserte i kjeldene gripast for sin samtidsverdi, og det er derfor naturleg å sjå på det kommunikative aspektet i kjeldene.

Avisene i utvalet er kommunikative kjelder, dvs. at dei bringer ein budskap til lesaren. «Ideallesaren/-mottakaren» var menneska i homorørsla. Slik blei avisene ein viktig nyhendekanal, og også eit viktig forum for debatt kring ulike problemstillingar. Kommunikasjonsaspektet gjer at desse kjeldene kan sette lys på homorørsla si forståing av familie i den aktuelle tida. Dette fordi kommunikasjon baserar seg på felles kulturelle kodar.⁶⁹ Menneske innanfor same kulturen har ganske like konseptuelle kart og kan derfor via språket kommunisere meiningsfullt med kvarandre. Eit konseptuelt kart er eit nettverk av mentale representasjonar med klare grenser mellom representasjonane, slik at vi kan forstå og oppfatte skilnad. Språk og konseptuelle kart fungerer saman, men står ikkje i eit fiksert og statisk forhold til kvarandre.

For å regulere sambandet mellom språk og konseptuelle kart treng vi kulturelle kodar som mogeleggjer at språket namngir ein spesifikk representasjon i det konseptuelle kartet, og lar mottakaren knytte det språklege uttrykket til ein samsvarande representasjon. I lesing av ei avis som Løvetann vil kommunikasjonen av saker omhandlande familie basere seg på artikkelforfattaren og mottakaren si felles kulturelle oppfatning av familie. Det vil ikkje seie at det ikkje kan vere usamsvarande tankar kring kva som konstituerer ein familie til ei kvar tid, men ved å nytte dette ordet vil det vekke visse assosiasjonar hjå begge partar, og inngår slik i ei meiningsutveksling og «meiningsforhandling.»

Meiningsforhandling i kommunikasjon gjer homomedium til ei interessant kjelde då dei synleggjer ein del av denne kommnikasjonsprosessen. Det baserer seg på sending og

⁶⁸Astri Andresen, *Å Gripe Fortida : Innføring I Historisk Forståing Og Metode*, Samlagets Bøker for Høgare Utdanning (Oslo: Samlaget, 2012).S.104.

⁶⁹Stuart Hall, *Representation : Cultural Representations and Signifying Practices*, Culture, Media and Identities (London: SAGE in association with The Open University, 1997).

mottaking av budskap, og ytringar fungerer dermed som handlingar. Mottakinga av budskapen kan vere vanskeleg å få fatt på all den tid ulike lesarar vil ta i mot budskapen forskjellig, samt at kjeldematerialet går attende til ei fortid det er umogeleg å ha fullstendig innsikt i. Avisene synleggjer til dels mottakinga av kommunikasjonen ved å ha debattspalter som tematiserer dei aktuelle tematikkane og problemstillingane. Dette gjorde seg til dømes gjeldande då partnerskapslova blei innført, kor det kom debattinnlegg frå lesarane som synleggjorde ulike ståstader, meiningar om, og forståingar av lovreformene.

For å få innsikt i kva representasjonane betyr, kan det sjåast nærare på argumentasjonen i kjeldene. I følgje idèhistorikar Quentin Skinner kan det skiljast mellom tre meiningsnivå.⁷⁰ Det første nivået er logosentrisk, dvs. at orda si meiningsbæring blir sentralt. Denne tilnærminga gir ikkje kunnskap om meininga bak det kommuniserte. Det andre nivået ser på kva teksten faktisk betyr for meg, kva t.d. historikaren tolkar teksten som. Det tredje meiningsnivået i ein tekst finn ein ved å spørje: «what does the writer mean by what he or she says in a given text?»⁷¹ I følgje Skinner er det å finne intensjonen sentralt av fleire grunnar. Ein tekst vil lesast forskjellig om vi veit at den er skriven for å provosere, eller om den er skriven for å underhalde. Skinner set også opp eit skilje mellom motiv og intensjon – der *motivet* for å skrive er faktorar utanfor verket i seg sjølv. Skinner set opp eit skilje mellom forfattarens perlokusjonære og illokusjonære intensjonar – det første refererer til å skape ein spesifikk respons hjå lesaren, t.d. ulike emosjonelle responsar. Det andre, og viktige for å finne kva forfattarens intensjon var, inneberer å sjå nærare på kva ein forfattar meinte med å skrive på ein spesiell måte. Det betyr i følgje Skinner eit fokus på argumentasjonen i teksten – å sjå nærare på om den var eit angrep på noko, om den førte seg inn ei spesifikk argumentasjonsrekke, osv., altså tekst som handling.

Eit likt omgrep kan gjerne også bli forstått og brukt annleis frå ei tid til ei anna. Dette kan også inngå som politisk strategi. Omgrephistorie kartlegg, gjennom å vise til semantisk fortid og framtid, måten omgrep blir brukt på historisk.⁷² Eit vesentleg moment er at semantikken – dei leksikalske tydingane – endrar seg historisk. Eit anna vesentleg moment er at bruk av omgrep inngår i kamp om definisjonsmakt over konsept. Nyord kan slik nyttast for å omdefinere eit konsept. Semantikk får her også ein historisk dimensjon ved at fortid og

⁷⁰Quentin Skinner, *Visions of Politics* (Cambridge: Cambridge University Press, 2002). Det følgjande avsnittet er basert på S. 90-102.

⁷¹Ibid.S.93.

⁷²Reinhart Koselleck, *Futures Past on the Semantics of Historical Time* (New York: Columbia University Press, 2004), elektronisk ressurs :. Det følgjande avsnittet er basert på S.75-92. Koselleck nyttar omgrepet *begriffsgeschichte*, mi oversetting.

framtid kan aktualiserast ved bruk av ordet. Til dømes har omgrepa homofili og homoseksualitet overlappende semantisk tyding, og bruken av dei kan nyttast strategisk. Homofili var ein neologisme som skulle gi assosiasjonar til kjærleik mellom to av same kjønn. Omgrepet homoseksualitet vart slik oppfatta som å legge sterkare vekt på det seksuelle mellom to av same kjønn. Å nytte enten homofili eller homoseksualitet kan dermed vere eit strategisk uttrykk. Å omtale «dei homoseksuelle» framfor «dei homofile» kan gje ganske forskjellige assosiasjonar, og ein slik strategi nytta DNF'48 då dei introduserte og forklarte omgrepet homofili i brosjyra «Hva vi vil» frå 1951.⁷³ Då ville DNF'48 mellom anna snu fokuset vekk frå seksualitet til kjenslene mellom to av same kjønn.

Som debattforum «snakka» gjerne dei ulike innlegga i homomedium til kvarandre ved at dei refererte til kvarandre og det blei argumentert ut frå skilde posisjonar. Eit tenkt døme kunne vere ein debatt om surrogati med to definerte sider i debatten – for og i mot surrogati. Debatten fann stad i t.d. nettstaden *Gaysir* sine debattsider over eit halvår, kor dei ulike sidene svarte på kvarandre sin argumentasjon og argument for og i mot. Motivet (det perlokusjonære) for teksten blei dermed eit motsvar, men *intensjonen (det illokusjonære)* blir å føre ein argumentasjon som overtyder om at ein person eller ei gruppes syn på saka var det riktige. Moment å gripe fatt i med teksten vil då vere argumenta som blir dratt fram som valide for saka debattert, svar på motstandarens argument, definisjonar, og problemforståing, og ord og omgrep brukt.

Diskurs

Identifisering av det illokusjonære aspektet i tekstane vil synleggjere ulike måtar å plassere seg i familiediskursen på. Fokuset har til no låge på framstillingane av familie for å gripe korleis familie blei forstått. «Diskursanalyse er interessert i kva det er mogleg å seie i ein bestemt historisk situasjon, «moglegheitsvilkåra» for dei språklege ytringane.»⁷⁴ Analyse av diskursen kan bidra til å kontekstualisering av kjeldene.⁷⁵ Dette fordi diskursanalyse kan gripe «[...] samfunnet og den kulturen som er til stades i teksten.»⁷⁶ Ein kan då tenke seg ytringar som passive refleksjonar av diskursen, som skapar eit metodisk problem i korleis familieførståing i homorørsla skal analyserast. Stuart Hall viser til den vanlege misoppfatninga at Michel Foucault sitt viktige bidrag i diskursanalyse viskar ut subjektet som

⁷³Skeivtarkiv.no, "Dnf'48s Første Brosjyre," Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/dnf-48s-forste-brosjyre>.

⁷⁴Andresen, Å *Gripe Fortida : Innføring I Historisk Forståing Og Metode*.S.112.

⁷⁵Ibid. S.109.

⁷⁶Ibid. S.110.

autonomt og koherent.⁷⁷ Hall peikar på at subjektet er «underlagt» samtidas forståingsrårer, det Foucault kalla *epistemet*.

Foucault sitt epistemeomgrep siktar til at vår kunnskap, tenkemåte, verdssyn, osv. er forma av diskurs.⁷⁸ Ved å sjå på kva som var mogeleg å seie om familie i homorørsla over den definerte tidsperioden kan familiediskursen i homorørsla avdekkast. På denne måten kan eventuelle diskursive skift sporast. Ein sak frå 1973 vil gjerne ha andre implisitte forståingsrårer, argument, måtar å snakke om familie på, osv., kontrastert med ein sak frå 2007. For å kontekstualisere desse forståingane vil eg supplere med sekundærlitteratur, som kan gje bakgrunn for dei ulike posisjonane.

Kjeldene

Utvalde «homotidsskrift» er å rekne som hovudkjeldene for framstillinga. Omgrepet homotidsskrift er å forstå som dei største tidsskrifta assosiert med homorørsla i perioden. Historikaren Nils Johan Ringdal skildrar i *Løvetann*-artikkelen *Pornografi og AIDS, discoliv og barrikadekamp. Norsk homopresse 1973-1987* dei tre tidsskrifta *Fritt Fram*, *Løvetann*, og *My friend* som dei viktigaste magasinane i norsk homopresse, forutan ei rad andre magasin og aviser av meir intern og lokal karakter.⁷⁹ Sett vekk frå *My friend* av meir halvpornografisk karakter vil eg nytte *Fritt Fram* (avis) og *Løvetann* (kulturmagasin), og *Blikk* (avis) som kjelder til homorørsla si familieførståing. Desse tre vender seg til eit breitt publikum i homorørsla, i motsetnad til for eksempel *My Friend*, som berre vendte seg til menn.⁸⁰ Utvalet representerer dermed «breiddetidsskrift,» og sikrar at både homofile og lesbiske, seinare bifile og transpersonar er representerte. Dersom problemstillinga til dømes spesifiserte familieførståing hjå menn eller kvinner kunne andre tidsskrift vere betre val.

Materialet hentar eg frå samlingane ved Skeivt Arkiv. Arkivet formidlar, dokumenterer og tek vare på skeiv historie i Noreg.⁸¹ Skeivt Arkiv har ei omfattande liste over skeive tidsskrift, og påpeikar at *Fritt Fram*, *Løvetann* og *Blikk* har vore dei viktigaste papirmedium.⁸² Å nytte tidsskrift med smalare geografisk-, sosial-, erotisk-, identitets- eller kjønnsknytning ville krevje ei anna problemstilling og gje andre svar. Skeivt Arkiv har også ei rad personarkiv frå

⁷⁷Hall, *Representation : Cultural Representations and Signifying Practices*.S.55.

⁷⁸Michel Foucault, *Archaeology of Knowledge*, Routledge Classics (London: Routledge, 2002). S.211.

⁷⁹"Løvetann."Nr.3,1987,S.26.

⁸⁰Ibid.S.32.

⁸¹Skeivtarkiv.no, "Om Skeivt Arkiv," Skeivt arkiv, <http://skeivtarkiv.no/om-skeivt-arkiv>. Lest 09.05.2016.

⁸²"Skeive Tidsskrifter," Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/norske-skeive-tidsskrifter>. Lest 25.04.2016

viktige personar i den norske homokampen, t.d. frå Marit Myking, aktiv i AHF og andre organisasjonar.⁸³

Fritt Fram kom ut i perioden 1974 til 1982, og frå 1984 til 1990, altså med eit kort avbrot i 1983. Undervegs endra bladet/avisa relasjon til homorørsla, og den endra særleg frå og med 1984 både stil og innhald. I følgje Skeivt arkiv var *bladet* direkte underlagt DNF'48 sitt landsstyre i perioden fram til 1982.⁸⁴ Frå 1984 blei *avisa* gitt ut på månadsbasis, og med ein uavhengig redaksjon. Frå og med 1984 og til nedleggingstidspunktet var Arne Walderhaug redaktør. I 1987 hadde avisa eit opplag på ca. 6000.⁸⁵ Sjølv om avisa blei uavhengig, dekkar den i større grad DNF'48 sine standpunkt enn AHF. Fleire namn i redaksjonen går att fram til 1982 og etter 1984.⁸⁶ Avisa fekk fleire lesarar frå 1984, og det er derfor grunn til å tru at endra format og meir materiale knytt til saker utanfor DNF'48 tiltrekte seg fleire lesarar, lesarar som i mindre grad var knytte til DNF'48. Stoff særleg knytt til DNF'48 gjorde seg likevel framleis sterkt gjeldande fram til nedlegginga av avisa.

Løvetann kom ut i perioden 1977-2003, først direkte knytt til AHF, og blei seinare utgitt av eit uavhengig redaksjonskollektiv etter samanslåinga av DNF'48, AHF og ei rekke andre organisasjonar til LLH i 1992.⁸⁷ *Løvetann* er interessant då det magasinet grunna sin lange levetid kom ut i både *Fritt Fram* og *Blikk* sine utgjevingsperiodar, og utviser både sams og distinkte trekk samanlikna med dei andre tidsskrifta i utvalet. Magasinet hadde i 1987 eit opplag på 1800.⁸⁸ Magasinet fokuserte særleg på djuptgåande, akademisk retta artiklar, samt kulturreportasjar for litteratur, musikk, osv. knytt til LHBT. Denne profilen ser magasinet ut til å ha reindyrka, særleg etter samanslåinga av organisasjonane. Dette kan ha vore uttrykk for både preferansane til redaksjonskollektivet som dreiv magasinet, samt magasinets lesarar, som kan ha satt pris på eit alternativ til «dei vanlege» homotidsskrifta.

Blikk er per i dag eit månadsmagasin, tidlegare avis.⁸⁹ Tidlegare redaktør for *Fritt Fram*, Arne Walderhaug, skipa ifølgje Skeivt Arkiv *Blikk* som Noregs første uavhengige avis for homofile og lesbiske.⁹⁰ Uavhengig tyder her altså organisasjonsuavhengig, i motsetnad til *Fritt Fram* og *Løvetann* som i delar av sine utgjevingsperiodar var knytt direkte til

⁸³"Arkiver," Skeivt Arkiv, <http://katalog.skeivtarkiv.no/collections>. Lest 15.05.2016.

⁸⁴"Fritt Fram," Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/fritt-fram>. Lest 25.04.2016

⁸⁵"Løvetann."Nr.3,1987,S.30.

⁸⁶"Fritt Fram," *Fritt fram* 1974-1990. Sjå t.d. Nr.3,1981,S.3, Nr.4,1984,S.4.

⁸⁷"Løvetann," Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/lovetann>. Lest 25.04.16

⁸⁸"Løvetann."Nr.3,1987,S.29.

⁸⁹BLIKK, "Om Blikk As," BLIKK AS,

http://www.blikk.no/index.php?option=com_k2&view=item&id=4863.Lest 15.04.16

⁹⁰Skeivtarkiv.no, "Fritt Fram". Lest 15.04.16

homoorganisasjonar. *Blikk* hadde i 2015 eit opplag på ca.4000.⁹¹ Samanlikna med *Fritt Fram* gjekk lesartalet litt ned, men i utgjevingsperioden til *Blikk* har nettpublisering blitt stadig viktigare, slik at lesartalet ikkje er direkte samanliknbart. Eg har valt å fokusere på dei trykte utgåvene. I mesteparten av avisa/magasinetts levetid har homoorganisasjonane vore samla i LLH, og ingen politiske preferansar mellom dei ulike homoorganisasjonane gjorde seg derfor gjeldande. *Blikk* hadde som nemnt same redaktør som *Fritt Fram*, og mange av bidragsytarane var dei same også her. Det kanskje viktigaste skiljet kom når *Blikk* frå 2001 kom ut i magasinformat. Det var då færre «kjende namn» frå den tidlegare homopressen i redaksjonen, og magasinet vart meir «glossy.»⁹² Frå denne tid var det slutt på trykking av homoorganisasjonanes landsmøter og liknande. Det kan vere uttrykk for at både lesarmassen og redaksjonen hadde endra seg i den forstand at homoorganisasjonane ikkje blei opplevd som like relevante lenger.

Metodiske merknader

Utvalet av homotidsskrift gir eit samanhengande kjeldemateriale frå 1973 til 2008. Innanfor rāmene av ei mastergradsoppgåve er kjeldematerialet for omfattande til at alt skal kunne nyttast på lik måte i analysen. Jamfør problemstillinga er der også ein del tematikkar og diskusjonar i homorørsla som har berøringspunkt til familietematikken, eller går inn på komplekse saksfelt det vil vere vanskeleg å kunne yte rettferd innanfor rāmene av mastergradsoppgåve.

Tidsskrifta inneheld ei rad ulike teksttypar – leiarartiklar, artiklar, kronikkar, lesarbrev, skjønnlitteratur, poesi, kulturstoff, faksimiler, biletmateriale, annonser, og kontaktannonser. Jamfør problemstillinga har eg valt å nytte leiarartiklar, artiklar, kronikkar og lesarbrev. Som kjelde er desse teksttypene lette å kontekstualisere då dei gjerne fører seg inn i aktuelle debattar i homorørsla. Slik vil ulike sider – og dermed ulike forståingsrāmer/innstillingar til familie – kunne identifiserast. Dei er også argumenterande tekstar, og jamfør Skinner vil det å finne intensjonen i kjelda styrke empirien. Annonser og faksimiler ville kunne synleggjere ein del organisasjonsaktivitet, internasjonal aktivitet og liknande, men dei er ikkje argumenterande kjelder på same vis som dei utvalte teksttypene.⁹³ Å nytte dei ville krevje

⁹¹Personleg kommunikasjon i E-post frå Helle Aasand, 07.05.15.

⁹²"Blikk," 1990-2008.Nr.2,2001,S.7.

⁹³Avisene/magasinet har hatt ulik praksis kva gjeld kontaktannonser, reklameannonser og faksimiler. Desse varierer stort i omfang – og i måten dei er publisert i avisene. I somme utgåver er til dømes faksimilane samla på same side – med kommentarar til – og er dermed meir å forstå som artiklar. Somme gonger er faksimilane spreidde ut i avisa, og berre i varierende grad kommentert/omskrivne.

annan problemstilling og metode. Mi metodiske tilnærming er heller ikkje egna til å nytte kontaktannonsane.⁹⁴ Skjønnlitteratur er heller ikkje nytta. Biletmateriale nyttast unntaksvis.⁹⁵

For å kunne identifisere dei ulike debattane og hovudtrendane i materialet, har det vore naudsynt med ein kronologisk og fullstendig gjennomgang av materialet. Jamfør den historiske metoden har eg kategorisert tre hovudtematikkar basert på posisjon i debatt kring familie. Det betyr at rasjonale, argumentasjon, og ståstad i debatten skil tematikkane frå kvarandre. Likevel er ikkje tematikkane eksklusive kategoriar utan berøringspunkt til kvarandre. Under presentasjon av kvar tematikk vil dei forklarast, og deira relasjon til kvarandre bli klargjort. Dei tre tematikkane er *radikal familiekritikk*, *barnepolitikk*, og *likestillingstematikk*.

Tematikkane

Dei tre hovudtematikkane er valt ut på bakgrunn av preliminær gjennomgang av kjeldematerialet. Det er desse tre temaområda som peikar seg ut som dei mest sentrale i desse debattane kring familie. Eg gjekk først kronologisk igjennom materialet, og kategoriserte etter spesifikke familiepolitiske saker som samlivsregulering, adopsjon, inseminasjon, omsorgssaker, ekteskapskritikk, patriarkatskritikk, osv. Det viste seg at rasjonale og argumentasjon gjekk att i fleire av sakene. Til dømes er det i sakene knytt til barnepolitikk ein kontinuitet som klart kjem til syne ved denne måten å kategorisere på. Tidleg på 1970-talet var dei lesbiske mødrene redde for å misse omsorgsretten for barna sine, samt at det var eit ønskje om å synleggjere at også lesbiske hadde barn, og var like gode foreldre som alle andre. Frå 1980-talet og framover dreia langt fleire saker seg om adopsjon og inseminasjon, kor ein viktig del av argumentasjonen baserte seg på at homofile og lesbiske allereie var i foreldreposisjon, og var like gode foreldre som alle andre. Ved ei oppdeling av inseminasjon, inseminasjon og omsorgsrett i eigne kategoriar kunne denne kontinuiteten i argumentasjonen bli oversett.

⁹⁴Som generell merknad til annonsane, gjer dei eit interessant bilete av familieskiping i homomiljøet. Til dømes annonserast det etter sæddonorar, helgefedrar, potensielle mødrer, besteforeldre, osv. Desse annonsane viser at familieskiping har skjedd uavhengig av lovgjeving og rørsle standpunkt gjennom heile homokampen. Mi metodiske tilnærming er ikkje eigna til å analysere desse, då metoden er basert på argumentasjon, strategi, og ulike fraksjonar i rørsle. Inkludering av annonsane ville krevje annan problemstilling, og metode.

⁹⁵Biletmaterialet har latt seg nytte der det er nytta som illustrasjon i dei utvalte teksttypane. Der bileta har stått utan forklaring og openbar samanheng med tekst som *forklarer/illustrerer* biletet er mi metodiske tilnærming lite egna til å nytte seg av dei som kjelde.

Radikal familiekritikk famnar teksttypar der familieomgrepet tematiserast i heteronormativitets-, patriarkats- og kjernefamiliekritikk. Argumentasjonen i kjeldene baserer seg her på ei positiv kjensle av annleisheit, ein nærast «revolusjonær» potens til å forandre familie og samfunn til noko nytt og betre. Kjeldene plassert i denne tematikken vil typisk tenke spørsmål som samlivsregulering som forsøk på å «normalisere» homomiljøet. Dermed blir kjelder omhandlande alternative måtar å organisere det intime livet på, plassert her. Manglande råmer (juridisk sikring av par, normer, forventningar, osv.) kring homofile og lesbiske sine intime liv blei sett på som ein positiv fridom. Manglande råmer representerte her insentiv til livspolitik, dvs. at folk ikkje følte seg pressa inn i normative mønster som det å skulle gifte seg, leve i tosomheit og monogami, få barn, osv.

Barnepolitikk famnar teksttypar knytt til rettar til barn. Forsking retta mot barn og homorørsle dreier seg gjerne om situasjonen til dei såkalla regnbogefamiliane.⁹⁶ Det ser ut til å ha vore viktig å skaffe empiri for å imøtekomme motstandarar som gjerne har hevda at barn tok skade av å vekse opp i samkjønna familiekonstellasjonar. Argumentasjonen i kjeldene plassert under barnematikk handlar også om rett til omsorg for barn. Dessutan var det viktig å synleggjere både internt i homomiljøet, og i samfunnet i kring, at også homofile hadde barn. Sakane plassert under barnepolitikk gjeld til dømes fosterfamilie, barn frå tidlegare forhold, barn planlagde i lesbiske eller homofile forhold, regnbogefamiliar, assistert befrukting, adopsjon, omsorgsfordeling, og partnerskap og ekteskap kor dette blei tematisert i rettar knytt til adopsjon og assistert befrukting. Det å sikre omsut for barn var lenge utsatt for emansipatoriske hindringar ved at lovverket sto i vegen for juridisk anerkjenning av samkjønna familiekonstellasjonar.

Likestillingstematikk er ein motpol til radikal familiekritikk, og her blei «normalisering» sett på som positivt. Manglande råmer kring homofile og lesbiske sitt intime liv blei her sett som eit problem. Dette representerte her eit hinder for livspolitik. Argumentasjonen bar preg av at det som var «annleis» hjå homofile og lesbiske var å elske sitt eige kjønn, utover det hadde homofile og lesbiske same behov for råmer som heterofile. Lovreformer som partnerskaps- og ekteskapslova inkluderte aspekt knytt til både likestilling og barn, og ville gje råmer til å leve livet sitt som ein ønskte. Likestillingstematikk er knytt opp mot *paret* for å skilje den frå

⁹⁶Jorid Krane Hanssen and Universitetet i Nordland . Fakultet for samfunnsvitenskap, *Regnbuefamiliers Døtre Og Sønner : Å Forhandle Med Dominerende Oppfatninger Av Familie Og Foreldreskap*, Phd I Sosiologi (Bodø: Universitetet i Nordland, Fakultet for samfunnsvitenskap, 2014), elektronisk ressurs.

Nancy Naples, "Queer Parenting in the New Millenium," *Gender & Society* 18, no. 6 (2004).

Jennie Westlund, *Regnbågsfamiljers Ställning I Norden : Politik, Rättigheter Och Villkor*, (Oslo: Nordiskt institut för kunskap om kön, 2009).

barnetematikk. Kjeldene plassert under *likestillingstematikk* argumenterte altså for partnerskap, ekteskap, og andre rettar knytt til *paret*.

Kategoriseringa kan gje inntrykk av at frontane mellom dei ulike «familiepolitiske fraksjonane» i homorørsla var skarpere enn det dei faktisk var. Skiljet mellom *radikal familiekritikk* og *likestillingstematikk* er uttrykk for ambivalensen Rydström peikar på i homokamp der homorørsla har kjempa for rettar, men har villa unngå assimilasjon.⁹⁷ I mi tilnærming tek dette form som familievennlege og familiekritiske posisjonar. For den familiekritiske posisjonen har nettopp rettar til familieliv representert assimilasjon, medan familieliv for den familievennlege posisjonen har representert uttrykk for full likestilling mellom heterofile og homofile. Sakane under barnepolitikk tok gjerne inn perspektiv frå begge desse posisjonane, og synleggjer ein viss pragmatikk i homorørsla, fordi uavhengig av ideologisk posisjon elles, måtte barn av homofile og lesbiske sikrast.

Debatten og framstillingane i homotidsskrifta er ikkje naudsynt representativt for kva dei resterande medlemmane i homorørsla meinte eller tenkte kring familie. Ved gjennomgang av kjeldematerialet er det merkbart at ein del namn går att i dei ulike ytringane. Med tanke på journalistar som arbeidde i tidsskrifta er ikkje dette overraskande, men også i debatt- og kronikkspaltene er tendensen til at nokre namn går att sterk. Det kan bety at somme ideologiske standpunkt knytt til t.d. radikal familiekritikk kan ha blitt overrepresentert i homotidsskrifta.

Homotidsskrifta som kjeldemateriale skipar altså eit «innafråperspektiv.» Tidsskrifta spegla debattane i samfunnet elles, noko som finnast att i vinkling, tematikk og aktuelle saker i homotidsskrifta. Mange viktige homodebattar speglast derfor ikkje i oppgåva, både som konsekvens av homotidsskrifta som kjeldemateriale, og oppgåvas tematiske fokus. I somme høve der det har vore naudsynt å hente inn kjelder «eksterne» for homotidsskrifta for i tilstrekkeleg grad kunne forstå debattane slik dei føregjekk i homotidsskrifta. Basert på Plummer sin tanke om omstridde offentlege sfærer vil eg argumentere for at homotidsskrifta er av dei beste kjeldene til å gripe den homofile offentlege sfære kor familie har blitt diskutert og forhandla. Om framstillinga skulle gripe familieførståing ut frå fleire kjeldetypar som andre tidsskrift, fleire organisasjons- og myndigheitspapir, osv., måtte problemstillinga vore utforma annleis, ved å studere eit kortare tidsrom, eller fokusere på spesifikke periodar eller reformer.

⁹⁷Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*. S.87.

Disposisjon

Oppgåva er lagt opp kronologisk/tematisk. Som vist er kjeldematerialet ordna i tre hovudtematikkar, og kvart analysekapitel vil strukturast etter denne inndelinga.

Kapittel to viser statistikken basert på dei tre hovudtematikkane. Dette er gjort for å kunne vise breidda i det omfattande kjeldematerialet, som blir presentert med diagram for kvart tidsskrift og kvar tematikk.

Kapittel tre dekker perioden 1973-1980, og vil gå inn på dei tidlege åra etter avkriminaliseringa. Perioden representerer ei tid kor ulike politikkkretingar – som t.d. feministrørsla - forma familieførståinga veldig direkte. I perioden oppsto ei rad ståstader på familiefeltet som skulle prege debatten i åra framover.

Kapittel fire dekker perioden 1980-1993, og dekker åra kor samlivsregulering gjekk frå debatt til realitet. Kapittelet tematiserer ståstadane som blei grunnlagt på 1970-talet og korleis desse utvikla seg vidare. I denne perioden skjedde det eit gradvis ideologisk skifte kor *radikal familiekritikk* blei mindre viktig.

Kapittel fem dekker perioden 1994-2008 der den homofile og lesbiske barnefamilien blei emansipiert. Her gjorde også fleire av populasjonane tilknytt LHBT-akronymet seg gjeldande.

Kapittel 2: Statistikk

Statistikken har fungert som arbeidsverktøy for å kunne få oversikt over kva som var dei mest sentrale diskusjonstema knytt til familie i eit stort og omfattande kjeldemateriale. Kapittelet inneheld ikkje analyse, men gir bakgrunn for analysekapitla. Dei sentrale diskusjonane er vist til i form av «samlenotar.» Samlenotane syner kva problemstillingar som blei debattert innanfor kvar tematikk i kvart tidsskrift, og i kor stor grad det blei debattert.

Kvart tidsskrift blir presentert med eit samla stolpediagram for tidsskriftet, og eitt stolpediagram for kvar tematikk. Statistikkmateriale er utforma etter prosent, dvs. at oppføringane i statistikkmateriale er rekna etter prosent av totalt tal på artiklar/saker i avisa. 100 % er den totale summen teksttypar i tidsskriftet i kvar årgang. Diagramma gir eit bilete av kor stor merksemd debattane kring familie tok. Publikasjonane er særleg tidleg i perioden prega av ujamnt tal på årlege utgåver, og utgåvene varierte mykje i storleik. Ved å rekne statistikkmateriale ut frå prosent unngår eg betydelege skeivheiter som elles ville oppstått.

Statistikken er basert på teljing av teksttypane, som også har tatt høgde for ulike publiserings- og layoutpraksis i homotidsskrifta. Somme gonger er der innhaldsoversikt, andre gonger ikkje. Det betyr at det somme gonger er vanskeleg å «lese» kva som står som sjølvstendige artiklar/reportasjer, og kva som er ein del av større magasin-/reportasje-/artikkelseriar. Det er derfor tatt høgde for eit visst skjønn i teljinga av artiklane.

Grunna mengda på annonser og faksimiler, og den ulike praksisen i måten dei blei publisert på, ville det innebere betydelege skeivheiter i statistikken dersom alle skulle vore talt med i prosentutrekningsgrunnlaget. Derfor har eg for å handtere kjeldematerialet med færrest moglege urettmessige statistiske utslag valt å sjå vekk frå annonser, faksimiler og liknande i statistikkmateriale. Då dei likevel i somme utgåver tek form som «samleartiklar» er dei rekna som *ein* teksttype i utrekningsgrunnlaget. Utrekningane for eitt år ser slik ut:

Løvetann 1984	Nr.1.1984	Nr.2.1984	Nr.3.1984	Nr.4.1984	1984
Radikal familiekritikk	0	1	1	0	2
Barnepolitikk	4	0	0	0	4
Likestillingstematikk	0	1	0	2	3
Tal på teksttypar	27	33	27	19	106
					1,89 %
					3,77 %
					2,83 %
					8,49 %

Dømet er frå *Løvetann* sin 1984-årgang. Her utgjorde sakene knytt til familie 8,49% av teksttypane dette året. Desse 8,49% består berre av dei utvalte teksttypane, leiarartiklar, artiklar, kronikkar og lesarbrief.

Statistikk for *Fritt Fram*




Diagram 1 syner fordelinga av familierelaterte saker i *Fritt Fram* i perioden 1974-1990, som i snitt utgjorde 13%.

Radikal familiekritikk




Diagram 1.1 syner radikal familiekritikk i *Fritt Fram*, som i snitt utgjorde 6%.

Kjernefamilien og ekteskapet blei kritisert i *Fritt Fram*.⁹⁸ Alternativ til det tradisjonelle blei sjeldan konkretisert, men t.d. kollektive samlivsformer blei nemnt. Homofili kunne framstillast som ein trugsel eller alternativ til ekteskapet, til kjernefamilien, etablerte verdiar og normsett. Dette kom til syne ved bruk av ord og vendingar som «manifestering av kjønnsrollemønsteret,» «samliv – en valgmulighet,» «er det et liv etter familien?,» «karikatur,» «heterofile normer,» «tilpassingshysteri.» osv. Det blei gjerne vist til homofili som «verdifull livsform.»⁹⁹

«Kjønnsroller» blei opplevd som undertrykkande. Dette var eit sentralt ankepunkt i patriarkatskritikken. Omgrep som «kjønnsrollespill,» «kvinneundertrykkelsen,» «tilpasse seg kjernefamilien,» var ofte i bruk.¹⁰⁰ Også menns kjønnsroller blei sett kritisk på, t.d. uttrykt gjennom omgrep som «Mannssystemet,» «Manden er skide bange,» «heterotyranniet.»¹⁰¹ «Tradisjonelle» institusjonar som kyrkje og kristendom blei kritisert, og utpeika som hovudmotstandar i homokampen.¹⁰²

Monogami hadde lenge vore kritisert, særleg av homofile menn.¹⁰³ Dvs. at kjernefamilien blei oppfatta som monogamitvang. Det var vanleg å dra fram som faktor når ordningar for samliv blei diskutert.¹⁰⁴ Sosiale nettverk var viktige, omtalt som «vennskapsfamilie,» «sikkerhetsnett,», «miljøet,» osv.¹⁰⁵

⁹⁸"Fritt Fram."Nr.2,1975,S.22. Nr.1,1976, S.4-5,S.11-13. Nr.2,1976,S.3,S.4,S.10-12,S.14-18, S.16. Nr.3,1976,S.20-21. Nr.4,1976,S.3. Nr.1,1977,S.4-8. Nr.3,1977,S.8-9. Nr.1,1978,S.22-23. Nr.4,1978,S.4-6,S.10-11,S.20-21,30. Nr.1,1979,S.9-12,S.14-16. Nr.4,1979,S.8-10. Nr.1,1980,S.5. Nr.2,1980,S.23-24. Nr.1.1981.S.39-45. Nr.3,1981,S.10-11,S.26-27,15. Nr.7,1988,S.6. Nr.10,1989,S.18. Nr.6/7,1990,S.7.

⁹⁹Ibid.Nr.4,1976,S.28-29. Nr.1,1979,S.3.

¹⁰⁰Ibid.Nr.3,1975,S.34. Nr.1,1976,S.6-10. Nr.2,1976,S.5-9. Nr.4,1976,S.15-17. Nr.1,1977,S.26-27. Nr.2,1977,S.27-28. Nr.1,1978,S.11. Nr.4,1978,S.14-16. Nr. ½,1989,S.7.

¹⁰¹Ibid.Nr.2,1977,S.33-38. Nr.1,1978,S.14-16. Nr.2,1978,S.14-15,S.20-21.

¹⁰²Ibid.Nr.3,1977,S.3. Nr.4,1979,S.26. Nr.1.1981,S.51.

¹⁰³Ibid.Nr.1,1985,S.8-9. Nr.15,1986,S.6. Nr.4,1988,S.15. Nr.5,1990,S.2.

¹⁰⁴Ibid.Nr.4.1990,S.2. Nr.6/7,1990,S.2.

¹⁰⁵Ibid.Nr.6, 1985,S.4, S.14. Nr.3,1988,S.14. Nr.10.1988.S.16-17. Nr.4,1990,S.2.

Barnepolitikk




Diagram 1.2 syner barnepolitikk i *Fritt Fram*, som i snitt utgjorde 2%.

På 1970-talet blei hovudsakleg lesbiske kvinner sin omsorgsrett for egne barn tematisert.¹⁰⁶ Der låg ei tydeleg frykt for å miste omsorgsretten for egne barn når kvinnene gjekk inn i lesbiske forhold.¹⁰⁷ Også sosiale foreldre sin situasjon blei tematisert.¹⁰⁸

Synleggjering av at homofile og lesbiske «også har barn» var viktig.¹⁰⁹ Menn sine rettar som fedrar vart mindre tematisert, men var også til stades.¹¹⁰

Det vart argumentert for at kvinner måtte også vere frie til å forme si rolle som mødrer på den måten dei ville.¹¹¹ Eit stort og viktig spørsmål var identifikasjonsmodellar – dvs. at barna trengte rollemodellar av begge kjønn.¹¹²

Barnepolitikken i perioden omfatta ikkje berre rett til omsorg for eksisterande barn, men også måtar å skaffe seg barn på, t.d. «privat inseminasjon.» På 1980-talet blei det tatt til orde for

¹⁰⁶Ibid.Nr.1,1975,S.21. Nr.3,1975,S.39. Nr.1,1977,S.12. Nr.3,1977,S.20-21. Nr.1,1978, S.18-21. Nr.1,1981, S.4-8. Nr.1,1981,S.28-30.

¹⁰⁷Ibid.Nr.1,1975,S.21. Nr.3,1975,S.39 (Tilbakehaldt utgåve). Nr.8,1988,S.15.

¹⁰⁸Ibid.Nr.6,1985,S.15. Nr.12,1989,S.29-30.

¹⁰⁹Ibid.Nr.1,1984,S.12. Nr.6,1985,S.15. Nr.6,1988,S.15. Nr.7/8,1989,S.46.

¹¹⁰Ibid.Nr.1,1984,S.12. Nr.1,1985,S.13. Nr.3,1985,S.14. Nr.17,1986, S.14.

¹¹¹Ibid.Nr.3,1977,S.20-21. Nr.1,1978,S.18-20. Nr.1,1981,S.28-30. Nr.1,1984,S.5. Nr.4,1989,S.14.

¹¹²Ibid.Nr.6/7,1987,S.16. Nr.12,1989,S.30-31. Nr.3,1990,S.4. Nr.5,1990,S.2. Nr.6/7,1990, S.2.

rett til kunstig befrukting i det offentlege.¹¹³ Rett til vurdering som fosterforeldre og adoptivforeldre blei også tematisert.¹¹⁴

Likestillingstematikk




Diagram 1.3 syner likestillingstematikk i *Fritt Fram*, som i snitt utgjorde 5%.

Igjennom heile perioden blei ekteskap løfta fram i saker knytt til kristne homofile, særleg til ÅK, kor det blei argumentert mot kyrkja med «Homofil frigjoringsteologi,» og argumentert for si forståing av samliv internt i homorørsla med «forpliktende forhold,» «forpliktende vennsforhold,» osv.¹¹⁵ Frå seint 1970-tal blei parets rettar løfta fram i *Fritt Fram* i møte med konkrete reformer i lovverket, og det blei snakka om «Forskjellsbehandling,» «annenrangs,» osv., der homofile eller lesbiske par blei behandla annleis enn heterofile par.

116

¹¹³Ibid.Nr.1,1984,S.5. Nr.6,1985,S.6-7. Nr.13,1986,S.12. Nr.16,1986,S.2. Nr.1,1987,S.5. Nr.6/7,1987,S.16. Nr.4,1989,S.14. Nr.5,1989,S.18.

¹¹⁴Ibid.Nr.4,1976,S.16-17. Nr.1,1984,S.13. Nr.4,1984,S.4. Nr.2,1985,S.4,14-15. Nr.3,1989,S.14. Nr.6,1989,S.2. Nr.4,1990,S.2,S.22.

¹¹⁵Ibid.Nr.1,1976,S.26-29. Nr.2,1976,S.26. Nr.3,1977,S.16. Nr.4,1979,S.32-35. Nr.2,1980,S.4-5. Nr.1,1982,S.14-18. Nr.1,1982,S.31,S.37. Nr.5,1984,S.9,S.37. Nr.10,1989,S.9. Nr.5,1985,S.12. Nr.13,1986,S.7. Nr.8,1988,S.3,S.5. Nr.10,1989,S.9.

¹¹⁶Ibid.Nr.4,1978,S.6-7. Nr.4,1979,S.18-19. Nr.1,1980,S.20-21. Nr.2,1980,S.32.-33. Nr.1,1981,S.3,S.10-11, S.18-20,30,S.38,S.46-48. Nr.2,1981,S.17. Nr.3,1981,S.12-15. Nr.4,1985,S.4. Nr.6,1985,S.4, Nr.5,1988,S.5. Nr.4,1989,S.3.

Ulike ordningar for samliv blei diskutert, «Homofilt samliv,» «frivillig registrering,» «partnerskapslov,» osv.¹¹⁷ Politikarane blei konfrontert i *Fritt Fram*, særleg i forbindelse med valkampar.¹¹⁸ Eit viktig poeng var å understreke at homofile og lesbiske sine forhold trengte råmer for å styrkas då manglande råmer gjorde desse forholda «vanskeligere,» og «likeverd,» var naudsynt for å kunne betre forholda.¹¹⁹

Statistikk for *Løvetann*




Diagram 2 syner fordelinga av familierelaterte saker i *Løvetann* i perioden 1977-2003, som i snitt utgjorde 11,70%.

¹¹⁷Ibid.Nr.2,1981,S.18-21. Nr.4,1989,S.11,S.16-17. Nr.6,1989,S.2. Nr.7/8,1989,S.17. Nr.10,1989,S.18-19. Nr.11,1989,S.3. Nr.1,1990,S.5. Nr.2,1990,S.4. Nr.3,1990,S.9.

¹¹⁸Ibid.Nr.2,1981,S.2-15. Nr.13,1986,S.6. Nr.3,1988,S.2. Nr.7,1988,S.5. Nr.9,1989,S.14. Nr.1,1990,S.5. Nr.2,1990,S.3-4. Nr.3,1990,S.9. Nr.5,1990,S.6,S.16.

¹¹⁹Ibid. Nr.4,1988,S.13. Nr.1/2,1989,S.20. Nr.4,1989,S.16-17. Nr.5,1989,S.4. Nr.6,1989,S.2. Nr.6,1989,S.6. Nr.7/8,1989,S.17. Nr.9,1989,S.2. Nr.4,1990,S.22. Nr.10,1990,S.28.

Radikal familiekritikk




Diagram 2.1 syner radikal familiekritikk i *Løvetann*, som i snitt utgjorde i 4,01 %.

Monogami som rettesnor for samliv blei avvist, hovudsakleg av homofile menn forstått som undertrykking.¹²⁰ Dette blei gjerne knytt direkte til HIV/AIDS, og forsøk på kople stabile samliv til «smittevern» blei møtt med å kalle slike tiltak «Profylakse-ekteskap,» og «smitten i parforhold.» kunne skuldast at ein var «forelsket – farlig forelsket (og dermed gløymde kondom),» haldningar som understreka at parforhold ikkje naudsynt betydde monogami.¹²¹

I debattar om familie blei homofiles eigenart ofte understreka, og ulike former for regulering og rettar vart av nokre sett på som undergraving av eigenarten, Omgrep og vendingar som understreka dette var; «[...] kjernefamilien virker trang,» «forelda institusjon,» «[...]imitere heterosamfunnets ekteskapstradisjoner,» «heteroinstitusjonen,» samt frykt for at regulering kunne skape «normalitets-hierarki,» eller vere eit knefall for «heterosamfunnets normalitets-fantasier.»¹²² Regulering kunne bety ulike problemstillingar for lesbiske.¹²³

¹²⁰«Løvetann.»Nr.5.1980.S.12-13,35. Nr.6,1980,S.26-27. Nr.1.1982. S.4-5. Nr.4,1982,S.22-23. Nr.2,1985,S.38-41. Nr.4,1989,S.36. Nr.3/4,1990,S.58-59. Nr.6,1995,S.4-5. Nr.3,1996,S.4-5. Nr.5,1999,S.29. Nr.1,2001,S.23.

¹²¹Ibid.Nr.5.1987.S.32-33. Nr.5,1986,S.5. Nr.6,1986,S.20. Nr.6,1991,S.25-30. Nr.1,1992,S.47. Nr.2,1995,S.38-39. Nr.3,1995,S.21-23. Nr.5,1995,S.38-39. Nr.3,1996,S.20-24.

¹²²Ibid.Nr.2,1982,S.46-47. Nr.4,1982,S.10. Nr.1,1983,S.45. Nr.4,1983,S.8-9. Nr.2,1984,S.14. Nr.3,1985,S.6. Nr.2,1988,S.7. Nr.6,1992,S.4-5. Nr.1,1993,S.4-6,S.30-31. Nr.2,1993,S.4-6. Nr.5,1993,S.8-10. Nr.6,1993,S.12-15. Nr.2,1994,S.38-47. Nr.3,1994,S.4-5. Nr.6,1994,S.8-15. Nr.1,1995,S.4-5. Nr.4,1995,S.8-13. Nr.6,1995,S.47. Nr.6,1999,S.7. Nr.4,2001,S.4-5.

¹²³Ibid.Nr.2,1982,S.9-11. Nr.5,1986,S.7. Nr.3,1993,S.22-23.

Om avstandstaking til dei heterofile sin måte å gjere dei på var eit poeng, blei det sjeldan nemnt eller utdjupa korleis ein såg for seg dei alternative familieformene.¹²⁴ Det blei gjerne vist til tette band homofile i mellom, til dømes omtalt som «vennskapsfamilien,» «nettverk,» osv.¹²⁵

I familiepolitiske spørsmål blei også fridomen til å leve utan barn – å ikkje reproducere seg – sett som ein positiv fridom ved å leve «uten barn,» opplevd som «friheten.»¹²⁶ Som ledd i motstanden mot regulering blei det tatt avstand til normative føringar for korleis livet skulle levast, gjennom å kritisere normene som regulerte dette, som kunne vere «kjønnsrollemønsteret,» «kulturelle «sannheter,» osv.¹²⁷

Barnepolitikk




Diagram 2.2 syner barnepolitikk i Løvetann, som i snitt utgjorde 4%.

I Løvetann blei det vist til barn som vaks opp med lesbiske mødrer.¹²⁸ Mange organiserte seg i lesbisk mødregruppe for å komme i kontakt med andre, skape, «bevissthet,» og synleggjere «[...] homofile og lesbiskes forplantningsevne,» osv.¹²⁹ Også homofile fedrars sak blei tatt

¹²⁴Ibid.Nr.4,1983,S.12-13. Nr.2,1987,S.10-11. Nr.3,1992,S.14-15.

¹²⁵Ibid.Nr.6,1991,S.5. Nr.5,1994,S.41-47. Nr.5,1995,S.4-5.

¹²⁶Ibid.Nr.2,1985,S.50-51. Nr.5,1993,S.7. Nr.5,1998,S.27. Nr.3,2002,S.36-38.

¹²⁷Ibid.Nr.2,1978,S.16-17. Nr.4,1979,S.24. Nr.3,1984,S.7. Nr.2,1987,S.8-9. Nr.2,1991,S.20-25. Nr.3,1991,S.46-47. Nr.2,1992,S.4-5. Nr.4/5,1992,S.4-6. Nr.3,2001,S.31.

¹²⁸Ibid.Nr.6,1980,S.80. Nr.7,1981,S.10-11,17. Nr.1,1982,S.33-34. Nr.2,1982,S.6-8. Nr.3,1985,S.4. Nr.1,1985,S.18-19. Nr.2,1987,S.5. Nr.2,1988,S.16-18. Nr.5,1989,S.10-11,S.14-15,S.16-17,S.18-19,29. Nr.3,1992,S.19-23. Nr.5,1993,S.14-16. Nr.2,2000,S.26-27.

¹²⁹Ibid.Nr.6,1980,S.8. Nr.5,1989,S.5,S.21-25. Nr.6,1989,S.32-33.

opp i *Løvetann*.¹³⁰ Gruppa Homofile og barn løfta både kvinnelege og mannlege foreldres sak.¹³¹ Sikring av omsorgsrett var ei sentral problemstilling, ein ville ha «[...] samme rettighet [...],» og juridiske spørsmål blei tatt opp; «Barnefordeling i retten,» «[...] mistet foreldreretten[...].»¹³²

Krav om kunstig befrukting i statleg regi løfta fram under HIV/AIDS-epidemien grunna angst for smitte.¹³³ Inseminasjon blei nokre få stader løfta som ein rettigheit lesbiske kvinner skulle ha på lik linje med heterofile kvinner.¹³⁴

Ein kontinuitet i argumentasjonen var å vise at homofile og lesbiske var fullverdige omsorgsfigurar og ein reagerte kraftig på at homofile «[...]ikke (var) akseptert som verdige foreldre.» osv.¹³⁵ Forutan kravet om rettar til inseminasjon blei rettar knytt til fosterforeldrestatus tematisert.¹³⁶ Også rett til adopsjon blei fremja.¹³⁷ Det var stor interesse knytt til statens familiepolitikk som regulerte dette.¹³⁸ Dessutan var det stor interesse i *Løvetann* knytt til medlemmane i homorørsla sine haldningar til barn.¹³⁹

¹³⁰Ibid.Nr.5,1980,S.8-9. Nr.7,1981,S.8-9,15. Nr.3,1982,S.43. Nr.5,1989,S.12-13. Nr.2,1987,S.13.

¹³¹Ibid.Nr.4,1996,S.18.

¹³²Ibid.Nr.1,1983,S.29. Nr.1,1984,S.30-32,37. Nr.6,1986,S.28-29. Nr.6,1989,S.48.

¹³³Ibid.Nr.3,1986,S.32-33,39. Nr.2,1987,S.7. Nr.4,1987,S.46-47.

¹³⁴Ibid.Nr.3,1983,S.46. Nr.3,1986,S.32-33,39. Nr.5,1989,S.20.

¹³⁵Ibid. Nr.2,1982,S.18-20. Nr.1,1984,S.5. Nr.1,1985,S.5. Nr.2,1989,S.5. Nr.2,1990,S.5. Nr.3,1991,S.6-9. Nr.5,1991,S.34-36. Nr.6,1993,S.33-35. Nr.2,1996,S.12-13. Nr.6,1996,S.8-9. Nr.1,1997,S.30-31. Nr.2,1997,S.28-29. Nr.5,1998,S.45. Nr.2,1999,S.4-5. Nr.3,1999,S.45.

¹³⁶Ibid.Nr.1,1985,S.50-51. Nr.3,1991,S.18-20.

¹³⁷Ibid. Nr.1,1984,S.5,S.7,S.34-35. Nr.1,1990,S.4. Nr.2,1990,S.32-35,S.50. Nr.3,1996,S.12-13. Nr.3,1997,S.21. Nr.2,2001,S.7,S.26-29.

¹³⁸Ibid. Nr.4,1994,S.45. Nr.1,1995,S.13-16. Nr.4,1995,S.7. Nr.2,1996,S.45. Nr.1,2001,S.8-9.

¹³⁹Ibid.Nr.6,1996,S.2. Nr.1,1997,S.2. Nr.3,1997,S.2. Nr.6,1996,S.2. Nr.2,1998,S.2. Nr.3,1998,S.2,S.8-9. Nr.2,1999,S.2. Nr.6,1999,S.2. Nr.2,2000,S.2. Nr.4,2000,S.2. Nr.1,2001,S.2. Nr.2,2001,S.2. Nr.4,2001,S.2. Nr.1,2002,S.2. Nr.2,2002,S.2.

Likestillingstematikk




Diagram 2.3 syner likestillingstematikk i *Løvetann*, som i snitt utgjorde 4%.

Paret blei i *Løvetann* beskytta mot diskriminering, t.d. i forsikringssaker der heterofile par fekk forsikring, og homofile par ikkje.¹⁴⁰ Det kunne vere alt frå statistisk samanheng til jobbsamanheng. Igjennom heile perioden blei ulike former for regulering av paret diskutert.¹⁴¹ Somme ville ha ekteskapsrettar på lik linje med heterofile.¹⁴² Debatten blei etter kvart fokusert kring samlivsregulering. Mange oppleve dette som ein stor likestillingssiger, og det blei referert til som ein siger for «Allminneliggjøringslinja,» som gjorde at folk«[...]ikke kan forskjellsbehandle[...]» og at regulering hadde stor «symbolsk betydning,» osv.¹⁴³

Kristne homofile og lesbiske sto i ein spesiell situasjon. Dette kunne bli knytt til ÅK, som ville oppnå «kirkelig velsignelse,» og forsto samliv som «forpliktende forhold,» osv.¹⁴⁴ Også kriste par utan spesifisert tilknytning til kyrkjegruppa blei nemnt.¹⁴⁵

¹⁴⁰Ibid. Nr.1,1977,S.20-21. Nr.3,1978,S.15. Nr.1,1982,S.29. Nr.3,1982,S.49. Nr.4,1984,S.8-13. Nr.4,1989,S.4-5. Nr.6,1989,S.40-41. Nr.2,1993,S.2. Nr.1,2000,S.20-23. Nr.4,2000,S.12. Nr.3,2002,S.4-5. Nr.1,2003,S.26-27.

¹⁴¹Ibid.Nr.8,1981,S.18. Nr.4,1982,S.43-46. Nr.1,1987,S.16-18.

¹⁴²Ibid.Nr.5,1980,S.12-13,35. Nr.3,1982,S.37-38. Nr.1,1983,S.42-43. Nr.1,1990,S.20-23. Nr.5,1997,S.4-5.

¹⁴³Ibid.Nr.2,1989,S.34-35. Nr.1,1991,S.7,48. Nr.4,1991,S.4. Nr.6,1992,S.7,S.33. Nr.2,1993,S.7. Nr.3,1993,S.30-31. Nr.5,1993,S.17,S.18-19. Nr.1,1994,S.4-5. Nr.4,1994,S.6. Nr.5,1994,S.8-11. Nr.5,1994,S.48. Nr.6,1994,S.4-5. Nr.6,1995,S.20-21. Nr.2,1996,S.4-5,10-13. Nr.5,1996,S.4-5. Nr.2,1998,S.20-22. Nr.5,1998,S.11.

Nr.2,1999,S.17-20. Nr.3,2000,S.20-23.

¹⁴⁴Ibid.Nr.2,1982,S.52. Nr.3,1982,S.46. Nr.4,1982,S.12-14. Nr.1,1985,S.37. Nr.2,1986,S.26. Nr.2,1991,S.4. Nr.4,1991,S.47. Nr.1,1995,S.25. Nr.3,1995,S.11-13,54. Nr.3,1997,S.44. Nr.5,1997,S.32-33.

¹⁴⁵Ibid.Nr.6,1989,S.8-9. Nr.1,1994,S.29-31. Nr.2,1995,S.4-5. Nr.3,1995,S.7,S.18-19. Nr.6,1996,S.10-11. Nr.4,1997,S.7. Nr.6,1997,S.4-5,S.32-33. Nr.2,1998,S.4-5,S.40-42. Nr.5,1998,S.7. Nr.5,1998,S.42-43.

Ein felles argumentasjon knytt til dei fleste av sakene var at homofile og lesbiske trengde råmer kring sine familiære forhold, fordi dei «mangler konvensjoner,» og lidde under «[...] mangelen på bekreftelser [...], osv.¹⁴⁶

Statistikk for *Blikk*





Diagram 3 syner fordelinga av familierelaterte saker i *Blikk* i perioden 1990-2008, som i snitt utgjorde 16,12%.

Nr.6,1998,S.46,S.47. Nr.2,1999,S.44,S.46. Nr.6,1999,S.28-29. Nr.2,2000,S.18-23. Nr.3,2000,S.4-5. Nr.4,2001,S.7.

¹⁴⁶Ibid.Nr.2,1984,S.34-35. Nr.1,1985,S.24-25. Nr.1,1987,S.10. Nr.2,1990,S.22-26. Nr.5,1990,S.4. Nr.3,1992,S.24-26. Nr.3,1995,S.8-10. Nr.5,1999,S.20-24.

Radikal familiekritikk



Tabell 3.1. syner radikal familiekritikk i *Blick*, som i snitt utgjorde 3,27 %.

Samlivs-/familiereformene blei diskutert, og problematisert ved å vise til at dei var for «[...] vellykkede parhomser og parlesber,» oppretthaldt ei «ideologisk norm,» osv.¹⁴⁷ Det kom til «normaliseringsdebatt,» kor mange tok til orde for at homofile og lesbiske no ville bli for like heterofile.¹⁴⁸ Lovregulering og «homsekultur» blei gjerne sett som uforliklege.¹⁴⁹

Ein ville ha definisjonsmakt over eige familieliv.¹⁵⁰ Familie kunne vere større konstellasjonar som inkluderte fleire foreldre-/steforeldrepar og barn i varierende buformer/bufellesskap. Banda homofile og lesbiske i mellom blei dratt fram, i «vennskapsfamilien,» «nettverk,» «miljø,» osv.¹⁵¹

¹⁴⁷"Blick."Nr.6,1992,S.39. Nr.7,1992,S.2,39. Nr.8,1993,S.2. Nr.9,1993,S.39. Nr.6,1995,S.2. Nr.6,1995,S.13. Nr.4,1994,S.2. Nr.7,1995,S.34. Nr.3,1995,S.31. Nr.4,1998,S.47. Nr.8,1999,S.10. Nr.9,1999,S.2. Nr.5,2002,S.52. Nr.6/7,2004,S.8. Nr.7/8,2006,S.4

¹⁴⁸Ibid.Nr.5,1994,S.2. Nr.5,1994,S.28-30. Nr.8,1994,S.2. Nr.10,1994,S.28-30. Nr.1,1995,S.2. Nr.6,1995,S.2. Nr.6,1995,S.13. Nr.8,1995,S.4. Nr.8,1995,S.30. Nr.2,1996,S.2. Nr.2,1996,S.28-29. Nr.4,1997,S.2. Nr.6,1997,S.32. Nr.9,1997,S.47. Nr.2,1998,S.47. Nr.6,1998,S.9. Nr.9,1999,S.16-17. Nr.3,2001,S.5,S.22. Nr.4,2002,S.16. Nr.3,2003,S.23. Nr.5/6,2005,S.95. Nr.7,2005,S.4. Nr.6/7,2007,S.77. Nr.5,2008,S.24.

¹⁴⁹Ibid.Nr.3,1991,S.35. Nr.3,1992,S.35. Nr.4,1992,S.35. Nr.5,1992,S.35. Nr.6,1992,S.3. Nr.7,1992,S.6. Nr.8,1992,S.23-25. Nr.11,1992,S.38. Nr.4,1993,S.17-18,S.26-27. Nr.10,1993,S.18-20. Nr.6,1995,S.12,S.28-29. Nr.8,1996,S.16. Nr.12,1996,S.37. Nr.4,1997,S.32. Nr.2,1998,S.32. Nr.5,1999,S.12.

¹⁵⁰Ibid. Nr.2,1996,S.17-19. Nr.2,1999,S.12. Nr.12,2002,S.29. Nr.9,2003,S.36-40. Nr.11,2003, S.36-41. Nr.6/7,2007,S.32-33, 36-37.

¹⁵¹Ibid.Nr.0,1990,S.7. Nr.11,1999,S.18-19. Nr.6,2001,S.25. Nr.7,2001,S.51. Nr.2,2003,S.32-37. Nr.3,2003,S.24-28. Nr.5/6,2005,S.32-34. Nr.9,2007,S.40-42. Nr.6/7,2008,S.38-41.

Normer og tradisjonar skulle ikkje bestemme korleis livet skulle sjå ut. Homofile og lesbiske stilte seg sjølve utanfor reproduksjonen.¹⁵² Dette gjaldt både kvinner og menn, og blei sett på som ein positiv fridom. I aukande grad blei spørsmål kring forventningar til kjønn sett kritisk på.¹⁵³ Det blei stilt spørsmål ved oppdeling i «båsar.»¹⁵⁴ Utover 1990-talet også ein aukande tendens til normkritikk.¹⁵⁵

Transpersonar fekk merksemd utover 2000-talet.¹⁵⁶ Dette var ein ueinsarta gruppe som endå meir enn bifile utfordra normer og opplevde komplikasjonar kva gjaldt familie.

Barnepolitikk




Diagram 3.2 syner saker knytt til barnepolitikk i *Blikk*, som i snitt utgjorde 4%.

¹⁵²Ibid.Nr.6,1998,S.15. Nr.12,1998,S.2. Nr.6,1999,S.13. Nr.1,2000,S.6-7.S.37. Nr.10,2000,S.41. Nr.12,2002,S.65. Nr.8,2005,S.59. Nr.2,2007,S.17.

¹⁵³Ibid.Nr.6,1999,S.27-29. Nr.7,2000,S.34-35. Nr.2,2001,S.22-23. Nr.3,2001,S.46-47. Nr.5,2001,S.32-35. Nr.9,2001,S.43. Nr.2,2002,S.46-47. Nr.5,2002,S.56-57. Nr.6/7,2002,S.16-20. Nr.10,2002,S.16-17.

Nr.11,2002,S.23. Nr.6,2003,S.6-7. Nr.5,2004,S.7. Nr.5,2004,S.26-28. Nr.9,2006,S.30-31,S.43. Nr.5,2008,S.83. ¹⁵⁴Ibid.Nr.,5,2000,S.44. Nr.7,2000,S.31. Nr.12,2000,S.44. Nr.9,2001,S.43. Nr.1,2003,S.33.

¹⁵⁵Ibid.Nr.9,1995,S.21. Nr.12,2003,S.19. Nr.2,2004,S.6. Nr.3,2004,S.4,S.10-12. Nr.5,2004,S.16-17. Nr.9,2004,S.7. Nr.9,2005,S.22. Nr.6,2006,S.10. Nr.10,2006,S.10. Nr.6/7,2007,S.22. Nr.8,2007,S.30. Nr.9,2007,S.22. Nr.11,2007,S.8,S.50-54. Nr.9,2008,S.10.

¹⁵⁶Ibid.Nr.3,1995,S.16. Nr.8,2000,S.28-29. Nr.6,2001,S.32. Nr.12,2001,S.33. Nr.1,2003,S.42-44. Nr.2,2005,S.18-23. Nr.6/7,2007,S.46-48. Nr.8,2008,S.42-44.

Argumentasjonen baserte seg på likestilling knytt til barn. Tradisjonen med grupper for foreldre og barn fortsette.¹⁵⁷ Homofile og barn måtte synleggjerast i samfunnet, «homoseksuelle familier,» «homoforeldre,» osv.¹⁵⁸

Igjennom heile perioden blei det vist til at homofile allereie var foreldre, ein var «Lei av negativ presseomtale,» og kjempa for at barn med foreldre av same kjønn skulle ha «[...] samme rettene som andre barn.»¹⁵⁹ Eit diskutert problem var at samkjønna familiekonstellasjonar gjerne betydde at barna berre mottok omsorg av eitt kjønn.¹⁶⁰ Mellom anna som resultat av dette blei fedrar sin plass diskutert, med titlar som «Hellige moderskap og uønskede fedre,» og vendingar som «[...] bredside mot lesbiske mødre.»¹⁶¹

Barnas beste var sentralt, og barn som vaks opp med homofile og lesbiske foreldre fekk spalteplass.¹⁶² Då partnerskapslova kom blei den sterkt kritisert for å unnlate rettigheter knytt til barn.¹⁶³ Å sikre barna som vaks opp i samkjønna familiekonstellasjonar rett til både sin biologiske og sosiale forelder var hovudargumentet for å få rett til stebarnsadsopsjon.¹⁶⁴ Generelle adopsjonsrettar blei også ein viktig sak.¹⁶⁵

¹⁵⁷Ibid.Nr.10,1993,S.29. Nr.5,1994,S.33. Nr.8,1995,S.33. Nr.4,1998,S.5. Nr.6,1998,S.37. Nr.12,1998,S.41. Nr.5,2003,S.11. Nr.7,2005,S.20-21. Nr.6/7,2007,S.38-39. Nr.5,2008,S.26-28.

¹⁵⁸Ibid.Nr.11,1993,S.11. Nr.2,1994,S.6. Nr.3,1994,S.5. Nr.1,1995,S.10. Nr.10,1998,S.18. Nr.8,1999,S.38. Nr.9,2002,S.42-43. Nr.2,2004,S.12. Nr.7/8,2006,S.8-9. Nr.9,2008,S.18-20.

¹⁵⁹Ibid.Nr.3,1992,S.6. Nr.11,1995,S.2,4-5. Nr.1,1996,S.32. Nr.7,1996,S.32. Nr.11,1996,S.7,S.11. Nr.1,1997,S.26. Nr.6,1997,S.26-27. Nr.7,1997,S.16. Nr.10,1998,S.4. Nr.12,1998,S.7. Nr.12,1998,S.47. Nr.1,1999,S.8. Nr.1,1999,S.24-25. Nr.2,1999,S.9,S.28-29. Nr.4,1999,S.11. Nr.6,1999,S.10. Nr.8,1999,S.5,S.8. Nr.5,2000,S.11. Nr.5,2000,S.14-15. Nr.4,2001,S.45. Nr.12,2001,S.4. Nr.9,2004,S.4,S.6. Nr.1,2005,S.10-11. Nr.1,2006,S.4. Nr.6,2006,S.12-13. Nr.9,2007,S.23.

¹⁶⁰Ibid.Nr.3,1991,S.10-17. Nr.10,1991,S.34. Nr.1,1993,S.12-13. Nr.10,1993,S.22,S.24-25,S.47. Nr.11,1999,S.3. Nr.9,2003,S.34-35. Nr.5/6,2005,S.25-28. Nr.2,2007,S.6. Nr.8,2007,S.12.

¹⁶¹Ibid.Nr.8,1993,S.39. Nr.10,1993,S.23,S.24-25. Nr.2,1996,S.7. Nr.9,2000,S.44-45. Nr.11,2002,S.55. Nr.10,2004,S.4,S.6-7. Nr.10,2006,S.14-18. Nr.3,2007,S.26-27.

¹⁶²Ibid.Nr.12,1992,S.2-3. Nr.5,1993,S.27. Nr.10,1993,S.26. Nr.11,1998,S.8. Nr.6,2003,S.12-16. Nr.4,2005,S.10-11. Nr.8,2005,S.7. Nr.3,2006,S.24-28.

¹⁶³Ibid.Nr.10,1992,S.9. Nr.9,1993,S.5. Nr.10,1993,S.25. Nr.7,1994,S.12. Nr.10,1994,S.12. Nr.9,1995,S.4. Nr.10,1995,S.2. Nr.2,1996,S.17. Nr.3,1996,S.32. Nr.5,1996,S.7. Nr.6,1996,S.2. Nr.7,1996,S.15. Nr.10,1996,S.13. Nr.4,1997,S.6. Nr.7,1997,S.8. Nr.7,1998,S.22-23. Nr.9,2000,S.43. Nr.8,2001,S.37. Nr.5,2006,S.26-27.

¹⁶⁴Ibid.Nr.2,2002,S.10-11. Nr.5,2001,S.12-13. Nr.7/8,2002,S.8-9. Nr.12,2002,S.11. Nr.7/8,2003,S.4, S.6-7. Nr.10,2003,S.8. Nr.11,2003,S.14. Nr.12,2003,S.8,S.12-13. Nr.1,2004,S.12,S.14-15. Nr.2,2004,S.8. Nr.3,2004,S.6. Nr.3,2005,S.11. Nr.2,2006,S.10-11,S.13. Nr.6,2006,S.16. Nr.1,2008,S.12. Nr.9,2008,S.22.

¹⁶⁵Ibid.Nr.11,1992,S.3. Nr.9,1993,S.5. Nr.11,1993,S.26-27. Nr.2,1994,S.16-18,S.30-31. Nr.2,1995,S.12. Nr.5,1996,S.34. Nr.6,1996,S.15. Nr.6,1997,S.7. Nr.7,1997,S.15-16. Nr.8,1997,S.8. Nr.9,1997,S.11. Nr.10,1997,S.2. Nr.2,1998,S.4. Nr.4,1998,S.4,S.5. Nr.6,1998,S.24. Nr.8,1998,S.2,S.5. Nr.9,1998,S.7. Nr.10,1998,S.2,S.5. Nr.11,1998,S.9. Nr.2,1999,S.7. Nr.5,1999,S.14. Nr.2,2000,S.7. Nr.10,2000,S.1,S.20-21. Nr.12,2001,S.20. Nr.7/8,2002,S.6-7. Nr.12,2002,S.45. Nr.1,2003,S.50. Nr.9,2003,S.20-23. Nr.9,2004,S.12-13. Nr.2,2005,S.9,S.16. Nr.3,2005,S.8,S.16. Nr.4,2005,S.8. Nr.5/6,2005,S.11,S.15. Nr.7/8,2006,S.6,S.10-11.

Homofile og lesbiske vart sett på som like gode, og gjerne betre omsorgspersonar enn heterofile.¹⁶⁶ Dette var eitt av argumenta brukt når det blei kravd rett til fosterforeldrestatus, ein framstilte seg som «En ubrukt ressurs,» og kjempa imot at «Bare ektepar er godt nok.»¹⁶⁷

«Privat» sæddonasjon etter avtale mellom menn og kvinner hadde lenge vore etablert praksis.¹⁶⁸ Kunstig inseminasjon i regi av helsevesenet blei ein viktig sak.¹⁶⁹ Også surrogati for homofile menn blei diskutert.¹⁷⁰

Likestillingstematikk




Diagram 3.3. syner likestillingstematikk i *Blick*, som i gjennomsnitt utgjorde 9,12%.

I møte med ei rad rettar blei det kjempa for likestilling.¹⁷¹ Dette knytte seg til saker kor homofile og lesbiske par ikkje fekk dei same rettane som heterofile par, t.d. rabattordningar.

¹⁶⁶Ibid.Nr.10,1995,S.5. Nr.1,1999,S.39. Nr.5,1999,S.9. Nr.2,2002,S.12-13. Nr.12,2002,S.12,S.25. Nr.9,2004,S.15. Nr.6/7,2007,S.40-41.

¹⁶⁷Ibid.Nr.11,1991,S.12. Nr.1,1992,S.6. Nr.11,1994,S.3-4. Nr.12,1995,S.5. Nr.12,1997,S.22-24. Nr.5,1998,S.7. Nr.4,2003,S.8. Nr.10,2003,S.6,S.12-13. Nr.11,2003,S.9,S.10. Nr.2,2004,S.9. Nr.6/7,2007,S.30-31.

¹⁶⁸Ibid.Nr.3,1993,S.5. Nr.11,1993,S.7. Nr.7,1994,S.6. Nr.12,1994,S.9. Nr.9,2002,S.41. Nr.3,2008,S.38-42.

¹⁶⁹Ibid.Nr.6,1993,S.12-13. Nr.10,1993,S.17. Nr.10,1993,S.27. Nr.11,1993,S.7. Nr.6,1994,S.6. Nr.8,1994,S.10. Nr.12,1996,S.10. Nr.10,1997,S.24. Nr.12,1997,S.15. Nr.11,1999,S.8. Nr.1,2000,S.7. Nr.1,2000,S.34. Nr.9,2001,S.52-55. Nr.10,2002,S.20-24. Nr.1,2003,S.51. Nr.9,2006,S.24-26. Nr.10,2006,S.12. Nr.12,2006,S.6. Nr.6/7,2007,S.28-29,S.34-35. Nr.3,2008,S.8,S.43-45. Nr.4,2008,S.18-19,S.22-24. Nr.6/7,2008,S.20. Nr.8,2008,S.26-27. Nr.11,2008,S.18-19.

¹⁷⁰Ibid.Nr.6/7,2007,S.26-27. Nr.9,2007,S.46.

¹⁷¹Ibid.Nr.5,1991,S.12. Nr.5,1991,S.25. Nr.1,1992,S.4. Nr.3,1992,S.9. Nr.5,1992,S.4-5. Nr.9,1992,S.7. Nr.2,1993,S.4. Nr.10,1993,S.6. Nr.12,1993,S.3. Nr.1,1994,S.10. Nr.9,1994,S.2. S.4. Nr.1,1995,S.8. Nr.1,1995,S.12. Nr.2,1995,S.5. Nr.4,1995,S.12,S.27. Nr.7,1995,S.2,S.6,S.13. Nr.8,1995,S.11,S.24. Nr.5,1996,S.8. Nr.6,1996,S.7. Nr.7,1996,S.5. Nr.8,1996,S.14. Nr.9,1996,S.15. Nr.10,1996,S.5,S.10. Nr.3,1997,S.2. Nr.4,1997,S.8. Nr.6,1997,S.9,S.32. Nr.7,1997,S.10. Nr.4,1998,S.4. Nr.5,1998,S.9.

Samlivsregulering fekk stor merksemd, «Nei til likestilling» (opinionen), «familielovgivning,» «[...]anerkjennelse for homofilt samliv.» osv.¹⁷² Kristne krefter blei ein viktig ideologisk motstandar i kraft av at dei gjorde motstand når homofile og lesbiske ville definerast som familie.¹⁷³ Somme tok til orde for fjerning av vigsleretten.¹⁷⁴

«Religiøse par» blei støtta, særleg i tilknytning til ÅK.¹⁷⁵ Også i andre religiøse settingar der par blei diskriminert blei det mobilisert, «Samlivsopprør blant kristne,» «Herrens tjenere er åpne,» osv.¹⁷⁶ Ein byrja også å gje «dobbelskeive»(minoritetar) merksemd ved å sjå kritisk på «arrangert ekteskap,» samt intervju med dei dobbelskeive, som ytra at «[...]partnerskap er typisk norsk.» osv.¹⁷⁷ Religion skulle ikkje stå i vegen for å leve i parforhold.

Nr.7,1998,S.30. Nr.8,1998,S.9. Nr.5,1999,S.3,S.4. Nr.6,1999,S.9. Nr.7,1999,S.14. Nr.1,2000,S.9. Nr.2,2000,S.39. Nr.2,2001,S.43. Nr.5,2001,S.47. Nr.9,2002,S.8-9.

¹⁷²Ibid.Nr.0,1990,S.3,S.5. Nr.1/2,1991,S.5,S.30. Nr.3,1991,S.3,S.4. Nr.4,1991,S.3,S.14-15,S.35. Nr.8,1991,S.3. Nr.11,1991,S.14-16. Nr.12,1991,S.24-26. Nr.12,1991,S.36. Nr.2,1992,S.5. Nr.3,1992,S.8. Nr.3,1992,S.12. Nr.5,1992,S.9,S.12. Nr.7,1992,S.2-3. Nr.8,1992,S.32,S.38. Nr.9,1992,S.6. Nr.10,1992,S.9. Nr.12,1992,S.4. Nr.12,1992,S.8. Nr.1,1993,S.5. Nr.2,1993,S.5. Nr.3,1993,S.3. Nr.3,1993,S.3,S.47. Nr.5,1993,S.15,S.46. Nr.7,1993,S.2. Nr.10,1993,S.2. Nr.2,1994,S.9. Nr.3,1994,S.4. Nr.4,1994,S.4. Nr.6,1994,S.2,S.7,S.14,S.48. Nr.7,1994,S.5,S.13,S.28-30. Nr.9,1994,S.11. Nr.10,1994,S.8,S.13. Nr.11,1994,S.7,S.12,S.20. Nr.12,1994,S.3,S.13. Nr.1,1995,S.9. Nr.2,1995,S.9. Nr.5,1995,S.2,S.26. Nr.5,1995,S.32. Nr.5,1995,S.26. Nr.6,1995,S.3. Nr.7,1995,S.30. Nr.8,1995,S.6,S.9,S.34. Nr.9,1995,S.4,S.18-20. Nr.11,1995,S.15. Nr.12,1995,S.2. Nr.1,1996,S.6,S.8. Nr.2,1996,S.2. Nr.4,1996,S.3,S.10. Nr.5,1996,S.7. Nr.6,1996,S.5. Nr.7,1996,S.11,S.14-15. Nr.9,1996,S.3. Nr.10,1996,S.13. Nr.12,1996,S.2,S.6. Nr.1,1996,S.6. Nr.1,1997,S.9,S.12,S.34. Nr.2,1997,S.5,S.10. Nr.3,1997,S.5,S.14. Nr.5,1997,S.7,S.9. Nr.6,1997,S.4-5. Nr.7,1997,S.9,S.17. Nr.9,1997,S.2, S.10. Nr.10,1997,S.9. Nr.12,1997,S.2,S.12. Nr.2,1998,S.2. Nr.3,1998,S.14-15. Nr.4,1998,S.12. Nr.5,1998,S.43. Nr.6,1998,S.8. Nr.9,1998,S.3. Nr.1,1999,S.11. Nr.9,1999,S.8. Nr.10,1999,S.2. Nr.11,1999,S.8,S.13. Nr.2,2000, S.43. Nr.7,2000,S.14-16. Nr.10,2000,S.3-4. Nr.12,2000,S.45. Nr.3,2001,S.49. Nr.4,2001,S.38-44. Nr.8,2001,S.48. Nr.1,2003,S.15. Nr.4,2003,S.22-23. Nr.9,2003,S.12. Nr.3,2004,S.6. Nr.5,2004,S.18-22. Nr.6,2004,S.15. Nr.8,2005,S.40-42. Nr.1,2005,S.68-69. Nr.3,2005,S.6,S.12-13. Nr.5/6,2005,S.12. Nr.8,2005,S.7. Nr.9,2005,S.4,S.6-7,S.9,S.10-13. Nr.10,2005,S.8. Nr.11,2005,S.4,S.6-7,S.14. Nr.1,2006,S.13-14. Nr.2,2006,S.14. Nr.3,2006,S.8-9. Nr.4,2006,S.14-16. Nr.5,2006,S.8-9. Nr.7/8,2006,S.18-20. Nr.9,2006,S.16. Nr.11,2006,S.4,S.17. Nr.1,2007,S.4. Nr.2,2007,S.4,S.8,S.10-15. Nr.3,2007,S.8-9,S.28-31. Nr.4,2007,S.10,S.13. Nr.6/7,2007,S.12-14. Nr.9,2007,S.16-20. Nr.11,2007,S.30-33. Nr.12,2007,S.6,S.28. Nr.2,2008,S.16-17. Nr.3,2008,S.28-29. Nr.5,2008,S.18. Nr.6/7,2008,S.18,S.26-28. Nr.8,2008,S.22-24,S.34-36. Nr.11,2008,S.38-40. Nr.12,2008,S.23,S.24,S.41.

¹⁷³Ibid.Nr.3,1994,S.2,S.5. Nr.1,1998,S.12. Nr.3,1998,S.2,S.32,S.47. Nr.5,1998,S.2. Nr.4,2004,S.6.

¹⁷⁴Ibid.Nr.3,1994,S.11. Nr.1,1995,S.2. Nr.5,2000,S.46. Nr.7,2000,S.30.

¹⁷⁵Ibid.Nr.11,1991,S.34. Nr.5,1992,S.22-24. Nr.9,1992,S.5. Nr.10,1992,S.15-16. Nr.3,1993,S.9.

Nr.11,1993,S.22. Nr.8,1994,S.2. Nr.11,1994,S.34. Nr.3,1995,S.16. Nr.4,1995,S.33. Nr.6,1995,S.4. Nr.9,1995,S.12. Nr.12,1995,S.6-7. Nr.2,1996,S.14. Nr.12,1996,S.35. Nr.8,1997,S.2,S.4. Nr.10,1997,S.7. Nr.12,1997,S.8. Nr.1,1998,S.10. Nr.5,1998,S.10-11. Nr.9,1998,S.8-9. Nr.3,1999,S.4-5. Nr.12,1999,S.14. Nr.4,2000,S.40. Nr.11,2000,S.49. Nr.2,2001,S.56-59. Nr.9,2001,S.22.

¹⁷⁶Ibid.Nr.5,1994,S.10. Nr.7,1994,S.7. Nr.8,1994,S.30-32. Nr.4,1995,S.5. Nr.5,1995,S.3-4. Nr.12,1995,S.3. Nr.3,1996,S.7,S.32. Nr.4,1996,S.7. Nr.1,1997,S.4. Nr.6,1997,S.11. Nr.8,1997,S.4. Nr.8,1997,S.43. Nr.10,1997,S.11. Nr.11,1997,S.2,S.28-29,S.32. Nr.12,1997,S.2. Nr.1,1998,S.3,S.9. Nr.3,1998,S.7. Nr.4,1998,S.9. Nr.9,1998,S.4-5. Nr.11,1998,S.47. Nr.1,1999,S.7. Nr.2,1999,S.2. Nr.3,1999,S.2. Nr.9,1999,S.8. Nr.12,1999,S.24-25. Nr.2,2000,S.37. Nr.4,2000,S.40. Nr.6,2000,S.2-4. Nr.8,2000,S.9,S.31. Nr.11,2000,S.32-34. Nr.3,2002,S.10-11,S.14. Nr.7/8,2002,S.10-11. Nr.10,2002,S.5,S.59. Nr.11,2002,S.54. Nr.2,2003,S.15. Nr.3,2003,S.14-18. Nr.12,2003,S.10. Nr.2,2004,S.7. Nr.3,2004,S.14-16. Nr.4,2004,S.6-7,S.14. Nr.5,2004,S.6. Nr.4,2005,S.59. Nr.5/6,2005,S.10,S.36-37. Nr.3,2006,S.10. Nr.1,2008,S.22,S.34-38. Nr.11,2008,S.10,S.24-32.

¹⁷⁷Ibid.Nr.12,2000,S.12-13. Nr.3,2002,S.22-23. Nr.6,2002,S.10-12. Nr.9,2002,S.12. Nr.10,2002,S.15.

Nr.11,2002,S.28-30. Nr.3,2003,S.11. Nr.4,2003,S.25-38. Nr.2,2004,S.24-28. Nr.3,2004,S.55. Nr.6/7,2004,S.20-

Parforhold som synleggjering var også ei problemstilling utanfor religiøse settingar.¹⁷⁸ Par kunne oppleve vald i kraft av å vere synlege.¹⁷⁹ Det å ha kjende, opne homofile - gjerne samfunnstoppar - kunne ha betydning.¹⁸⁰ Det kunne hjelpe barn og ungdommar som byrja å oppdage si homoseksuelle orientering ved å gje dei klare førebilete.¹⁸¹ Dette er også interessant å merke seg i samband med stadige portrett av homofile og lesbiske par.¹⁸² Manglande råmer kring homofile og lesbiske sine parforhold blei tematisert, parforholda var ikkje omfamna av «[...] rammene og tradisjonene,» og ein måtte få betre «livskår.»¹⁸³ Eldre homofile og lesbiske sin sak blei løfta fram.¹⁸⁴

«Normalitet» blei debattert, og mange framhalde retten til å inngå formalisert samliv og vere «normale.»¹⁸⁵ LLH sine vegval blei sett på som viktige, skulle organisasjonen sørge for eit godt «sosialt miljø,» eller var kampen vunnen ved familiereformene?¹⁸⁶

Samanlikning og avgrensing

22. Nr.6,2006,S.18-20. Nr.11,2006,S.14. Nr.4,2007,S.11. Nr.1,2008,S.17,S.19-21. Nr.1,2008,S.83. Nr.4,2008,S.32-40. Nr.11,2008,S.44-47,S.68-71.

¹⁷⁸Ibid.Nr.6,1995,S.14-17,S.20. Nr.11,1995,S.12. Nr.11,1997,S.4-5. Nr.12,1997,S.6-7. Nr.2,1998,S.6. Nr.4,1998,S.7. Nr.12,1998,S.4. Nr.4,2001,S.21. Nr.2,2002,S.8,S.22-23. Nr.4,2003,S.12-13. Nr.4,2004,S.16-19. Nr.7,2005,S.6-7. Nr.10,2005,S.4. Nr.5,2006,S.4,S.10-25,S.28-29,S.30-32,S.34-35,S.36-39.. Nr.11,2008,S.34-36. ¹⁷⁹Ibid.Nr.12,1996,S.5. Nr.6/7,2004,S.10. Nr.9,2007,S.14-15. Nr.10,2007,S.12-16.

¹⁸⁰Ibid.Nr.6,1998,S.2. Nr.2,2000,S.38,S.40. Nr.5,2000,S.31-35,S.45. Nr.8,2000,S.33. Nr.12,2000,S.34-35. Nr.9,2001,S.45. Nr.2,2002,S.6-7.

¹⁸¹Ibid.Nr.2,1997,S.3,S.8. Nr.6,1998,S.20-23.

¹⁸²Ibid.Nr.1,1994,S.16-17. Nr.2,1994,S.3. Nr.5,1994,S.11. Nr.7,1994,S.26-27. Nr.2,1995,S.3,S.4. Nr.8,1995,S.15-17. Nr.10,1995,S.19. Nr.11,1996,S.38. Nr.12,1996,S.25,S.44. Nr.1,1997,S.8. Nr.2,1997,S.2. Nr.6,1997,S.16-17,S.47. Nr.8,1997,S.18-21. Nr.2,1998,S.20-23. Nr.8,1998,S.14-15,S.20-21. Nr.10,1998,S.12, S.18 (bilag). Nr.4,1999,S.3. Nr.7,1999,S.25. Nr.9,1999,S.18-19,S.24-31. Nr.4,2000,S.32-33. Nr.9,2000,S.2-3. Nr.11,2000,S.16-19. Nr.2,2001,S.16-20. Nr.4,2001,S.54-57. Nr.6,2001,S.8-12. Nr.7,2001,S.10-12. Nr.8,2001,S.34-36. Nr.9,2001,S.20-21. Nr.11,2001,S.16-18. Nr.12,2001,S.23-25. Nr.12,2001,S.48-49. Nr.2,2002,S.26-30. Nr.3,2002,S.26-30. Nr.4,2002,S.20-24. Nr.5,2002,S.22-26. Nr.6,2002,S.16-20. Nr.7/8,2002,S.24-28. Nr.9,2002,S.16-19,S.30-34. Nr.10,2002,S.28-32. Nr.11,2002,S.18-22. Nr.12,2002,S.18-24. Nr.4,2003,S.42-46. Nr.5,2003,S.36-40. Nr.6,2003,S.36-42. Nr.7/8,2003,S.26-28. Nr.4,2004,S.52-54. Nr.4,2005,S.24-25. Nr.10,2005,S.16-19,S.52-54. Nr.6,2006,S.40-42. Nr.7/8,2006,S.56-57. Nr.10,2006,S.42-44. Nr.11,2006,S.24-27. Nr.4,2007,S.20-23. Nr.5,2007,S.22-25. Nr.8,2007,S.38-41. Nr.10,2007,S.44-46,S.56-57. Nr.1,2008,S.46-48. Nr.2,2008,S.26-28. Nr.3,2008,S.32-35. Nr.4,2008,S.12-16. Nr.5,2008,S.30-33. Nr.6/7,2008,S.34-35,S.66-68. Nr.8,2008,S.46-49. Nr.9,2008,S.34-35. Nr.10,2008,S.38-40,S.50-54. Nr.12,2008,S.52-54.

¹⁸³Ibid.Nr.1,1994,S.22-23. Nr.8,1994,S.7. Nr.5,1995,S.7. Nr.7,1999,S.47. Nr.5,2001,S.16-19. Nr.6,2001,S.45. Nr.8,2001,S.23. Nr.10,2001,S.45. Nr.11,2001,S.45. Nr.7/8,2002,S.13. Nr.7/8,2003,S.14-19. Nr.1,2004,S.20-24. Nr.5,2004,S.8-9. Nr.11,2005,S.50. Nr.4,2006,S.13,S.17. Nr.1,2007,S.14. Nr.3,2007,S.16-18. Nr.10,2007,S.82-83.

¹⁸⁴Ibid.Nr.6,2000,S.14. Nr.3,2002,S.42-44. Nr.10,2002,S.10-12. Nr.4,2008,S.28-29.

¹⁸⁵Ibid.Nr.10,1994,S.35. Nr.5,1995,S.2. Nr.6,1995,S.35. Nr.7,1995,S.30. Nr.5,1997,S.32. Nr.9,1998,S.32. Nr.4,1999,S.2. Nr.2,2000,S.16-19,S.34. Nr.12,2001,S.31. Nr.3,2001,S.5,S.25. Nr.3,2003,S.71. Nr.8,2005,S.8. Nr.12,2008,S.22.

¹⁸⁶Ibid.Nr.4,1996,S.34. Nr.5,1994,S.17. Nr.8,1998,S.26. Nr.1,1999,S.12. Nr.4,2007,S.12,S.14-19. Nr.5,2007,S.14-15. Nr.8,2007,S.32.

Både *Fritt Fram* og *Løvetann* utviste dramatisk nedgang i saker knytt til familie under HIV/AIDS-epidemien frå 1983 og framover. Sidan begge utviser det same fallet er det grunn til å tru at dette hang saman med at epidemien tok mykje fokus vekk frå andre diskusjonar. Eit sams trekk for alle dei tre tidsskrifta er at diskusjonane kring familie og samlivsregulering auka ved aktuelle familiepolitiske reformer. I analysekapitla vil statistikkutslag kommenterast der det er tydelege samsvar med reformene debattert. Andre statistiske utslag skuldast redaksjonell interesse for eit tema, heller enn aktuelle reformer. Sjølv om homotidsskrifta varierte med tanke på organisasjonstilknytning, var alle tre opptekne av kva politikk homoorganisasjonane førte på familiefeltet.

Som statistikkaterialet syner gjekk dei same tematikkane og diskusjonane att i alle tre homotidsskrifta. Ikkje alle i homorørsla tenkte på familieliv som attråverdig.

Samlivsregulering, forventningar om at ein «skulle» få barn, osv. blei møtt med ideologisk motstand. Sams med den norske familiepolitikken kan barn sitt beste seiast å ha vore homorørsla sitt «familiepolitiske mandat,» og barna sitt beste var sentralt i alle tre tidsskrifta. Likeleis å peike på at homofile og lesbiske var fullverdige foreldre. Eit anna sams trekk hjå dei tre homotidsskrifta er at homofile menn og lesbiske kvinner sitt samliv/familieliv blei støtta, t.d. i tilfelle kor par blei møtt med religiøs motstand når dei t.d. ønskja å gifte seg. Dette var ofte knytt særleg til ÅK. Igjennom heile perioden blei det kravd former for ekteskap eller samlivsregulering av delar av homorørsla.

Eit vidt spekter av meiningar, organisasjonar og politiske ståstader kjem fram i kronikk- og debattspaltene i alle tidsskrifta. Jamfør problemstillinga er det dei sakene med relevans for familiediskusjonane som vert inkludert. Ein tematikk som rører ved nokre av elementa i diskusjonane kring normer for intimitet og familieliv, er innlegg frå og om den norske pedofilirørsla. Denne saka har eg likevel i hovudsak velt bort. Den ville krevje ei eiga masteroppgåva/artikkel då det er eit komplisert og krevjande saksfelt. Likevel vil eg ved eit par høve inkludere pedofili i analysen der det har relevans for familieskipingane i homorørsla.

Også «dobbeltskeive» ville krevje ei eiga tilnærming. Dobbeltskeive var eit omgrep nytta i *Blikk* for å skildre homofile med minoritetsbakgrunn. Argumentasjonen var prega av same trekk som for dei kristne homofile, basert på at religiøs dogmatisme skulle ikkje hindre deira fridom til å inngå i par. Ei rad faktorar inngår i dette, og vanskeleggjer å knyte det opp mot mi problemstilling. Ei tilnærming her måtte inkludert spørsmål som «tvangsgifte,» kulturelle faktorar, og spesifikke sosioøkonomiske faktorar for innvandrarbefolkninga.

I homotidsskrifta lei det gjerne framstilt som at bifile måtte velje kva lov dei ville nytte seg av, i perioden mellom 1993 og 2008 kor partnerskapslova og ekteskapslova regulerte homofilt og heterofilt samliv. Bifile sin situasjon som eiga sak ser ikkje ut til å ha blitt nemnt i *Fritt Fram*. Som eiga sak blei bifile løfta fram frå 1982 i *Løvetann*.¹⁸⁷ I *Blikk* frå 1994.¹⁸⁸ Ein bifil mann kunne t.d. velje å inngå partnerskap med ein mann, eller ekteskap med ei kvinne. I boka *Bisexuality and Same-sex marriage* utforskas ulike oppfatningar om kjønn og seksualitet innanfor LHBT.¹⁸⁹ Det har blitt hevda at debattar om lover som partnerskapslova og ekteskapslova representerer ein dualistisk seksualitetskonstruksjon.¹⁹⁰ Det vil seie at folk blir tenkt på som heteroseksuelle, eller som homoseksuelle. Personar som definerer seg som biseksuelt eller transseksuelt har mindre plass innanfor denne dualismen. I homotidsskrifta blei dette presentert som eit var bifile måtte ta, og tolkast som refleksjon av sosiale hegemoniske ideologiar som tvinger folk til å tilpasse seg ei smalt definert binær kjønns- og seksualitetsforståing for å kunne delta i offentleg ordningar som partnerskap og ekteskap.¹⁹¹ Å gå nærare inn på dei bifile si stilling i høve familie ville vere meir relevant med ei problemstilling som t.d. utforska dualistisk seksualitetskonstruksjon i ljøs av samlivsregulering, eller ei problemstilling som såg nærare på bifile sin identitetskonstruksjon, eller deira plass i homorørsla.

Transpersonar hadde ei komplisert stilling jamfør familie. Av det eg kan sjå nemnast deira sak første gang i *Fritt Fram* allereie i 1979.¹⁹² *Løvetann* i 1993.¹⁹³ I *Blikk* første gang i 1995.¹⁹⁴ Å gå nærare inn på transpersonars stilling ville krevje å gå nærare inn på omgreps- og identitetsforståing innanfor det store spekteret på feltet – t.d. var omgrep som «tvekjønna», «transseksuell», «transperson», osv. nytta i homotidsskrifta. Det var ulike erfaringar og problemstillingar knytt til deira identitet, seksualitet, somatiske helse og familieliv, og ei tilnærming til dette måtte tatt høgde for alle desse aspekta.

¹⁸⁷"Løvetann." Nr.3,1982,S.38. Nr.4,1982,S.10. Nr.5,1991,S.9-11. Nr.3,1994,S.7,S.48-49. Nr.2,1995,S.16-18.

¹⁸⁸"Blikk." Nr.2,1994,S.40. Nr.12,1995,S.2. Nr.9,1996,S.21-22. Nr.4,1997,S.7. Nr.4,1998,S.24-27.

Nr.7,1999,S.47. Nr.11,2000,S.8-9. Nr.5,2001,S.25,S.61. Nr.9,2001,S.58-61. Nr.9,2001,S.25. Nr.5,2002,S.16-18. Nr.7/8,2002,S.39. Nr.11,2002,S.44. Nr.5,2006,S.44-47. Nr.6/7,2004,S.32. Nr.9,2006,S.32-36. Nr.12,2008,S.46-48.

¹⁸⁹M. Paz Galupo, *Bisexuality and Same-Sex Marriage* (London: Routledge, 2009). S.9.

¹⁹⁰Ibid.S.16.

¹⁹¹Ibid.S.46.

¹⁹²"Fritt Fram." Nr.2/3,1979,S.14-17.

¹⁹³"Løvetann." Nr.1,1990,S.6-7.

¹⁹⁴"Blikk." Nr.3,1995,S.16.

Kapittel 3: 1973-1980: Frels oss frå det vonde

Dei første åra av *Fritt Fram* sin utgjevingsperiode var sterkt prega av radikal familiekritikk, og det «vonde» sikta til var i denne tidlege perioden ekteskapet. Perioden etter avskaffinga av §213 og §379 sto i livspolitikken teikn for homorørsla. Då korkje sex mellom menn eller sambuarskap lenger var ulovleg, sto homorørsla utan emansipatoriske hindringar kva gjaldt sex- og samlivs praksis. DNF'48 sin 1973-resolusjon avviste klart tradisjonelt ekteskap, og gjorde seg med det opposisjonelle til det beståande seksuelle medborgarskapet slik det blei regulert i Noreg i samtida.

For å gripe den tidlege familieførståinga i homorørsla, er det naudsynt å sjå på korleis historiske føringar prega det som kom til uttrykk i homotidsskrifta. Om det var miljøet som skapte organisasjonar som DNF'48, eller om det tvert i mot var DNF'48 som skapte eit miljø, kan debatterast. Urbanisering blir ofte dratt fram som ein viktig faktor som mogeleggjorde skipinga av kontaktnettverk for menneskje med draging mot sitt eige kjønn.¹⁹⁵ Eit viktig moment ved urbaniseringa er at storbyanonymiteten kunne skjule homoseksualitet, og at «miljøet» gjerne tok form som skjulte kontaktnettverk og møtestader. Alle som møttest i desse kontaktnettverka var heller ikkje homofile i dagens forståing av ordet. I dag blir det gjerne vist til skilje mellom homofile menn og «menn som har sex med menn (MSM).» MSM er menn som har sex med andre menn utan å definere seg sjølve som homofile, eller deltar i homomiljøet elles. Dette er eit moderne omgrep ikkje nytta i samtida, men viser at den *homoseksuelle handling* ikkje naudsynt betyr at menneske identifiserer seg som homofile. I kor stor grad lesbiske kvinner og homofile menn sine nettverk hadde kontakt før skiping av organisert homorørsla er vanskeleg å seie.

Fleire vil hevde at nettopp framveksten av ei organisert homorørsla knytte saman lesbiske og homofile nettverk. Sosialantropologen Hans Wiggo Kristiansen skildrar i boka *Masker og Motstand – diskre homoliv i Norge 1920-1970* tiåra før opphevinga av §213 i 1972. Også i

¹⁹⁵Martin Andreasson, *Homo I Folkhemmet : Homo- Och Bisexuella I Sverige 1950-2000* (Göteborg: Anamma, 2000).

Bech, "Report from a Rotten State - "Marriage" and "Homosexuality" in "Denmark"."

Peter Edelberg, *Storbyen Trækker : Homoseksualitet, Prostitution Og Pornografi I Danmark 1945-1976* (København: Jurist- og Økonomforbundet, 2012).

Margareta Lindholm and Arne Nilsson, *En Annan Stad : Kvinnligt Och Manligt Homoliv 1950-1980* (Göteborg: Alfabet/Anamma, 2002).

Wilhelm von Rosen, *Månens Kulør : Studier I Dansk Bøssehistorie 1628-1912 : 1* (København: Rhodos, 1993). S.39.

Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*.

"Sinners and Citizens : Bestiality and Homosexuality in Sweden 1880-1950" (Stockholms universitet, 2001). S.278-308.

Kristiansens tilnærming spelar urbanisering ei rolle, men kontaktnettverk eksisterte også mellom - og innan - bygder og mindre byar, samt i storbyane. Eit samla inntrykk frå Kristiansen er at homofile og lesbiske parforhold ikkje var umogeleg sjølv om samfunnet i liten grad la til rette for det. Etableringa av Det Norske Forbund av 1948 i 1950 var eit direkte resultat av kontakt med «Forbundet af 1948» i Danmark.¹⁹⁶ På tross av den store mannsdominansen i DNF'48 dei første åra, knytte rørsle saman lesbiske kvinner og homofile menns nettverk.¹⁹⁷

Frå og med 1972 kom homofiles kjærleiksliv til å bli ein offentleg kampsak. Men; mobiliseringa mot §213 gjekk som vist i innleiinga attende til 1950-talet. Karen-Christine (Kim) Friele har i sjølvbiografien *Troll skal temmes* skildra forbundet som vanskeleg å kome inn i, og karakterisert det som «Det hemmelige lauset.»¹⁹⁸ Ved tiltreding som leiar erklærte ho på nytt krig mot §213.¹⁹⁹ Friele hadde posisjon som leiar frå 1966 til 1971, og var generalsekretær frå 1971 til 1989.²⁰⁰ Friele blei ei tonegjevande og viktig røyst både i DNF'48 og i homotidsskrifta. Med Friele i leiarstolen blei det klart slutt på diskresjonslinja. Det er viktig å presisere at hennar leiarperiode ikkje må overskugge arbeidet som skjedde før ho blei leiar, men kanskje mest er å rekne som eit «taktskifte,» særleg med mindre diskresjon.

Kristiansen forstår organisasjonar som DNF'48 som ein del av ei sosial rørsle.²⁰¹ Organisasjonane – eller den sosiale rørsle homorørsle kan kallast – har hatt ei viktig utviklande og formande rolle på delar av miljøet. DNF'48 kan seiast å ha «skapt» den opne homofile og lesbiske i Noreg, som erstatta tidlegare «diskresjonskultur.» Medan homoseksuelle hadde levd diskrete liv, der dei i stor grad freista å halde sine preferansar og relasjonar skjult for omgjevnadane, byrja DNF'48 i siste halvdel av 1960-talet å promotere ein tydelegare og meir open haldning til homoseksualitet. Diskresjonskulturen blei slik sakte, men sikkert, erstatta av ein meir open identitetskultur. Mange hadde levd sitt kjærleiksliv i større eller mindre grad av openheit alt etter kva miljø dei levde i. I Knut Kjeldstadli si bok *Historier om Motstand: Kollektive Bevegelser i det 20. århundret* listas tolv kjenneteikn for sosiale rørsler, kor homorørsle oppfyller dei aller fleste i større og mindre grad.²⁰² Av desse er

¹⁹⁶Kristiansen, *Masker Og Motstand : Diskré Homoliv I Norge 1920-1970*. S.139-40.

¹⁹⁷Ibid.S.178.

¹⁹⁸Karen-Christine Friele, *Troll Skal Temmes* ([Oslo]: Scanbok, 1990). S.78-90.

¹⁹⁹Ibid.S.150.

²⁰⁰Skeivtarkiv.no, "Karen-Christine (Kim) Friele," Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/karen-christine-kim-friele>. Lest 25.04.2016.

²⁰¹Kristiansen, *Masker Og Motstand : Diskré Homoliv I Norge 1920-1970*. S.178.

²⁰²Idar Helle, Jardar Sørvoll, and Knut Kjeldstadli, *Historier Om Motstand : Kollektive Bevegelser I Det 20. Århundret* (Oslo: Abstrakt, 2010). S.15. Desse er:

kanskje tre særleg viktige. Det første er at homorørsla har hatt mål om å forandre den beståande orden heilt eller delvis. Avskaffinga av §213 og §379 er kanskje det tydelegaste dømet på dette. Det andre felles kjenneteiknet er ein felles motstandar, som heng saman med det første kjenneteiknet då den beståande ordens tilhengarar har vore dei viktigaste motstandarane. Statistikkaterialet viser at religiøse instansar blei peikt ut som hovudfiendar i alle tre homotidsskrifta. Det tredje kjenneteiknet er som vist at homorørsla utvikla sin eigen offentlegheit, noko homotidsskrifta kanskje er det viktigaste uttrykket for.²⁰³

I følgje Rydström blei det i 1973 haldt ein konferanse i Oslo med leiarar frå homorørslene i Skandinavia og Nederland, der særleg dei norske og nederlandske delegatane var tydelege i si avvising av tradisjonelt ekteskap til fordel for rettsleg regulering av andre relasjonar, som t.d. fleire partnarar.²⁰⁴ Men; Kim Friele hadde ved møtet teke til orde for juridisk anerkjenning av samkjønna relasjonar så lenge dei ikkje kopierte heteroseksuelt ekteskap.²⁰⁵ Som antyda var dette ei opposisjonell posisjonering til det norske seksuelle medborgarskapet. Men kvifor ville ein ta avstand frå det heteroseksuelle ekteskapet? Kunne ein oppnå ekteskapsrettar? I følgje Rydström var DNF'48 sin posisjon til ekteskap frå 1973 forma av at det å skulle kunne oppnå ekteskapelege rettar blei opplevd som verkelegheitsfjernt.²⁰⁶ Var alle i homorørsla einige i avstandstakinga frå ekteskapet? Opplevde kvinner og menn ekteskapet likt? Ville ekteskap

1: De har først av alt hatt et mål om å forandre en eksisterende orden, totalt eller delvis.

2: Dei har hatt en størrelse bevegelsen har mobilisert mot, en motstander (overklassen), en praksis (overforbruk), eller et fenomen (alkoholen).

3: De har understreket at de som var med, hadde noe felles, som også har skilt dem fra andre, de har altså hatt en kollektiv identitet.

4: De har hatt – eller har i alle fall villet ha – massekarakter med mange medlemmer.

5: De har gjerne hatt basis i breiere sosiale nettverk eller i det som i en tysk sammenheng er kalla sosialmorske miljøer.

6: De har vært folkelige, ikke forbeholdt eksklusive sosiale eliter, men hva dette folket har vært, kunne forstås på flere vis.

7: De har prinsipielt vært åpne for alle, skjønt dette er et problematisk kriterium. Fagbevegelsen er jo da utelukka.

8: De har hatt et klart element av formell organisering, men rørsle har sjelden vært identisk med en organisasjon. Ikke bare har det funnes ulike retninger innad og ulike særorganisasjoner, men tilhengerne har gjerne vært flere enn de formelt organiserte medlemmene.

9: De har være demokratiske bevegelser ved å bygge på frivillig tilslutning, et minstemål av deltaking og en demokratisk organisasjonsform.

10: De har hatt en indre kommunikasjon, en slags intern offentlighet.

11: De har vært relativt varige.

12: Rørslene har vært uavhengige av øvrighet – dette har vært sett som forskjellen mellom standssamfunnets gamle korporasjoner og det moderne samfunnets assosiasjoner og masseorganisasjonene.

²⁰³ Dei tre kjenneteikna dratt fram korresponderer særleg med Kjelstadlis punkt ein, to, og ti.

²⁰⁴ Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*.S.42-43.

²⁰⁵ Ibid.S.86.

²⁰⁶ Ibid.S.88-89.

mellom to av same kjønn vere ein kopi av det heteroseksuelle ekteskapet, og altså representere assimilasjon?

Kvinnekamp er homokamp

1970-talet kan sjåast som ei endringstid der mange radikale røyster gjorde seg gjeldande. Familiediskursen i *Fritt Fram* kom på det tidlege 1970-talet til å bli prega av desse. Den nye kvinne- og mannsrørsla engasjerte seg i dette tiåret for å endre den rådande kjønnsordninga.²⁰⁷ Kva eit godt familieliv, samliv, og seksualliv var blei heftig diskutert, og lesbiske og homofile var ikkje åleine i å tenke nytt kring forventingane til livet.

Eit sentralt «ankepunkt» mot det tradisjonelle var at kjernefamilien var ein undertrykkande institusjon, og at dette er særleg synleg i dei tidlege årgangane av *Fritt Fram*. Første nummer i 1975 hadde sambandet mellom kvinnekamp og homokamp som tematisk fokus. Kritikken var retta mot stengsla den tradisjonelle kjernefamilien skapte for livsutfaldinga, og *Fritt Fram* trykte ein resolusjon frå Kvinnefronten kor homo- og kvinnerørsla sin kamp blei sett som ein felles kamp.²⁰⁸ På leiarplass i *Fritt Fram* blei resolusjonen omtalt som ein «[...]støtteresolusjon,» og kvinnekamp og homokamp foreina:

«Vi har felles interesser med kvinnebevegelsen i kampen mot kjønnsrollemønsteret, mot diskriminering p.g.a. kjønn eller seksuelt fortegn, mot kommersialisering av seksualitet, for akseptering av samlivsformer utover kjernefamilien.»²⁰⁹

Ein viktig del av kritikken retta mot kjernefamilien i perioden var å kritisere kjønnsrollemønsteret, som her blei presentert som ein av faktorane som undertrykte kvinner. Kvinnefronten blei skipa i 1972 av utbrytarar frå Nyfeministane, og eksisterer framleis i dag.²¹⁰ Kvinnefrontens leining var frå 1974 til 1977 dominert av Arbeidernes kommunistparti (marxist-leninistene), og organisasjonens politikk var prega av dette.²¹¹ Kva betydning dette hadde skal eg kome tilbake til seinare. Siste punkt i Kvinnefrontens resolusjon minna om DNF'48s resolusjon frå 1973: «Kamp mot at kjernefamilien er den eneste aksepterte livsform og kamp for ulike samlivsformer.»²¹² Kvinnefronten hevda at «De homofile kvinnene [...] oppfyller ikke samfunnets krav til kvinnen om å inngå ekteskap og føde barn.» Lesbiske blei

²⁰⁷Hilde Danielsen, "Den Nye Kvinne- Og Mannsbevegelsen På 1970-Tallet," in *Da Det Personlige Ble Politisk*, ed. Hilde Danielsen (Oslo: Scandinavian Academic Press/Spartacus forlag AS, 2013). S.7.

²⁰⁸"Fritt Fram." Nr.1,1975,S.7.

²⁰⁹Ibid.Nr.1,1975,S.3.

²¹⁰Danielsen et al., *Norsk Likestillingshistorie 1814-2013*. S.295.

²¹¹Hilde Danielsen, *Da Det Personlige Ble Politisk : Den Nye Kvinne- Og Mannsbevegelsen På 1970-Tallet* (Oslo: Scandinavian Academic Press, 2013). S.54.

²¹²"Fritt Fram." Nr.1,1975,S.7.

framstilt som uavhengige av menn, og hadde styrke i dette. Kvinnefronten ville ikkje «[...] utelukke de lesbiske i kvinnekampen.» Kvinnefronten ville diskutere lesbiske kvinner sin plass i organisasjonen fram mot vedtak av nytt arbeidsprogram i 1976. På leiarplass i *Fritt Fram* blei kvinnesaken i forbundet støtta, og ein ville «[...] bekjempe undertrykking og diskriminerende holdninger overfor kvinner innenfor forbundet.»²¹³ I begge tekstane var «undertrykking,» «frigjøring,» «kjønnsrollemønsteret,» sentrale omgrep. Begge peika også ut «kjernefamilien» som del av undertrykkinga. Men; Kvinnefronten ville ikkje «utelukke,» og snakka om «solidaritet» angående dei lesbiske kvinnene, medan i *Fritt Fram*-leiareren var det «klar samanheng,» mellom kvinnekamp og homokamp, og feministane var «allierte.» Dette antyder at sambandet mellom kvinnekamp og homokamp ikkje var så sjølvstøtt som det tilsynelatande kunne sjå ut som, til tross for at fiendebiletet – i form av kjernefamilien – i denne perioden var likt.

Som antyda var Kvinnefronten berre ei av fleire feministiske organisasjonar i perioden. Nyfeministane hadde tatt slagordet «det personlige er politisk» for å rokke ved tradisjonelle forståingar og posisjonar hjå kvinner og menn.²¹⁴ 1970-talet sjåast gjerne som tiåret for frittstående kvinnesaksorganisasjonar.²¹⁵ Splitting i ulike organisasjonar er symptomatisk for at samarbeid, politiske mål, og agitasjonsmåtar var vanskeleg å vere sams om. Ei spesiell «utgåve» av slike kvinnesaksorganisasjonar var lesbiske feministiske organisasjonar. Lesbisk Bevegelse blei stifta 05.september 1974 for å jobbe med «lesbiske saker,» og andre kvinnepolitiske saker som rett til abort.²¹⁶ Heteroseksualitet versus lesbiskheit blei eit konfliktområde i den norske kvinnerørsla.²¹⁷ Som antyda igjennom 1975-nummeret var kanskje homorørsla meir interesserte i kvinnekampen enn det til dømes Kvinnefronten og andre feministorganisasjonar var i homokampen. Lesbiske kunne oppleve dobbel marginalisering ved at lesbiske problemstillingar kunne bli underspelt eller ignorert både i kvinne- og i homorørsla. Det var også ei mannsrørsla i perioden, slik at kjønnsroller blei diskutert både for menn og kvinner. I artikkelen «Superguttene – den norske mannsbevegelsen på 1970- og 1980-talet» presenterer sosiolog Jan Kåre Breivik den norske feministiske mannsrørsla.²¹⁸ Mannsrørsla var eit mindre fenomen enn kvinnerørsla, og har

²¹³Ibid.S.3.

²¹⁴*Da Det Personlige Ble Politisk : Den Nye Kvinne- Og Mannsbevegelsen På 1970-Tallet*.S.155.

²¹⁵Ibid.S.72.

²¹⁶Ibid.S.88.

²¹⁷Tone Hellesund, "Intimiteter I Forandring," in *Da Det Personlige Ble Politisk*, ed. Hilde Danielsen (Oslo: Scandinavian Academic Press/Spartacus forlag AS 2013). S.87.

²¹⁸Jan-Kåre Breivik, "Superguttene - Den Norske Mannebevegelsen På 1970- Og 1980-Tallet," *ibid.*, ed. Hilde Danielsen (Scandinavian Academic Press/Spartacus forlag AS).

også vore mindre forska på. Mannsrørsla blei stifta i 1978, og eksisterte til 1982. Mannsrørsla var sympatisk innstilt til kvinnerørsla, og medlemmane var opptekne av å byggje ei ny mannsrolle. Eit problem for homofile og lesbiske i høvesvis mannsrørsla og kvinnerørsla var at dei kunne oppleve homofobi, og manglande forståing for sine problemstillingar. Sidan «kjønnsrollemønsteret» var vanleg å kritisere var sambandet til – eller sympati med – kvinne- og mannsrørsla naturleg. Likevel kan det brotet med kjønnsrollemønsteret homoseksualitet i homotidsskrifta gjerne blei sett som representant for, ha skapt vanskar i samarbeidet.

Fritt Fram ser ut til å ha forsøkt å posisjonere seg som eit forum der alle dei ulike røystene i homorørsla fekk spelerom. I «Kvinnekamp – homofil kamp» frå same nummer som Kvinnefront-resolusjonen tok Elin Lund til orde for at usemja mellom kvinner og menn kva gjaldt kjønnsroller, og undertrykkinga ekteskapets sementering av kjønnsrollene skapte, ikkje måtte splitte DNF'48 som organisasjon for både kvinner og menn.²¹⁹ Kvinner og menn blei presentert som låst i eit forhold basert på makt(menn) – avmakt (kvinner) igjennom ekteskapet. Lund viste til frykt for at kvinnene skulle bryte ut av DNF'48 dersom lesbiske kvinner sin problemstillingar ikkje blei høyrte, og ser med innlegget ut til å ha forsøkt å skape solidaritet mellom menn og kvinner i rørsla. I ei tid kor frontane mellom feministar og ikkje-feministar kunne vere ganske steile, kan frykta for splitting ha vore reell. Lund peika på at; «Lesbiske og homofile menn har ihvertfall et felles utgangspunkt, nemlig at vi begge gjør opprør mot det allmenne kjønnsrollemønster [...]» Det blei skriva om «undertrykking,» «maktapparatet,» og «[...] heteroseksualiteten som institusjon.»²²⁰ Lund gjorde greie for korleis lesbiske kvinner var undertrykt, men måtte argumentere for at homofile menn var undertrykt av dei same mekanismane. Lund definerte både homofile menn og lesbiske kvinner som farlege for «maktinteressene,» og såg homofili som eit politisk perspektiv: «[...] som et opprør mot den institusjonaliserte heterofili, sparker den bein under kjønnsrollemønsteret og rokker dermed både ved arbeidsdelingen og maktfordelingen.»²²¹

På leiarplass i same nummer blei behovet for felles kvinnekamp og homokamp løfta fram: «Å motarbeide kvinnefrigjøring er å undergrave mulighetene for at homokampen skal lykkes.»²²² Fordi dette var tatt opp redaksjonelt og redaksjonen var direkte underlagt DNF'48 sitt landsstyre er det grunn til å tru at den redaksjonelle linja var å knytte kvinnekamp og

²¹⁹"Fritt Fram."Nr.1,1975,S.4-6.

²²⁰Ibid.Nr.1,1975,S.6.

²²¹Ibid.Nr.1,1975,S.6.

²²²Ibid.Nr.3,1975,S.3.

homokamp saman. Ikkje minst var dette i DNF'48 sine interesser sidan full splitting i egne kvinne- og mannsrørsler for lesbiske og homofile kunne svekke homokampen.

Fritt Fram Nr.2.1976 var eit «familienummer,» og illustrert på forsida med ei teikning av ein familie som såg ulukkelege og sinte ut. Som vist blei familien forstått igjennom større kjønnspolitiske og samfunnsøkonomiske råmer. DNF'48 søkte som organisasjon å sameine ei rad ulike interesser, og medlemmanes kontakt med kvinne- og mannsrørsle kunne påverke oppleving av og haldning til familie og ekteskap. Basert på Lunds tilnærming i «Kvinnekamp – homofil kamp» kan det sjå ut til ekteskap og familie forstått som undertrykking blei opplevd sterkare av mange kvinner enn mange menn, kanskje spesielt grunna ei feministisk forståingsrâme.²²³

Ein annan organisasjon som gjorde seg gjeldande, og som førte til ei faktisk splitting av homorørsla, var AKP (m-l). I artikkelen «Familien» av Brita Gulli i familienummeret reagerte ho på AKP (m-l) si parole «Forsvar familien.»²²⁴ Usemja mellom den sjølverklærte feministen Gulli og AKP (m-l) dreia seg ikkje berre om ulik oppfatning kring familie, men gjekk også inn i organisasjonssplittinga.

DNF'48 blei kjende med AKP (m-l) si «Fråsegn om homofili» i 1975. Her tok AKP (m-l) stilling til homoseksualitet som eit borgarleg skapt fenomen, og ville grunna det ville ikkje arbeide for å «promotere» homoseksualitet.²²⁵ AKP (m-l) gav også støtte til land som Kina og Albania med klart antihomoseksuell politikk. Fråsegna om homofili var ikkje tenkt som eit offentleg dokument, men den lakk ut og blei kjent i DNF'48 i 1975. Konflikten eskalerte då to lesbiske kvinner blei nekta å setje inn leilegheitsannonse i AKP-avisa *Klassekampen*.²²⁶ Som vist i statistikkaterialet blei diskriminering av homofile og lesbiske par reagert på i *Fritt Fram*, typisk gjennom som sette fokus på problem homofile og lesbiske møtte i kraft av å vere synlege som par, t.d. i saker knytt til sambuforsikring eller bustadleige.

Mange var medlemmar både DNF'48 og AKP (m-l), og dobbelmedlemskapa førte til frykt for politisk-AKP (m-l) materiale skulle komme ut i *Fritt Fram*. AKP (m-l) blei kjent for å gjere klassekamp overordna andre problemstillingar.²²⁷ I AKP (m-l) sitt perspektiv ville både homokamp og kvinnekamp vere underordna spørsmål på vegen fram mot det klasselause

²²³Ibid.Nr.1,1975,S.4-6.

²²⁴Ibid.Nr.2,1976,S.5-9.

²²⁵Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*. S.44.

²²⁶Ibid.S.44.

²²⁷Danielsen, *Da Det Personlige Ble Politisk : Den Nye Kvinne- Og Mannsbevegelsen På 1970-Tallet*. S.27.

samfunnet. Som vist var leiinga i Kvinnefronten dominert av AKP (m-l) mellom 1974 og 1977, og ein frykta at ein liknande situasjon der stoffet i *Fritt Fram* kunne bli dominert av AKP (m-l) sin ideologi.

Den tredje utgåva av *Fritt Fram* 1975 blei grunna frykt for AKP (m-l) materiale haldt attende med grunngjevinga: «Fritt Fram Nr. 3/75 sendes ikke ut – verken til medlemmer eller andre. Redaksjonen har ikke AUs (Arbeidsutvalgets) tillit og avsettes med øyeblikkelig virkning.»²²⁸ Dei to utgåvene var relativt like, men på nokre sider blei det som kan hevdast å ha vore AKP (m-l)-syn blitt framstilt som heile DNF'48 sitt syn. Det viktigaste resultatet av konflikten var at opposisjonen gjekk ut og forma Arbeidsgrupper for homofil frigjøring (AHF).²²⁹ AKP (m-l) folk var medlemmar av begge organisasjonane, men etter kvart blei medlemsmassen i AHF dominert av AKP-ml-folk. DNF'48 fatta eit eksklusjonsvedtak som kasta ut dobbelmedlemmar (medlem av både AHF og DNF'48). Dette skapte djupe sår i homorørsla. Den politiske usemja førte til at to grupperingar, DNF'48 og Fellesrådet for homofile organisasjoner i Norge (FHO) - kor AHF var eitt av medlemmane – i åra fram til 1992 arbeidde på kvart sitt hald for homosaken. Mange vil argumentere for at dei i stor grad arbeidde for dei same politiske sakane.²³⁰

Gulli sin artikkel var opphavleg eit innlegg i ein diskusjon på studentersamfunnet i Oslo, kor temaet var kjernefamiliens rolle i ein revolusjonær prosess. Gulli forsto AKP (m-l) sin posisjon med «[...]familien som revolusjonær kampenhet[...]» som ein feilslått strategi fordi familien slik den fungerte i samtida var ein undertrykkande institusjon som derfor ikkje kunne nyttast som kampeining. Likevel fann Gulli interesse i nokre punkt AKP (m-l) drog fram; «[...]generelle ting om forholdet mellom kvinner og menn, om kjernefamiliens samfunnsbevarende betydning, som jeg mener i høy grad også har interesse for spørsmålet om strategien for den homoseksuelle frigjøringskampen.»²³¹ Gulli presenterte familien som «[...] patriarkatets grunnleggende institusjon.»²³² Familien si undertrykking av kvinner gjennom tradisjonelle kjønnsrollemønster, økonomisk skeivfordeling til fordel for mannen, osv. Familien blei av Gulli definert som ei arbeidsdeling mellom kvinner og menn. Artikkelen peikte på kjærleik som ein vesentleg del av eit familieforhold, men at kjærleiken hadde dårlege kår innanfor patriarkatet, og eit samfunn der berre den «heteroseksuelle kjærligheten»

²²⁸Claus Drecker, "Redegjørelse Angående Forholdene Omkring Fritt Fram Nr.3/75. Lest Opp På Generalforsamlingen I 1975. ," <http://www.nordlys.net/frittfram/begrunnelse.pdf>. Lest 16.05.2016.

²²⁹Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*. S.44.

²³⁰Ibid.S.45.

²³¹"Fritt Fram."Nr.2,1976,S.5-9.

²³²Ibid.Nr.2,1976,S.5.

var anerkjend. Kjærleiken blei i artikkelen sett på som eit «betalingsmiddel» kvinna fekk for sin innsats i heimen, og det å basere ein samfunnsrevolusjon på kjærleik kunne slik ikkje fungere. Korleis individet kunne legge til rette for sosial og økonomisk fridom blei tematisert gjennom alternativ til kjernefamilien som «kollektive boformer,» der kvinner kunne dele på arbeidsoppgåver og barneoppseding.

«Den defensive -nå-må-vi-være-forsiktige-og bevare-det-vi-har-politikken, legger opp til en strategi som hindrer kvinner å frigjøre seg fra den undertrykkende kjernefamilien, og siden alle kvinners rolle er å være hustru/mor, vise evig omsorg for alt og alle, blir det å bekjempe den nåværende familieform viktig for kvinnefrigjøringen. [...] Å skape andre familieformer, andre samlivsformer, er strategisk viktig i kvinnekampen, og kan ikke vente til etterpå.»²³³

Gulli gjorde det altså klart at ein ikkje kunne vente på det klasselause samfunnet, men måtte adressere problema no. Også på leiarplass i familienummeret (1976) blei forholdet mellom mann og kvinne tematisert:

«Rolleinndelingen innenfor hjemmet og i samfunnet for øvrig blir en manns-ordning i enhver betydning. Men mannen selv har falt som offer for denne ordningen. Ingen menneskelig sett, tjener på rollemønsteret. Også mannen frustreres som menneske i sin utbytting av kvinnen – i konkurransepresset og over kravet til å innfri mannsidealet. Likevel opprettholdes rollene. Hvordan er det mulig? Er vi ikke ved bevissthet?»²³⁴

Leiaren blei avslutte med å vise til 1973-resolusjonen. DNF'48 sin formålsparagraf blei utvida med formuleringa; «[...] HOMOFILI ER EN VERDIFULL LIVSFORM.»²³⁵ I dei første utgåvene av *Fritt Fram* blei det ikkje spesifisert kven som skreiv leiaren. Redaktør på denne tida var Hans Petter Harboe. Harboe blei seinare aktivist i *Soperligaen*.²³⁶ Dersom det leggst til grunn at Harboe skreiv leiaren indikerer det at også homofile menn såg seg sjølve som deltakarar i undertrykking av kvinner dersom dei bidrog til å oppretthalde det bestående systemet. «Verdifull livsform» kan i samband med dette tolkast som at homofili var eit direkte bidrag til omforming av samfunnet, eit alternativ til det bestående. I artikkelen *Samliv – En mulighet* av Claus Drecker i same nummer blei det peika på at:

²³³Ibid.Nr.2,1976,S.9.

²³⁴Ibid.Nr.2,1976,S.3.

²³⁵Ibid.Nr.2,1976,S.3.

²³⁶Tone Hellesund, "Soperliga'n," Skeivtarkiv.no Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/soperligan>. Lest 27.04.2016.

Soperligaen var ei aksjonsgruppe danna i 1979 mellom anna som reaksjon på DNF'48s «homopolitiske konservatisme, og grunna oppfatning om at AKP-ml gjorde sitt inntog i DNF'48. Soperliga'n samarbeidde med lesbisk bevegelse og andre lesbiske feministar. Også Claus Drecker og Martin Strømme – alle sentrale aktivistar i DNF'48 – var initiativtakarar og aktive her.

«[...] vårt samfunn framelsker, støtter og premierer en eneste livsform, ett eneste livsmønster – den tradisjonelle kjernefamilien. Alt som fraviker denne livsformen betraktes som unaturlig og samfunnsfarlig.»²³⁷

Drecker var på denne tida formann i DNF'48.²³⁸ Drecker skulle seinare bli redaktør for *Fritt Fram* frå 1977-1979.²³⁹ Drecker refererte også til «kjønnsrollemønsteret.» Sams for tilnærmingane som kritiserte kjønnsrollemønsteret er at «kjønnsrollemønsteret» var tradisjonelle band og roller personen måtte leve opp til på grunnlag av sitt kjønn. Drecker nytta artikkelen sin til monogamikritikk. Jamført med artiklane til Gulli og Lunds kritiserte ikkje Drecker det undertrykkande i kjernefamilien i form av makt/avmakt for menn og kvinner. Drecker skreiv om «homoseksuell promiskuitet,» «frihet,» og problematiserte «[...] evig kjærlyghet og troskap.» Dvs. at forventning om monogamt samliv ikkje skulle vere forventa ut frå kjønnsroller og tradisjonar, men måtte veljast medvite av individet. Dei som ville – her presentert som dei «kristne homofile» - skulle ha rett til å inngå i forpliktande samliv, men det måtte alltid vere eit val, aldri tvang.

Frå feministisk ståstad blei familien opplevd undertrykkande. Menn blei plassert på toppen av makthierarkiet i både Lund og Gullis artiklar, samt på leiarplass i både Nr.3,1975- og Nr.2,1976-utgåvene av *Fritt Fram*. Homofile menn blei «skrivne inn» som felles deltakarar i kampen mot familien som undertrykking. Kvinna blei presentert som «mor,» «husmor,» «hustru,» osv. «Kjernefamilien» blei omtalt som nettopp kjernen i problemet. Gjennom å utfordre den beståande orden gjekk rørsler som homorørsla inn for å endre det seksuelle medborgarskapet – eller sjølve grunnlagt for det - slik det sto i Noreg. Ekteskapet var framleis den privilegerte samlivs- og familieforma, og kamp mot ekteskapets privilegerte status var ein sentral del av DNF'48 sin politiske plattform. Då Gulli sin artikkel ikkje tok til orde for sikring av parforholdet korkje for homofile og lesbiske sjølve, eller for alle andre samfunnsborgarar, var det ei klar utfordring til det beståande. Det viktigaste var sikring av individets rett til sjølv å velje livsform – og i Gulli sin artikkel skulle individet kunne velje mellom ulike samlivsmåtar: «Et alternativ til kjernefamilier meir kollektive boformer.»²⁴⁰ I tillegg til å ta til orde for «kollektiver» tok Gulli til orde for at det måtte tenkast nytt innan bustadbygging. Implisitt forsto Gulli bustadbygging som tilpassa kjernefamilien. Dette minnar om det Arnfinn J. Andersen i dag refererer til som «lystfelleskap,» kor bustader kan

²³⁷"Fritt Fram."Nr.2.1976. S. 4.

²³⁸Ibid. Nr.1,1976,S.4.

²³⁹"Claus Drecker," Skeivt Arkiv, Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/claus-drecker>. Lest 26.04.2016.

²⁴⁰"Fritt Fram."Nr.2,1976,S.9.

tenkast innretta for skiftande sosiale behov i løpet av livsløpet, og for ulike typar intime fellesskap.²⁴¹

I artikkelen «Er det et liv etter familien» av Britt Andersen i familienummeret tok kritikken form nærast som ei programerklæring:

«For de fleste står familien frem som hellig, og vi reagerer med skrekk og føler oss truet dersom avskaffelse kommer på tale. Det vi skulle arbeide for i første rekke, er derfor ikke nødvendigvis avskaffelse av familien, men avskaffelse av dens historiske funksjon, det vil si som ventil for kapitalistisk produksjon, som lett manipulerbar forbruksenhet, som eneste aksepterte samlivsform, og som undertrykker av kvinner og barn. Det hjelper ikke å avskaffe familien administrativt, det som trengs er en dyrking av den variasjon av menneskelige samlivsformer som måtte forekomme, en slags oppmuntring og oppvurdering av disse, som vil føre til svekkelse av kjernefamiliens «universalitet» og derav privilegerte stilling. På den måten vil vi styrke det mangfoldige istedenfor det ensidige. Kjernefamilien må avsløres.»²⁴²

Familien blei altså i ei rekkje artiklar framstilt som eit samfunnsproblem som ikkje naudsynt måtte avviklast, men reformerast. Færre menn enn kvinner uttrykte seg om familie i *Fritt Fram* i denne perioden, og ei direkte samanlikning er vanskeleg. Skilnaden mellom dei nemnte artiklane er likevel illustrerande for familieførståinga. I kvinnene sine artiklar blei familien si undertrykkande sosioøkonomiske rolle trekt fram, og det blei heller ikkje stilt spørsmål om kvinner faktisk *var* undertrykt. Derimot bli det argumentert for at menn også blei undertrykt av familien. Kjernefamilien blei trekt fram som fremste forsvarar av kjønnsrollemønsteret. I Dreckers tilnærming var den derimot fremste forsvarar av monogamiet.

Som vist i innleiingskapittelet var kjernefamilien framleis den vanlegaste familieforma til langt inn på 1970-talet, og er den vanlegaste samfunnsforma også i dag sjølv om ekteskapet ikkje lenger er dominerande. Dei fleste lev i familieformer til forveksling like kjernefamilien. Debattantane i *Fritt Fram* vendte seg til dei som ikkje følte seg heime i kjernefamilien på ulike vis. Valfridom blei dratt fram som kjernefamiliens antitese, og fleire samlivs- og familieformer måtte anerkjennast. Politikk måtte førast på bakgrunn av dette, til dømes gjennom ikkje å favorisere gift samliv. Den opposisjonelle haldninga til det norske seksuelle medborgarskapet impliserer samfunnskamp der motivet var enkeltmennesket sin kamp til fridom i livsutfaldinga. Diskusjonane bar preg av livspolitik retning i det dei handsama korleis familielivet kunne levast.

²⁴¹ Arnfinn, "Fra Heteroromantikk Til Mangfoldige Lystfellesskap - Intimitetens Endrede Organisering." S.16.

²⁴² "Fritt Fram." Nr.2,1976,S.12.

Perioden blei av mange oppfatta som ei krisetid for familien, t.d. gjennom aukande tal på skilsmisser.²⁴³ Særleg frå 1970-talet auka talet på skilsmisser, med ein topp på 11000 i 1994. I tillegg til aukande skilsmissetal blei også kontrollen over graviditet betre. Med rett til sjølvbestemt abort, og betre og meir tilgjengeleg prevensjonsteknologi, fekk særleg kvinner betre kontroll over familieskiping og reproduksjon.²⁴⁴ Mange forskingsbidrag har sett nærare på forståinga av «familiekrise.»²⁴⁵ I desse bidragas perspektiv sjåast endringane gjerne som ei demokratisering av familielivet. Dvs. også seie at heterofile opplevde større fridom i familielivet.

Slik er kontrastbiletet skapt i homotidsskrifta av den heterofile familien som arkaisk og undertrykkande interessant. Aukande skilsmissetal blei i somme høve brukt som prov på at kjernefamilien var i krise i homotidsskrifta, framfor å sjå det som eit uttrykk for eit demokratisert familieliv også for heterofile. Familiekritisk posisjon i homorørsla haldt på framstillinga av kjernefamilien som arkaisk og undertrykkande, og kunne slik framstille homorørsla som eit betre og meir frigjort alternativ. Basert på måten kjernefamilien blei framstilt på burde heterofile vere nøgd med situasjonen då dei levde innanfor ei «framelska,» «premiert,» og «privilegert» familieform. Kjernefamilien blei framstilt som arkaisk, og uforanderleg, og «dei opplyste» i homorørsla og kvinnerørsla ser ut til å ha tatt på seg ei rolle i å skulle endre dette, og «avsløre» kjernefamilien. Heterofile blei framstilt som sosialisert inn i og indoktrinerte av kjernefamilien. Homofile og lesbiske blei framstilt som eigna til å revolusjonere familien, fordi ein gjennom oppdaging av si seksuelle orientering måtte bryte med sosialiserings-, indoktrinerings-, og kjønnsrollemønsteret.

Lesbiske mødrer

Grunna det kritiske blikket retta mot kjernefamilien var forholdet til foreldreskap på mange måtar ambivalent. Perioden bar preg av at mange hadde gått inn i den heterofile livsforma. Mange kvinner hadde oppdaga at dei var lesbiske fleire år inn i heterofile forhold, og hadde allereie fått barn. Mange gjorde nok også dette som ein medviten strategi for å skjule sin homofili. Dette illustrerer kvifor openheit var så viktig. Dersom homofile og lesbiske ikkje var opne kom undertrykkinga til å fortsette. Men kva då med dei som blei opne etter årevis i

²⁴³Sandvik and Sogner, *I Gode Og Vonde Dagar : Familieliv I Noreg Frå Reformasjonen Til Vår Tid*. S.49.

²⁴⁴Vollset, *Familiepolitikens Historie : 1970 Til 2000*.S. 26.

²⁴⁵Sandvik and Sogner, *I Gode Og Vonde Dagar : Familieliv I Noreg Frå Reformasjonen Til Vår Tid*. S.245.

Weeks, Heaphy, and Donovan, *Same Sex Intimacies : Families of Choice and Other Life Experiments*. S.9.

Jeffrey Weeks, *The World We Have Won : The Remaking of Erotic and Intimate Life* (London: Routledge, 2007).S.8.

Weston, *Families We Choose : Lesbians, Gays, Kinship*.S.23.

løynd? Som hadde internalisert undertrykkinga og levd i kjernefamiliar? Fleire saker i *Fritt Fram* tematiserte kvinner som hadde gått denne vegen. Over to utgåver av *Fritt Fram* skreiv artikkelforfattar «Anne-M» ein følgjetong kor lesbiske mødrer var hovudtema:

«Det er viktig å være klar over at morsfunksjonen (og morsrollen) som regel ikke velges bevisst av den enkelte kvinne, men at den blir pådyttet oss av omgivelsene. Å være mor er for mange blitt framstilt som den eneste akseptable yrkeskarriere. Derfor antar jeg at det finnes mange mødre som, i likhet med meg selv, har fått barn før de er blitt fullt klar over seg selv og sin lesbiskhet.»²⁴⁶

«Anne-M» viste til ein pågåande debatt kor «[...]den tradisjonelle morsrollen[...]» blei diskutert.²⁴⁷ Spørsmålet var om mødrer hadde negativ påverknad på egne barn fordi dei sjølve var undertrykte. Den lesbiske mora blei presentert med særskilde utfordringar samanlikna med andre mødrer. Ho måtte «[...]leve ut sin seksualitet med andre kvinner,» og lesbiske mødrer blei framstilt som ei «minoritetsgruppe,» og som «usynlige.»²⁴⁸ Det blei vist til at lesbiske mødrer fanst i – og fungerte i – ei rad ulike samlivsformer. Ho kunne framleis leve saman med barnefar med «noe på si,» åleine i sølibat, eller bytte ut barnefar med ei kvinne.

«Videre kan en lesbisk mor fungere i en kollektiv samlivsform, enten i et rent kvinnekollektiv eller den formen jeg selv for tiden har valgt: et kollektiv bestående av både menn og kvinner, heterofile og homofile, og flere barn.»²⁴⁹

Anne-M syner her ei brei familieførståing kor mange relasjonar og tilknytingsformer gjekk inn i ei større eining. Likevel gjorde Anne-M også spesifikt greie for «lesbiske familier» ved å basere seg på ei dansk undersøking frå 1974 om «lesbiske familier,» og resultat frå denne blei nytta til å vise at barn ikkje tok skade av å vekse opp med to kvinner som omsorgspersonar. Dette er det første dømet eg kjenner til frå homotidsskrifta kor empiri blei nytta for å støtte samkjønna familiekonstellasjonar. Den lesbiske familie blei av artikkelforfattar framstilt som utfordra av økonomiske faktorar som «lønnet arbeid,» «[...]mannssamfunnets [...] barnehager og lovlig fravær frå arbeid ved barns sykdom.»²⁵⁰ Vilkår for morsrolla blei med dette presentert som forma på mannssamfunnet sine premissar. Lesbiske mødrer blei satt i same situasjon som einslege mødrer, fråskilte og einslege forsørgjarar, eller barnlause lesbiske og homofile menn, men altså ikkje heterofile par sin situasjon. Med omgrepet «mannssamfunnet» impliserte artikkelforfattar at mannen sto på toppen av makthierarkiet, eit

²⁴⁶«Fritt Fram.»Nr.3,1977,S.20-21.

²⁴⁷Ibid.Nr.3,1977,S.20.

²⁴⁸Ibid.Nr.1,1978,S.18-21.

²⁴⁹Ibid.Nr.1,1978,S.18.

²⁵⁰Ibid.Nr.1,1978,S.19.

system som premierte heteroseksualitet på mannens premiss. Omgrepet impliserte også at ei nyordning var naudsynt/mogeleg fordi fortid/notid blei framstilt som undertrykkande.

Artikkelen slutta med følgjande programerklæring:

«En kvinnebevegelse, en homofil bevegelse eller en lesbisk bevegelse, som ikke tar hensynet til barna i sine modeller og sin livsform, er på lang sikt dømt til sin egen undergang. Derfor er det på tide at bevegelsene får en ny dimensjon, som også gir rom for barna!»²⁵¹

Anne-M ønskte å synleggjere lesbiske mødrer sin situasjon, både internt i homorørsla, hjå feministane og i samfunnet elles. Intensjonen ser ut til å ha vore å overtyde lesaren om at dei lesbiske mødrene hadde spesielle utfordringar, var like gode foreldre, og at tiltak måtte treffast for å sikre situasjonen deira. Medvit om eiga morsrolle var viktig for å hindre at barna blei undertrykte som mødrene sine.

Anne-M si framstilling av morsrolla kan ha vore eit retorisk grep for å vise til alternative måtar å unngå undertrykking på. Vanskar med barnepass, ordningar på jobb, og kostnad ved å bu åleine gjorde at kollektiv mogeleggjorde at lesbiske mødrer kunne leve uavhengig av ekteskapsrelasjonen med menn, og samstundes også ha tilgang på barnepass og barneoppseding utanfor kjernefamilien. Basert på kjeldematerialet er det ikkje mogeleg å fastslå om slike kollektiv var vanlege, utover at det var vanleg som ideologisk visjon. Men; basert på Anne-M si breie familieførståing er det uttrykk for at mange forsto familie som eit større fellesskap enn «kjernefamilien.» Å argumentere for kollektiv var ei logisk løysing i tråd med denne familieførståinga.

Tradisjonelle normbrytarar

Tittelen siktar til at ikkje alle i homorørsla i perioden gjekk inn for ei fullstendig revolusjon på familiefeltet. Kristne homofile gjekk kritisk ut mot kyrkjias dogme for samliv ved å krevje rett til velsigning av homofilt samliv. Også i homorørsla braut dei med den samtidige kritikken av det beståande. *Fritt Fram* trykte i «familienummeret» i 1976 eit informasjonsskriv frå Aasmund Vik om nystarta «Åpen Kirkegruppe (ÅK),» stifta som eit alternativ « [...]for hvem den kristne tro betyr så mye at de holder fast ved den.»²⁵² Gruppa blei stifta etter eit møte i DNF'48 Oslo-region med homofile og kyrkja som tema. Vik tok på møtet initiativ til å danne gruppa, og blei gruppa sin første leiar.²⁵³ Gruppa hadde som formål å bli eit kjent namn innan

²⁵¹Ibid.Nr.1,1978,S.21.

²⁵²Ibid.Nr.2,1976,S.26-27.

²⁵³"Åpen Kirkegruppes Historie - De 20 Første Årene," Åpen kirkegruppe for lesbiske og homofile, <http://apenkirkegruppe.org/om-oss/historie/apen-kirkegruppes-historie-de-20-frste-arene/>. Lest 26.04.2016.

den norske kyrkja, og arbeide for homofile sine interesser i samfunnet generelt, og i kyrkja spesielt. Forutan eit klart ønskje om å få fleire medlemmar, blei det også gjort greie for det teologiske grunnlaget for gruppa sin eksistens, og det blei snakka om «[...] en mer menneskelig holdning til seksualitet innen kristenheten.»²⁵⁴ I motsetnad til mange andre tilnærmingar til kyrkja i homorørsla var ikkje fordømming med «bibelen i hand» problemet, men heller feil bruk/tolking av bibelen. Framfor å avvise kyrkja eller avvikle vigslingsretten, var løysinga å reformere kyrkja si bibeltolking.

I reportasjen «Gud bryr seg om homofile» frå 1979 intervjuar *Fritt Fram*-redaktør Sigmund Raanes av den homofile teologistudenten Arne Løwø, som utførte velsigningar av homofile par i Trondheim.²⁵⁵ Raanes rapporterte om «Vennskapets liturgi,» «mektig inntrykk,» og stilte spørsmål ved skilnaden mellom «velsignelseshandling,» og «homofile ekteskap.» Distinksjonen mellom velsigning og ekteskap var i tråd med DNF'48 sin politikk, og det å vedlikehalde denne distinksjonen ser ut til å ha vore den redaksjonelle linja i *Fritt Fram*.

Løwø var leiar for ÅK i Trondheim, og presiserte at dette gjekk på tvers av den norske kyrkjas offisielle syn. Årsaka til dette forsto Løwø som «Fordomsfulle oversettelser og høyst tvilsomme tolkingar[...]» av bibelen.²⁵⁶ Velsigninga var ikkje ei offentleg handling, m.a.o. juridisk anerkjend eller bindande. Grunna at det ikkje var eit som eit ekteskap å rekne, var det i tråd med DNF'48-resolusjonen frå 1973. Løwø peika på at somme delar av kyrkjas vigslingsritual måtte endrast der det var naudsynt, t.d. at «[...] en skal være fruktbare og oppfylle jorden! Det vil jo da nødvendigvis være noe som det homofile paret ikke er i stand til å gå inn i av de forpliktelser som er pålagt menneskeheten.»²⁵⁷ Men Løwø peikte også på at fleire instansar i kyrkja syntes å vere på glid i spørsmålet om velsigning av homofile par.

Saka var illustrert med eit bilete av dei to menna knelende framfor Løwø. Sjølv om avstanden til det faktiske ekteskapet blei understreka var mange aspekt ved velsigningshandlinga svært likt ekteskapet, og i staden for det å få barn blei det peika på at «[...]forpliktende vennsforhold[...] legitimerer og gjør seksuallivet moralsk høyverdig.»²⁵⁸ Intensjonen ser ut til å ha vore å halde ÅK innanfor DNF'48 sin politikk ettersom gruppa var direkte underlagt forbundet. Dei emosjonelle banda kunne gjerne velsignas i ei ekteskapsliknande

²⁵⁴"Fritt Fram."Nr.2,1976,S.27.

²⁵⁵Ibid.Nr.4,1979,S.32-34.

²⁵⁶Ibid.Nr.4,1979,S.32.

²⁵⁷Ibid.Nr.4,1979,S.33.

²⁵⁸Ibid.Nr.4,1979,S.33.

råme, men juridisk og offentleg anerkjenning ville gje urettvise fordelar for gifte kontra einslege.

Sakene knytt til ÅK i denne tidlege perioden tematiserte berre menn sin situasjon. Sett opp mot dei sterke feministiske føringane i samtida er det ikkje utenkeleg at ordningar som ekteskapet blei sett på som mindre undertrykkande av homofile menn enn lesbiske kvinner, jamfør biletet skipa i *Fritt Fram* av kvinner som undertrykte av ekteskapet og menn som monogamikritiske. Problemet identifisert av Løwø var feilaktige bibeltolkningar. Implisitt i Løwø sin argumentasjon var at nytolking av bibeltekstane ville opne kyrkja og samfunnets auge for at homofilt samliv var likeverdig og verdig kyrkjas velsigning. Det var altså to ulike problemforståingar knytt til kyrkjas uforsonlege haldning, kor representantane for ÅK opplevde kyrkja som ein del av løysinga, medan andre meinte at sjølve kyrkja som institusjon var problemet. Sams for tilnærmingane var at kyrkja oppretthaldt ei skilje mellom gode og dårlege seksualitetar, der homoseksualitet definitivt var i den dårlege kategorien. Slik Løwø presenterte det kunne homoseksualitet bli ein del av den gode seksualiteten ved å inngå i forpliktande samliv. Ei løysing ville då vere å oppnå velsigning for å få tilsvarande råmer som heterofile kring sine samliv. Kontrasten til dei familiekritiske som kritiserte kjernefamilien som monogamitvang er openbar.

Det kanskje mest kontroversielle i homorørsla med ÅK si tilnærming var at gruppa såg til bibelen og dels kyrkja som premissleverandør for sine samliv. Det var då i homorørsla samstundes til stades både sterke ideal om monogami og seksuell truskap, i «konflikt» med eit ideal om å leve ut sin seksualitet – gjerne med mange samtidig – opplevd som godt og frigjerande. Eiga «livsform» og egne «premiss» blei ofte omtalt i *Fritt Fram*. Som statistikkaterialet viser tok ein avstand frå «normer,» «kjønnsrollemønster,» osv., og kritiserte «kjernefamilien.» Det statistikkaterialet også viser er at mange ville ha tilsvarande råmer kring sine samliv som heterofile, og oppnå «likeverd,» «synlighet,» osv. Det som er klart er at dette blei kontinuerleg debattert i homotidsskrifta desse åra, men med ulike problemforståingar og meiningar om kva retning homorørsla sin samlivs- og familiepolitikk skulle gå.

Frå og med 1977 kom også *Løvetann* ut. Som organ for AHF var *Løvetann* gjerne ope kritisk til DNF'48s politikk. Mellom anna blei det her stilt spørsmål ved om homofile faktisk hadde si eiga livsform.²⁵⁹ *Løvetann* kom i 1981 med intervju av paret «Gundersen og Sedvartsen»

²⁵⁹"Løvetann." Nr.1,1977,S.20-21.

kring deira syn på og ønskje om ekteskap, eller med deira eigne ord ei «[...]juridisk bindende samlivsform.»²⁶⁰ Gundersen og Sedvartsen var to sambuande homofile menn som fortalte at dei på eige initiativ hadde gått til byfogden i 1979 og bedt om borgarleg ekteskap, noko som vart avvist av byfogden. Av *Løvetann* sin intervjuar blei dei spurt om dei oppfatta ekteskapet som «ideell samlivsform,» og «Legger dere vekt på monogami?,» samt om dei ønskja seg «konkrete fordelar.» Intervjuar spurte også:

«Men skaper dere ikke unødvendige motsetninger og svekker følelsen av solidaritet når dere krever noe så fjernt fra målsetningen? –La oss tenke oss dem som ville hatt med bestemora eller søstera si til byfogden. Retten til ekteskap er jo ikke minst knyttet til erotikk, og her har jo homofile om ikke annet et fortrinn.»²⁶¹

Gundersen og Sedvartsen ville nytte kravet sitt som brekkstang for større samfunnsending. No var det viktig å få dei naudsynte rettsreglane til å gjelde for sitt samliv. Ifølgje intervjuar blei Gundersen og Sedvartsen ekskludert per tlf. av DNF'48 etter at dei hadde sendt brev til DNF'48 om sitt ønskje om å gifte seg.²⁶² Gundersen og Sedvartsen fortalte at dei hadde sendt eit rekommandert brev til DNF'48 for å be om grunngjeving, men brevet hadde blitt returnert.²⁶³ I saka om dei to i *Løvetann* blei DNF'48 sin politikk kritisert på følgjande vis: «Forbundets idealistiske perspektiver på samliv, og kravet om å få inngå såkalla borgerlig vielse ble sett på som uforenlige motsetninger.»²⁶⁴ Då høvet vart nytta til å kritisere DNF'48 sin politikk kan det tenkast at eksklusjonen ikkje var reell, men ei spesifikk «lesing» frå AHF si side. Det kan ha blitt opplevd som eksklusjon av Gundersen og Sedvartsen utan at det var DNF'48 si hensikt, og omtalt som eksklusjon i intervjuet.

«Det er klart at vi (Gundersen og Sedvartsen) også ser mange negative sider ved ekteskapet, men allikevel ønsker vi å leve som par.[...] At andre velger å leve som enslige, i kollektiv etc. respekterer vi selvfølgelig som likeverdig. I spørsmålet om måten å leve på er det jo den enkeltes valg det dreier seg om.»²⁶⁵

«[...] Vi vil også nevne homofile forhold der det er barn. Om mor eller far til barnet faller fra, ville vel den andre part i forholdet neppe få adoptere ungen. Bare ekteskapelig status kan fullt ut hindre at en homofil partner mister retten til ungen i en slik sammenheng.»²⁶⁶

Gundersen hadde ein son frå eit tidlegare ekteskap, og dei var redde for at Sedvartsen skulle stå utan rettigheter dersom Gundersen døyde. Det blei i saka ikkje opplyst om dei hadde den

²⁶⁰Ibid.Nr.3,1981,S.12-13, 35.

²⁶¹Ibid.Nr.3,1981,S.35.

²⁶²Då breva blei returnert, har eg ikkje funne skriftlege kjelder eller eksklusjonsvedtak.

²⁶³"Løvetann." Nr.3,1981,S.35.

²⁶⁴Ibid. Nr.3,1981,S.12.

²⁶⁵Ibid.Nr.3,1981,S.13

²⁶⁶Ibid.Nr.3,1981,S.13.

daglege omsorga for barnet. Gundersen og Sedvartsen blei presentert som eit monogamt, varig – og ønska/potensielt juridisk omfamna – parforhold. *Løvetann* nytta omgrepet «familieidyllen» i hermeteikn for å skildre parets levemåte.²⁶⁷ *Løvetann* omtalte i same sak «Sedvartsen og Gundersen kontaktbyrå,» der homofile som ikkje ville oppsøke dei «[...] kjente møtstedene eller noen organisasjon for homofile.» kunne møtast. Det blei understreka at dei fleste som vende seg til kontaktbyrået gjorde dette med ønskje om «[...] varige, stabile forhold [...]» Gundersen og Sedvartsens tilnærming minnar meir om ei smal familieforståing, og ut frå det var det logisk å krevje rettar knytt til paret.

Implisitt blei det teikna eit bilete av DNF'48 som ideologisk steile, og for lite pragmatiske med avvisinga av ekteskap og liknande ordningar. Måten intervjuar spurte på i intervjuet viser at haldninga til ekteskapet var ambivalent også i AHF. Som vist arbeidde korkje DNF'48 eller AHF for ekteskap i perioden, men det ser ut til at AHF var mindre avvisande til juridiske samlivsordningar til forveksling like ekteskapet enn det DNF'48 var.

Oppsummering

Dei radikale røystene gjorde seg sterkt gjeldande i denne perioden, familiediskursen bar preg av at mange opplevde at dei sto utanfor kjernefamilie og samfunnets normer, og opplevde dette som ein positiv fridom. Kjernefamilien var under sterk kritikk. Regulering av breiare familiekonstellasjonar enn kjernefamilien ville krevje ei større omvelting enn justering av eksisterande lover for å også gjelde samkjønna par. Mange var nok heller ikkje interesserte i juridisk omfamning av sine forhold. Debatten bar tydeleg livspolitisk preg. Den familiekritiske posisjonen forstod ekteskap og liknande ordningar som potensielt undertrykkande og konnoterte ekteskapet til omgrep som «patriarkat,» «kjønnsrollemønster,» «utnytting,» «samfunnets premiss,» osv. *Frigjering* ville vere å få nye ordningar som ikkje vidareførte undertrykkinga. Ideologisk sto to frontar mot kvarandre, og det kanskje viktigaste spørsmålet var om ein skulle leve på *samfunnets* premiss, eller på *eigne* premiss. Det var heller ikkje semje i homorørsla kva *eigne premiss* faktisk var, eller om ein representerte ei eiga *livsform*. Den familievennlege posisjonen forstod ekteskap og liknande ordningar som ei legitimering og anerkjenning av sine forhold, som ville gje tilsvarande råmer for homofilt samliv som for heterofilt samliv. Likevel kunne dei ikkje argumentere for dette utan å stille seg kritiske til det beståande, og argumentasjonen bar også preg av at det å skulle oppnå desse rettane såg vanskeleg ut.

²⁶⁷Ibid.Nr.3,1981,S.35.

Praktiske omsyn gjorde seg også gjeldande, særleg knytt til omsorgsrettar knytt til barn og arverett. I denne perioden låg fokuset på barn frå tidlegare heterofile relasjonar, og saker som Gundersen og Sedvartsen – og dei lesbiske mødrene – syner at fleire barn vaks opp i –eller var knytt til – samkjønna familiekonstellasjonar. Desse familiane var ikkje sikra/anerkjent av familiepolitikken i tilstrekkeleg grad, og gjekk slik til kjernen i den norske familiepolitikens mandat. Desse barnas situasjon var vanskeleg å ignorere både i homorørsla og hjå styresmaktene. Emansipatorisk politikk for dei homofile barnefamiliane skulle bli eit viktig moment utover 1980-talet, og bidra til ei kursendring i homorørsla.

«Ekteskapsdebatten» i homotidsskrifta gjekk altså attende til 1976 då redaktøren i *Fritt Fram* Claus Drecker i artikkelen «Samliv – En valgmulighet» tok høgde for at somme ønska å leve i monogame og livsvarige forhold.²⁶⁸ Både i Dreckers tilnærming og i velsigninga frå Trondheim blei det snakka om «moral.» For Drecker måtte ikkje kyrkjias moral få bestemme kva som var eit moralsk godt liv. Også Gundersen og Sedvartsen kritiserte «[...] kristen ideologi.» Jamfør velsigninga i Trondheim kunne velsigning for somme gje eit moralsk fundament for forpliktande samliv. Eit samla inntrykk frå desse sakene er at «ekteskap» var problematisk, medan «velsigning» var til attrå for «kristne homofile.» «Juridiske ordningar» for samliva sine var noko fleire medlemmar av homorørsla ønskte for sine samliv, men på organisasjonsnivå var dette komplisert og kontroversielt, og kom til å bli heftig debattert i åra framover.

På bakgrunn av endra etableringsmønster (auke i sambuarar med born), blei det norske «ekteskapslovutvalget» satt ned i 1971.²⁶⁹ Ekteskapslovutvalet var ein del av ei skandinavisk revisjon av ekteskapslovene. Dette kan ha vore eit ytterlegare incentiv til å debattere samlivsformer, og blei mellom anna nemnt i saka om Gundersen og Sedvartsen.²⁷⁰ Om alle ønskja *valfridom*, var det ikkje alle som ønska radikal endring av familiefeltet. Nokre ønskte seg også livslange monogame parforhold og ekteskap. Dette kom sterkare fram på 1980-talet når homorørsla byrja å diskutere samlivsregulering på politisk nivå.

²⁶⁸"Fritt Fram."Nr.2,1976,S.4.

²⁶⁹Vollset, *Familiepolitikens Historie : 1970 Til 2000*.S.75.

²⁷⁰"Løvetann." Nr.3,1981,S.12-13,35.

Kapittel 4: 1980-1993 Vi vil ha barn!

Til skilnad frå 1970-talet ser det i løpet av 1980-talet ut til at fokuset i tidsskrifta i aukande grad handla om paret og deira rett til familieliv, samt store og viktige diskusjonar om barn. At homorørsla skulle gå i retning av partnerskapslov var ikkje gitt på dette tidspunktet, då den familiekritiske posisjonen hadde gjort seg sterkt gjeldande i homotidsskrifta på 1970-talet. Likevel hadde rett til formaliserte parforhold allereie blitt løfta fram frå 1976. I følge Rydström kom omsut for born på agendaen i homorørsla frå tidleg 1980-tal, då homorørsla byrja å diskutere samlivsregulering med politikarane på nasjonalt nivå.²⁷¹ I homotidsskrifta var omsut for born allereie ei problemstilling frå tidleg 1970-tal gjennom dei lesbiske mødrene. Til skilnad frå 1970-taler kor barnepolitikk blei knytt til omsorg for egne barn, blei i løpet av 1980-talet retten til å få barn innan samkjønna familiekonstellasjonar eit politisk krav.

Som vist i diagram 1 og 2 i statistikkaterialet gjekk dekninga av familierelaterte spørsmål drastisk ned i både *Løvetann* og *Fritt Fram* i perioden mellom 1983 og 1989. I 1983 døde det første offeret for AIDS i Noreg.²⁷² Sosiolog Annicken Prieur har i *Kjærlighet mellom menn i aidsens tid* forska på kjærleikens vilkår for MSM under epidemien.²⁷³ I 1988 hadde 665 personar fått påvist HIV smitte i Noreg, og av dei 88 som hadde fått diagnosen AIDS hadde kring halvparten døydd.²⁷⁴ Informantane hennar opplevde at epidemien hadde gjort parforholdet meir attraktivt, og somme opplevde også at dei levde meir monogamt enn tidlegare.²⁷⁵ Historikar George Chauncey har peika på at det var vanskeleg å få anerkjenning for homofile og lesbiske sine familieband (vennskapsfamilien) under HIV/AIDS-krisa.²⁷⁶ Det kunne t.d. gjelde spørsmål som arv. Chauncey skriv om dette i amerikansk kontekst, og minnar derfor ikkje naudsynt som situasjonen i Noreg. Ei effekt av epidemien i Skandinavia var at politikarar blei klar over livsvilkåra til homofile menn.²⁷⁷ Ulike hjelpetiltak som «Helseutvalget for homofile» blei etablert for å hindre vidare spreing. Epidemien «stal» vesentleg merksemd i homotidsskrifta, som sette fokus på homofile menn, og MSM. Samlivsregulering blei også diskutert som hjelpetiltak mot epidemien, men diskusjonane kring samlivsregulering var allereie i gang før epidemien. Epidemien kom likevel til å sette eit

²⁷¹Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*. S.164.

²⁷²Jonas Rein Seehuus, *Rødt, Hvitt Og Skrått* ([Oslo]: NRK, 2009).S.137.

²⁷³Annick Prieur and Arnfinn J. Andersen, *Kjærlighet Mellom Menn I Aidsens Tid* (Oslo: PAX, 1988).

²⁷⁴Ibid.S.17.

²⁷⁵Ibid.S.16.

²⁷⁶George Chauncey, *Why Marriage? : The History Shaping Today's Debate over Gay Equality* (New York: Basic Books, 2004).S.98.

²⁷⁷Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*.S.113.

distinkt preg på debattane fram mot 1990-talet. Dei viktigaste diskusjonane i perioden kom til å dreie debatten over på paret:

Delar av homorørsla hadde lenge uttrykt klar motstand mot parskipingar som uttrykk for eit tradisjonelt heterofilt haldningshegemoni. Dette tok ei ny retning då DNF'48 i 1980 blei tatt med som høyringsinstans i NOU 1980:50; «Samliv utan vigsel.»²⁷⁸ Åtte år etter avskaffinga av §213 og §379 skulle homorørsla delta i handsaminga av ein del av utfordringane drege fram i homotidsskrifta i ei offentleg utgreiing. NOU1980:50 skulle sjå nærare på «[...] enkelte lovregler i tilknytning til samliv utan vigsel («papirløse ekteskap») som arverett, omsut for felles barn, juridiske spørsmål knytt til felles bustad, osv..²⁷⁹ Det blei vist til at «[...] det pluralistiske gjennomslag i folkeopinionen har lagt til rette for alternative samlivsformer som er framande både i norsk lovverk og i norsk tradisjon.»²⁸⁰ NOU-en handsama samliv mellom mann og kvinne, i ei ny «alternativ» samlivsform. NOU 1980:50 blei av DNF'48 skarpt kritisert for å ikkje inkludere homofile.

DNF'48 sitt høyringssvar blei trykt som artikkel i *Fritt Fram* i 1981, og særskilt interessant er formuleringa: «Homofile, som representerer en meget betydelig gruppe, oppfyller sine forpliktelser mot samfunnet i likhet med andre. Vi er derfor i vår fulle rett når vi stiller krav til samfunnet om å AKSEPTERE, STØTTE og VERNE den homofile familie.»²⁸¹ I høyringssvaret blei samlivsregulering omtalt som ein rett homofile hadde krav på. I det norske ekteskapsutvalgets mandat vart ikkje «radikale» endringar vurdert.²⁸² DNF'48 kritiserte derfor mandatet for å:

«[...] begrense sitt mandat til å gjelde samlivsforhold mellom kvinne og mann i ekteskapslignende forhold. Denne snevre definisjonen kan ikke aksepteres, idet det som kjent finnes andre former for varige samlivsforhold, så vel homofile som mellom personer av samme kjønn. Også samboforhold som ikke nødvendigvis er «ekteskapslignende» må selvsagt inngå i de foreslåtte regler når det gjelder rett til felles bolig.»²⁸³

Noreg blei i 1981 det første landet i verda der homofile vart omfatta av diskrimineringsvernslovgevinga.²⁸⁴ Slik hadde homorørsla allereie oppnådd ein viktig siger, og debatten om lovregulering av samliv var derfor også ein del av rørsla sin nyorientering.

²⁷⁸Ein NOU er ei offentleg utgreiing utført av utval og arbeidsgrupper som greier ut som samfunnstilhøve.

²⁷⁹Lilly Bølviken, *Samliv Uten Vigsel : Om Enkelte Lovregler I Tilknytning Til Samliv Uten Vigsel ("Papirløse Ekteskap")*, (Oslo: Universitetsforl., 1980).

²⁸⁰Ibid.S. 8.

²⁸¹"Fritt Fram."Nr.1,1981,S.46-48,51.

²⁸²Vollset, *Familiepolitikens Historie : 1970 Til 2000.S.75.*

²⁸³"Fritt Fram."Nr.1,1981,S.46.

²⁸⁴Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia.S.45.*

DNF'48 sin generalsekretær Kim Friele peika allereie i 1981 i artikkelen «Homofilt samliv – Hvilke alternativer? Presentasjon av en del synspunkter» på at «Rettsregler for homofilt samliv blir et av hovedkravene i tiden framover.»²⁸⁵ Saka blei illustrert med bilete av eit lesbisk par og eit homofilt par, hand i hand. Her blei det snakka om den «[...]rettslige diskriminering mellom heterofilt og homofilt samliv.»²⁸⁶ 1981 var eit valår, og denne utgåva av *Fritt Fram* fokuserte hovudsakleg på politikarane sine haldningar til «homosak.» I artikkelen blei tre alternativ for samlivsregulering skissert. Ekteskap tilsvarande ekteskap som for heterofile var det første alternativet. Det andre var registrering kor ekteskapslovverket også skulle gjelde for «registrert homofilt samliv.» Det tredje alternativet innebar likestilling mellom heterofile og homofile «ugift samlevende» forhold.

Friele refererte til DNF'48 sin 1973-resolusjon, og tok med det avstand til ekteskapet, som likevel blei presentert som eit alternativ.²⁸⁷ Samliv måtte kunne velsignast, men «Vigsel bør ikke automatisk få alminnelig rettsvirkning.» Registrering ser ut til å ha vore det mest ønskjelege alternativet, også fordi det ville krevje ei mindre omfattande lovending. Av lovreglar som måtte omfattast av registrering blei nemnt «viktige områder som sameie, uskifte, arv og adopsjon.» Også i *Løvetann* blei NOU 1980:50 omtalt: «For hva sier utvalget om arveloven, foreldrerett, adopsjon, skatter og trygder? – Ingenting – Dette er aktuelle spørsmål for tusener av homofile som i dag stifter bo, får barn, skiller seg og til manges irritasjon (også homofile) lever som folk flest.»²⁸⁸

«Snart klinger klokkene» lyder tittelen på ein artikkel frå 1987.²⁸⁹ Bakgrunns materialet til artikkelen var mellom anna basert på ei rundspørjing utført av Dagbladet. «En rundspørjing foretatt blant sogneprestene i Oslo viser at rundt halvdelen av prestene er positive til lovregulering av homofilt samliv.»²⁹⁰ I saka blei generalsekretær Kim Friele i DNF-48 intervjuet, og peika på at det viktigaste ikkje var ekteskap, men at det skulle eksistere valmogelegheiter for formalisert samliv. Friele peika på at dette var særleg viktig for homofile og lesbiske med barn, og lovreguleringa måtte derfor innehalde reglar om adopsjon og stebarnsadopsjon. Samlivsregulering blei no løfta opp på politisk nivå.

²⁸⁵Fritt Fram."Nr.2,1981,S.18-21.

²⁸⁶Ibid.Nr.2,1981,S.19.

²⁸⁷Ibid.Nr.2,1981,S.20.

²⁸⁸Løvetann, Nr.3,1981,S.23.

²⁸⁹Fritt Fram."Nr.3,1987,S.3.

²⁹⁰Ibid.Nr.3,1987,S.3.

Under handsaminga av familiemeldinga i 1985 kom homofilt samliv på dagsorden.²⁹¹ Eit fleirtal i komiteen meinte at lovregulering som skulle regulere arv med tanke på oppsplitting av buforhold uansett årsak til bufellesskapet var tilstrekkeleg og at eiga lovregulering ikkje var naudsynt. Ved DNF'48 sitt landsstyremøte i 1989 blei lovregulering av homofilt samliv vedtatt å skulle tilfredsstille krav om«[...] bedring av de økonomiske og sosiale rettigheter for samboere i forhold til bl.a. arv og pensjon, og lik rett for homofile og heterofile til å adoptere barn.»²⁹²

I 1992 blei DNF'48 og organisasjonane tilknytt FHO slått saman til den nye Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH). Organisasjonane hadde i stor grad arbeidd for sams politikk, men var splitta langs ideologiske skiljelinjer. I starten av den nye organisasjonen si levetid fekk mange oppleve ein stor homopolitisk siger. Noreg innførte partnerskapslova i 1993 som det andre landet i verda.²⁹³ Frå å ha argumentert for registrering av ulike former for sambuskar uansett emosjonell tilknytning hadde homorørsla gått inn for ei særordning for homofilt samliv. Partnerskapslova var med unntak av adopsjon og kyrkjeleg vigsel lik ekteskapslova.²⁹⁴ Med det tilfredsstilte den ikkje krava frå landsstyremøtets vedtak i 1989, og lova kom som vist i statistikkapittelet til å bli omfattande kritisert for sine manglar, særleg for manglande rettar knytt til omsorg for barn.

Partnerskapslova blir gjerne sett som ein måte å «normalisere» homofile og lesbiske på.²⁹⁵ Det kan også sjåast som ein måte å likestille homoseksuelle og heteroseksuelle par, eller som ei radikal underminering av den tradisjonelle kjernefamilien.²⁹⁶ Begge desse posisjonane var sterkt til stades i homotidsskrifta i form av ein «normaliseringsdebatt,» kor familiekritisk posisjon avviste partnerskapslova som eit forsøk på normalisering i tyding at homofile blei like heterofile, medan familievennleg side ønska seg nettopp denne normaliteten. Familiediskursen i homotidsskrifta kom i aukande grad til å bli eit spørsmål om moral, og skiljet mellom dei familiekritiske og familievennlege posisjonane kom til å auke.

Sodoma blei ikkje bygt på ein dag

Som vist forsvann radikal familiekritikk nesten heilt ut av *Fritt Fram*, og falt også sterkt i *Løvetann* frå tidleg 1980-tal grunna HIV/AIDS-epidemien. I møte med epidemien blei

²⁹¹Vollset, *Familiepolitikens Historie : 1970 Til 2000*. S.172.

²⁹²"Fritt Fram." Nr 7/8,1989,S.37.

²⁹³Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*.S.55.

²⁹⁴Andersen, "Det Norske Seksuelle Medborgerskap." S.129.

²⁹⁵Sandvik and Sogner, *I Gode Og Vonde Dagar : Familieliv I Noreg Frå Reformasjonen Til Vår Tid*.S.246.

²⁹⁶Andersen, "Det Norske Seksuelle Medborgerskap."

homofile sine parforhold framstilt som friare, og gjerne meir «utvikla» enn heterofile sine parforhold.²⁹⁷ Oftast blei dette knytt til skilje mellom kjærleik og sex, som gjekk inn i ein lengre tradisjon av monogamikritikk. Tanken om stabile parforhold var ikkje einstyddande med monogami, og dette blei ofte nytta som argumentasjon i homomediene. Parforhold var absolutt ikkje forsikring mot HIV-smitte, kanskje heller tvert i mot ettersom mange praktiserte risikosex når dei følte seg trygge i eit parforhold. Sosiologen Manuel Castells ser homorørsla sin måte å handtere HIV/AIDS-krisa på som ein kulturell kamp for å hindre negative stigma, og hindre at HIV/AIDS blei knytt til seksualitet, og særleg til homoseksualitet.²⁹⁸ Ved å utfordre kulturelle førestillingar som monogami og parforhold kunne homorørsla gjere oppmerksom på at det ikkje var homoseksualitet i seg sjølv som var problemet, men seksuell risikoåtfærd.

Eit vesentleg moment ved monogamikritikken hadde vore å understreke ei positiv kjensle av valfridom. Løyst frå samfunnet sine normer om korleis intime relasjonar skulle vere, uttrykte fleire i homorørsla stoltheit over å vere annleis og «unormale.» Den neste store offensiven knytt til radikal familiekritikk skulle komme med innføringa av partnerskapslova. At partnerskapslova vekte sterkt engasjement knytt til radikal familiekritikk er synleg i statistikk materialet for alle tre tidsskrifta. Lova kom til å bli ei symbolsak mellom dei familievennlege og familiekritiske posisjonane. Partnerskapslova blei hylla som eit viktig steg i retning like rettar for homofile og lesbiske av mange i homorørsla, men blei også kritisert:

«Vi har notert oss at homobevegelsen i en rekke europeiske land har partnerskapslov, rett til adopsjon og inseminasjon, og rett til å bli fosterforeldre som sine fanesaker. Dette er saker som er både riktige og viktige, men når de blir de eneste *synlige* kampsakene, blir man lett den homoseksuelle kjernefamiliens fagforening.»²⁹⁹

Sitatet er henta frå spalta «Blikk mener,» som var ei spalte kor redaksjonen i *Blikk* kommenterte aktuelle hendingar. I denne utgåva blei det argumentert for at kamp for dei «homoseksuelle» var ein del av ein større seksuelle revolusjon. Å nytte homoseksuell framfor homofil framheva nettopp det seksuelle. Her blei eigne «premiss» drege fram, og det måtte vere «[...]akseptabelt å være unormal.» Tidlegare hadde parolen vore «Ut av skapet, inn i fellesskapet,» medan det no for mange såg ut til å vere «Ut av fellesskapet, inn i partnerskapet.» Homomiljøet ville ved innføring av partnerskapslova bli «privatisert,» og ei

²⁹⁷"Fritt Fram." Nr.4,1988,S.15.

²⁹⁸Castells nyttar omgrepet "cultural battle" (Mi oversetting) Manuel Castells, *The Information Age : Economy, Society and Culture*, 2nd ed. (Hoboken, N.J.: Wiley-Blackwell, 2010), elektronisk ressurs. S.277.

²⁹⁹"Blikk." Nr.12,1991,S.35.

rad funksjonar ville flytte inn i «homoseksuelle kjernefamilier.»³⁰⁰ Her var frykta for normalisering direkte uttrykt, og kontinuiteten til diskusjonane på 1970-talet er slåande. Bruken av ordet homoseksualitet ser ut til å ha vore meint for å knyte ein historisk dimensjon til innlegget, og intensjonen var å åtvare mot «normalisering.»

Som reaksjon på prosessen med samlivsregulering og framstillinga av homofile i nasjonale medium (t.d. Dagbladet) gjekk det i 1992 ein debatt om homomiljøet, og «homsekulturen» blei særleg diskutert. I debatten var majoritetssamfunnet si oppfatning eit viktig premiss. Homsekulturen blei framstilt som meir sex-positiv, stilte ikkje krav til monogami i parforhold, tal på partnarar, osv. Debatten var livspolitisk, og spelte på spørsmålet om seksuell frigjerings tatt opp i «Blikk mener.» Dette må forståast på bakgrunn av tendensen til å framstille seg sjølve som frigjorte frå samfunnets normer. Samfunnet har lenge hatt interesse i å kontrollere reproduksjon og seksualitet. Dette har ofte blitt knytt opp mot makt.³⁰¹ Igjennom det seksuelle medborgarskapet har homofili i visse former i dag fulle medborgarskapsrettar. I antologien *Norske seksualiteter* forståast «den seksuelle revolusjonen på norsk» som ei utvikling der den styringsvillige velferdsstaten har inkorporert krav frå rørsler som homorørsla så lenge statens styringsmogelegheit og dei tradisjonelle institusjonane ikkje vert trua.³⁰² Det betyr at dei tradisjonelle institusjonane har blitt tilpassa og ikkje radikalt endra, slik at «Ekteskapet, eller den «patriarkalske kjernefamilien» [...] i dag er malen for *alle* samliv uansett kjønn og seksualitet.»³⁰³ Mange ytringar i homotidsskrifta framstilte partnerskapslova som kontrollerande og normerande. Det blei derfor kjempa for å behalde definisjonsmakt over eigen seksualitet og livsstil, og arbeidd mot «normalisering.»

HIV/AIDS, samt debatten om samlivsregulering/partnerskapslov gjorde homofile meir synlege i nasjonale medium. Historikar Nils Johan Ringdals bok *Lystens død* som kom ut i 1991 skapte kontrovers både i homorørsla og i nasjonale medium.³⁰⁴ I boka presenterte Ringdal homomiljøet – eller «ghettoen» - som særleg promiskuøst:

³⁰⁰Ibid.Nr.12,1991,S.35.

³⁰¹Michel Foucault, *The History of Sexuality* (New York: Vintage, 1980).

³⁰²Wencke Mühleisen, Åse Røthing, and Stine Helena Svendsen, *Norske Seksualiteter : En Innledning* (2009). S.21.

Når tilnærminga også er inspirert av post-koloniale perspektiv betyr det at «Arrangerte ekteskap og tvangsekteskap, polygami, straff for homoseksualitet og seksualitet utan nytelse er eksempler på ikke-norske praksiser.»

³⁰³Ibid.S.21.

³⁰⁴Nils Johan Ringdal and M. M. Malvin, *Lystens Død? : Bekjennelser Fra En Mann Av Gay-Generasjonen* (Oslo: Aschehoug, 1991).

«På 1970-tallet utviklet de homoseksuelle menn kravene om seksuell frihet enda lenger, og de kunne ofte bli riktig revolusjonære; for ekte frihet besto i å ha sex med kven man ville hvor man ville og så ofte som mulig.»³⁰⁵

Lesarinnlegget «Leve Lysten» i *Blikk* tok føre seg merksemnda boka hadde skapt i nasjonale medium, og då særleg Dagbladet-redaktørens bruk av utdrag frå boka til å skipe eit inntrykk av eit homomiljø fylt av kvinneforakt og fri sex.³⁰⁶ Mot framstillinga i Dagbladet blei det hevda at «[...] nok en gang blir vi vitne til at homoseksualitet er ålreit det, bare dere gjør som oss heteroseksuelle.»³⁰⁷ I artikkelen blei merksemnda sett som positiv då den kunne skipe ein seksualitetsdebatt, samt at den synleggjorde at ikkje alle levde eit «A4-liv.»

Lesarinnlegget «Sodoma ble ikke bygget på en dag» i *Blikk* skriven av Svein Skeid var eit forsvar av eigenarten i homomiljøet.³⁰⁸ Lesarinnlegget gjekk inn på framstillinga av homofile i media, der somme i humorørsla hadde gått ut med eit «[...]korstog mot alt som kan skade den stuerene homofasaden. Alt som kan skandaliseres må ofres på konformitetens alter.»³⁰⁹ Framstillinga i av homomiljøet i samtida ser ut til å ha vore prega av fokus på seksualitet. I lang tid hadde homsar bygt opp sin eigen kultur: «Og som alternativ til den sexdrepende kjernefamilien, var homsene de første til å etablere erotiske vannhull, vennskapsfamilier og grupperinger av alle tenkelige slag for å ivareta både kjærlyghet, vennskap og seksuell intensitet.»³¹⁰ Debattinnlegget blei avslutta med parola «Skyt på feige politikere som ikke våger å vise vei mot reelle borgerrettigheter for homseOla og lesbeKari.» Ved å referere til «homseOla og lesbeKari,» samt oppfordring til å rette skytset mot politikarane, oppfordra Skeid til ikkje å rette kritikken innover mot homomiljøet, men heller mot samfunnet som ikkje aksepterte alternative livsstilar. Homomiljøet framsto i dette perspektivet som meir inkluderande, pluralistisk og akseptierende, og framfor alt ikkje noko å skamme seg over. Innlegget tok ikkje stilling til noko spesifikk ordning for samliv, og stilte seg kritisk til konformitetspress.

I «Kva er det vi vil» forsøkte Jarl Wåge å samle trådane.³¹¹ Her blei valfridom framheva. Ein måtte ikkje skamme seg over «[...] sjekkemiljø og partnerbytte[...],» og «akseptere» seg sjølve. «Eller vi må våge å leve opp til storsamfunnet sine normer om evigvarande parforhold

³⁰⁵Ibid.S.81.

³⁰⁶"Blikk."Nr.9,1991,S.35.

³⁰⁷Ibid.Nr.9,1991,S.35.

³⁰⁸Ibid.Nr.3,1992,S.35.

³⁰⁹Ibid.Nr.3,1992,S.35.

³¹⁰Ibid.Nr.3,1992,S.35.

³¹¹Ibid.Nr.4,1992,S.35.

viss det er det vi føler for.»³¹² Homomiljøet måtte tilby moglegheiter både for dei som ville leve i stabile forhold, og til dei som ikkje ønskja dette. Dette blei satt i samband med kva politikk nyskipa LLH skulle føre. «Omsorg» blei fremja som eit nøkkelord. Det blei vist til at veteranar og gamle tradisjonar ikkje måtte stå i vegen for nytenking, og for dei som kom etter i kampen. Tittelen «Kva er det vi vil» signaliserte i seg sjølv nærleik til den historiske homokampen, med tittelens likskap til brosjyra «Hva vi vil» utgitt av DNF'48 i 1951.³¹³ Eit vesentleg moment med «Hva vi vil» var at det var homofile sjølve som hadde kunnskap om problemområder og evne til å løyse desse, og ikkje samfunnet i kring med sine misforståingar og dømmende/moraliserande haldning.

Felles for «Leve lysten,» «Sodoma ble ikke bygget på en dag,» og «Kva er det vi vil» var ei identitetskjennele knytt til homomiljøet. Ei felles kjensle av identitet er eitt av kjenneteikna på kollektive rørsler.³¹⁴ Innlegga var forfatta ut frå perspektiv på rørslas rolle og politikk i homomiljøet, og ein felles diskurs og dels felles ideologi var også synleg.³¹⁵ Desse snakka frå ein posisjon i homorørsla som var kritiske til det normative aspektet knytt til spørsmålet om samlivsregulering. Måten dei framstilte homomiljøet på kan derfor forståast som eit retorisk grep kor homomiljøets seksuelle eigenart blei satt på spissen. Dette fordi mange følte at homomiljøet kom til å bli «normalisert.» Særleg i «Sodoma ble ikke bygget på en dag,» og «Kva er det vi vil» kom det til uttrykk eit ønskje om å behalde eigenarten i miljøet. I «Sodoma-perspektivet» sto homofile og lesbiske friare til å leve fritt for konformitetspress. Dette er kanskje særleg synleg i biletet som blei skipa av kjernefamilien som «sexdrepane,» og liknande formuleringar, og argumentasjonen bar preg av kontinuitet til kjernefamiliekritikken frå 1970-talet.

Åra kring innføringa av partnerskapslova var ein viktig periode for denne kritikken. Mange følte seg ikkje heime i homorørsla sin politikk som gjekk inn for regulering knytt til paret. Posisjonen til dei familiekritiske ser likevel ut til å ha blitt meir marginalisert. I tidsskrifta skjedde dette redaksjonelt ved at stadig fleire leiarartiklar byrja å feire lover som partnerskapslova, samstundes som den radikale familiekritikken i aukande grad kom i form av lesarbrev. «Valfridom» og «solidaritet» blei nøkkelord knytt til familiefeltet. Gjennom å understreke egne verdiar ville ikkje lenger samlivsregulering representere konformitet til majoritetssamfunnet, men derimot ein positiv valfridom for dei som ønskte det. Utviklinga

³¹²Ibid. Nr.4,1992,S.35.

³¹³Skeivtarkiv.no, "Dnf'48s Første Brosjyre". Lest 28.04.2016.

³¹⁴Helle, Sørvoll, and Kjeldstadli, *Historier Om Motstand : Kollektive Bevegelser I Det 20. Århundret*. S.15.

³¹⁵Ibid.S.15.

kan også skuldast eit generasjonsskifte i homorørsla. Castells peikar på eit slik skifte frå 1990-talet kor draumen for homofile – og i endå større grad for lesbiske – blei samkjønna familiar.³¹⁶ Dette skuldast ifølgje Castells aldring og modning av delar av homomiljøet.

Homobarna

På 1970-talet hadde også mange peika på at ein sto friare ved å stå utanfor reproduksjon, og for mange må det å skulle ønske seg barn ha vore ein fjern tanke. På 1970-talet blei lesbiske med born frå tidlegare heteroseksuelle relasjonar tematisert, som hadde fått barn før dei hadde oppdaga si seksuelle orientering, eller kom ut av skapet. Å sikre «homobarna» - dvs. barn med homofile eller lesbiske foreldre – hadde derfor lenge vore i fokus, særleg knytt til dei lesbiske mødrene. Som dei andre familierelaterte sakane skjedde det ein viss nedgang knytt til barnepolitikk under HIV/AIDS-epidemien. Nytt på 1980-talet er at tidsskrifta i denne perioden også sette fokus på homofile fedrar.

Pappa er homofil

Første gongen vi blir nærare kjent med ein homofil far var intervjuet «Pappa er homofil» der *Løvetann* intervjuar Sigurd Follerås og dottera Kristin.³¹⁷ Intervjuet blei opna med ei brei innleiing som tematiserte farskapets posisjon i samfunnet:

«Å kreve foreldreretten ved en skilsmisse kan være problematisk nok for en mann, om han ikke også har homofili å «skilte med». I en skilsmissesituasjon har homofile menn reell grunn til å frykte avvisning både fra barn og tidligere ektefelle. Videre er homofile menn i den situasjon at om de skulle ønske å få barn, er det ingen naturlige muligheter til stede. Mange er der nok derfor som går på akkord med sitt følelsesliv og gifter seg med tanke på etterkommere.»³¹⁸

Det blei vist til likskapar i situasjonen til homofile fedrar og lesbiske mødrer. «For homofile fedre eksisterer, og kanskje i like stort antall som lesbiske mødre.»³¹⁹ Ei viktig årsak til at homofile fedrar var mindre synlege var at det fanst få «[...] enslige homofile fedre.» I utgangspunktet var det sannsynleg at mor ville få omsorgsrett, og som sitatet over viser blei dette opplevd som endå meir sannsynleg om far var homofil i tillegg.

Saka med Sigurd og dottera kom same år som Noreg innførte ei ny felles barnelov i 1981 etter at barnelovsutvalet var satt ned i 1975.³²⁰ Ei av oppgåvene for lovutvalet var å sameine lovene

³¹⁶Castells nyttar omgrepet “same-sex families” (Mi oversetting) Castells, *The Information Age : Economy, Society and Culture*. S.277-278.

³¹⁷“Løvetann.”Nr.7,1981,S.8-9,15.

³¹⁸Ibid.Nr.7,1981,S.8.

³¹⁹Ibid.Nr.7,1981,S.8.

³²⁰Vollset, *Familiepolitikens Historie : 1970 Til 2000*. S.78.

om høvesvis barn innanfor og utanfor ekteskap, som sidan 1956 hadde vore administrert i to separate lover. Familielovgjevinga var i utakt med måten folk organiserte familielivet sitt på. Mellom anna blei «pater est-regelen» diskutert (men ikkje fjerna), regelen som sa at mannen som var gift med mor også var far til barnet. Likevel signaliserer det at farsrolla var under debatt. Trine Anfeldt har sett nærare på korleis heteronormativitet blir vidareført i familielovgjevinga.³²¹ Den nye lova regulerte barns situasjon som om foreldra var gifte. Det vil til dømes seie at lesbiske mødrer som skilte seg no måtte dele omsorg med barnefar, iallfall dersom barnefar ønskte det. Dermed blei både farskapen og morskapen vidareført i nye familieformer. Sjølv om omgrepet heteronormativitet ikkje blei nytta i perioden, blei det skrive om «normer,» og «kjønnsrollemønster,» som altså blei vidareført igjennom lovgjevinga.

Sigurd hadde vore skilt to gonger, og hadde tidlegare ikkje våga å gå til rettssak om foreldrerett til Kristin, då han var redd for å misse mogelegheit for kontakt med dottera dersom han skulle tape. Då Kristin var ni år blei han bedt av Kristins mor om å overta foreldreretten. *Løvetann* intervjuar Sigurd om kvifor han ønskte omsorg for Kristin, hans tankar kring om det å ha ein homofil far kunne påverke Kristin, og om reaksjonar frå samfunnet elles. Det blei gjort poeng av at god omsorg for barn ikkje var avhengig av kjønn eller seksuell orientering. Det blei stilt spørsmål ved om barn burde vekse opp med foreldre av ulikt kjønn, noko som blei avvist med at «[...]ungene får et meir nyansert menneskesyn enn de som vokser opp i en alminnelig familie.»³²² Også dottera blei spurt om hennar oppleving av det å ha ein homofil far, noko ho opplevde som positivt utover at ho var redd for at folk skulle reagere negativt på korleis far hennar levde livet sitt.

Saka om Sigurd synleggjorde homofile fedre sin situasjon og eksistens. For dei homofile fedrane fanst det endå ingen organiserte grupper, men ei organisert gruppe for homofile (og lesbiske) og barn ser ut til å ha blitt oppretta i samband med opprettinga av LLH i 1992, for deretter å ha blitt nedlagt etter nokre år, før den blei starta opp att i 2003.³²³ «Lesbisk mødregruppe» var stifta allereie i 1979. Grappa hadde eit klart formål: «I tillegg til bevisstgjøring av oss sjøl, kan vi drive opplysning og informasjon på alle mulige måter. Det trengs! Mange tror nemlig at det ikke går an å være lesbisk og samtidig ha eller få barn.»³²⁴ Også i *Løvetann* blei grappa omtalt, og her blei det vist til: «[...] er det noen av oss som vil

³²¹Anfeldt, "Heteronormal Nok? Heteronormering Som Veileder for Norsk Familiepolitikk." S.104.

³²²"Løvetann."Nr.7,1981,S.9.

³²³"Blikk."Nr.5,2003,S.11.

³²⁴Marit Myking, "Lesbisk Mødregruppe," ed. Skeivt arkiv (Oslo: Lesbisk mødregruppe, 1979).

prøve å få til en slags avlastning i hverdagen ved å appellere til andre homofile/lesbiske som ikke selv har barn. Kanskje det finnes noen som kunne tenke seg å «låne» et barn av og til?»³²⁵ Igjen er dette uttrykk for ei brei familieforståing, og det viser at dei sosiale foreldrene var viktige.

Endringa av barnelova i 1981 kan sjåast som ein måte å kople barnets legitimitet frå ekteskapet på, iallfall formelt.³²⁶ Barn kom dermed alle i ein legitim kategori, jamfør tidlegare då deira situasjon var famna av to skilde lover. «Åleineforelderen» blei vanlegare i denne perioden, og barn vaks gjerne opp utanfor ekteskapsrelasjonen. Den nye barnelova kan lesast som eit forsøk på å oppretthalde «heteronormen» implisitt i ekteskapet ved å vidareføre ei essensialistisk forståing av mor-far-barn-relasjonen som naturleg og uunngåeleg/uunnverleg. Barnet skulle ha rett til ei mor og ein far. Argumentasjonen til homorørsla i perioden plasserte seg dels på sida av dette. Barnet burde ha identifikasjonsmodellar av begge kjønn, men dette måtte ikkje naudsynt vere biologisk far/mor.

I 1981 trykte *Fritt Fram* ein sak skriven av lesbisk mødregruppe. Her blei «[...]den heteroseksuelle kjernefamilien[...] omtalt som ei bærande eining i det bestående «[...]kapitalistiske/patriarkalske[...]» samfunnet. Det blei peikt på «[...]undertrykkende samfunnsstrukturer, både materielt og normmessig sett [...]». Samfunnet var ei hindring for kvinner i å oppdage at dei var lesbiske, og situasjonen var endå verre dersom ein var mor i tillegg. Mellom anna kom det her ein reaksjon på den nye barnelova:

«Den nye barneloven, med delvis frafall av morspresumpsjonen, vil også kunne hindre mange kvinner i å bryte ut av mislykkede heterofile samliv. Mange vil også være redd for tap av foreldrerett over barna dersom det kommer fram at hun er lesbisk.»³²⁷

Utover at frykt for å misse omsorgsretten blei tematisert, kjenner eg ikkje til konkrete saker der homofile eller lesbiske i Noreg misa omsorgsretten ut frå tidsskrifta eg har analysert. Ved eit par høve blei det derimot vist til tilfelle der det hadde skjedd i internasjonal kontekst.³²⁸

Saka om Sigurd, og saker knytt til dei lesbiske mødrene, viser at synleggjering av homofile og lesbiske med barn blei opplevd som viktig. Det fungerte som synleggjering både i homomiljøet og samfunnet generelt at det å oppdage si seksuelle orientering mot same kjønn ikkje naudsynt kom til å bety ei barnlaus framtid. Ein viktig nyanse her var at barna det fram

³²⁵"Løvetann."Nr.6,1980,S.8.

³²⁶Anfeldt, "Heteronormal Nok? Heteronormering Som Veileder for Norsk Familiepolitikk." S.115.

³²⁷"Fritt Fram."Nr.1,1981,S.4-8.

³²⁸Ibid.Nr.8,1988,S.15-16. Nr.9,1990,S.4.

til no var snakk om, var barn frå tidlegare heteroseksuelle relasjonar. Hovudfokuset fram til no hadde altså vore å sikre omsut for eigne barn ved brot frå desse relasjonane.

Løvetann-reportasjen «Vi vil ha barn!», frå 1982 blei innleia med: «Mange lesbiske og homofile menn ønsker seg barn, men tør ikke ta den rettighet som enhver heterofil anser som en selvfølge.»³²⁹ Her blei ein homofil mann (Magne) og ei heterofil kvinne (Daina) intervjuet om deira felles barn. Magne og Daina hadde inngått ei privat avtale om å få barn saman, og innretta kvardagen slik at dei begge hadde dagleg kontakt med barnet. Dei ville ikkje bu saman direkte, men: «For å gjøre situasjonen mest praktisk for alle tre, vil vi gjerne bo vegg-i-vegg. Alternativene er rekkehus, firemannsbolig, eller kanskje et større kollektiv med forskjellige enheter, men ikke én leilighet.»³³⁰ Bustadbygging kunne med det ta andre omsyn enn for den tradisjonelle kjernefamilien.³³¹ Delen av saken som fokuserer på Daina og Magne var illustrert med eit bilete av dei to saman med babyen, til forveksling like ein liten kjernefamilie. Begge var opne for å finne ein partner på kvar sin kant, og var klar over at dette kunne føre til vanskar i samarbeidet om ungen. Dei var likevel innstilt på å løyse eventuelle problem i fellesskap, og hadde til dømes registrert Magne sitt farskap i folkeregisteret i eit forsøk på å sikre begge sine rettar.

Ei lesbisk kvinne (Vigdis) blei også intervjuet i saka. Vigdis var på intervjutidspunktet gravid. Både graviditeten og rolla som åleinemor var planlagt. Ho fortalte ikkje omverda kven som var barnefar, men ville gje barnet informasjon om faren dersom barnet ønska kontakt. Sjølv om Vigdis ikkje hadde ein planlagt familiekonstellasjon kring barnet som Daina og Magne, understreka ho at «Ungen min vil ikke få mangel på mannlige identifikasjonsfigurer – hvis det blir en gutt da – for jeg har mange mannlige venner.»³³²

Jamfør «Pappa er homofil,» og «Vi vil ha barn» ser paret ut til å ha vore den primære måten å organisere sine intime relasjonar på, om ein då ikkje levde einsleg. Sidan det opne forholdet, eller forhold som inkluderte fleire enn to personar blei framstilt som eksotisk, og berre blei tematisert ein gong, ser det ikkje ut til å ha vore vanleg å gå utover paret.³³³ Framfor å argumentere for toforelderfamilien tok Sigurd og dei lesbiske mødrene til orde for ei brei familieførståing. Barnet blei med det i midten av familiekonstellasjonen, og tilknytning ville vere både biologisk og sosial. Sigurd Follerås frå «Pappa er homofil» hadde til dømes tatt til

³²⁹"Løvetann."Nr.1,1982,S.12-15.

³³⁰Ibid.Nr.1,1982,S.14

³³¹Arnfinn, "Fra Heteroromantikk Til Mangfoldige Lystfelleskap - Intimitetens Endrede Organisering."

³³²"Løvetann."Nr.1,1982,S.13.

³³³Ibid.Nr.4,1983,S.12-13.

orde for ei løysing der folk inngå i bufellesskap med folk som allereie hadde barn. Ei slik kollektiv buform utan naudsynt felles barn (biologisk), men felles barneoppseding ville «bryte ned murene mellom homofile og heterofile, og bygge opp fellesskap og solidaritet.»³³⁴

Paret fungerte som ei kjerne med eit større sosialt nettverk i kring. Dette kunne gjerne fungere i kollektiv, som ville sikre eventuelle barn rollemodellar av begge kjønn. Som statistikkaterialet syner blei denne problemstillinga diskutert i alle dei tre homotidsskrifta analysert. Dei nære vennskapsnettverka ville sikre at barna fekk identifikasjonsmodellar av begge kjønn, eit spørsmål som i lita grad blei utfordra.

Like gode som foreldre, kanskje betre?

Å forsvare retten til allereie eksisterande barn hadde som vist lange tradisjonar. Dette blei knytt opp mot empiri som kunne vise at barn ikkje tok skade av å vekse opp med homofile eller lesbiske foreldre. Nytt i denne perioden var at barn blei planlagt inn i samkjønna familiekonstellasjonar. Ei årsak til dette kan vere at homotidsskrifta og foreldregrupper synleggjorde mogelegheitene for å bli foreldre, samt at homorørsla løfta dette opp som politisk sak. Å framheve gode omsorgsevner kom til å bli heilt sentralt i perioden når det blei kravd rettar til å *planlegge* barn inn i samkjønna familiekonstellasjonar i høve dei komande samlivsreformane.

I NOU 1980:50 blei sambuarskap diskutert, særleg når sambuarskapet medførte felles barn.³³⁵ Slik kan familiemeldinga forståast som ein diskusjon som gjaldt heterofile, kor homofile og lesbiske sine familieskipingar med felles barn blei oversett. Dette fekk merksemd i landsdekkande medium, og i homorørsla sine egne. Det at den nye familiemeldinga oversåg andre enn heterofilt gifte og heterofilt sambuande kan forståast som eit forsøk å vidareføre familienorma som heteronormal. I denne saka blei KRF (som då satt i regjering) satt fram som skuldebukk og på leiarplass i *Fritt Fram* karakterisert diskriminerande forsvararar av «[...] kjernefamilien og det hellige ekteskapet[...].»³³⁶

Både i tilknytning til «Samliv ute vigsel» og i sakene knytt til «Familiemeldinga» tok homorørsla til orde for ei brei familieførståing. Det hadde til dømes blitt tatt til orde for kollektive buformer og barneoppseding med fleire foreldre, til dømes to par med felles omsut for barn. I dette perspektivet var det naturleg å dra fram nettopp kjernefamilien og det heilage

³³⁴Ibid. Nr.7,1981,S.15.

³³⁵Vollset, *Familiepolitikens Historie : 1970 Til 2000*.S.131.

³³⁶"Fritt Fram." Nr.4,1985,S.4.Nr.6,1985,S.3.

ekteskapet som sjølve antitesen til homofiles egne familieskipingar. Likevel var den aukande tendensen til å krevje særlege rettar for paret synleg. Kirsten Frigstad – dagleg leiar i AHF – tok i kronikken «80-åras homopolitikk» i *Løvetann* til orde for at homorørsla (Her organisasjonane DNF'48 og AHF) måtte mobilisere i fellesskap, og burde «[...]stille oss på våre berømte barrikader i tida som kommer.»³³⁷ Dette fordi Familiemeldinga var venta:

«Vi må samle oss rundt en del viktige familiepolitiske spørsmål. Vi har spørsmålet rundt lovregulering av samboerforhold og/eller giftemål for homofile. Meldinga nevner ikke oss med et ord i denne forbindelse. Vi skal likestilles, ikke minst lovmessig, med andre samboere! Dette gjelder også spørsmålet om homofile og barn. Sjøl om mange av oss (selvfølgelig) har barn, er vi ikke akseptert som verdige foreldre. Blant annet på denne bakgrunn må vi kreve en legal rett til å foreta inseminasjon. På samme måte må vi kjempe for å bli godtatt som adopsjons- og fosterforeldre.»³³⁸

I kronikken blei det oppmoda til felles kamp med dei andre som ikkje fekk tilsvarande rettar som heterofilt gifte. Familiemeldinga blei presentert som ei utelating av einslege (uansett seksuell orientering) og heterofilt sambuande, og som ei favorisering av heterofilt gifte då det implisitt var helst gifte par med barn, og dernest heterofile sambuarar med barn som blei diskutert.

Også i *Fritt Fram* blei familiepolitiske spørsmål via merksemd, og i 1984 kom ein stor sak om kunstig befruktning som svar på rapporten «etiske retningslinjer ved kunstig befruktning (KB) og in vitro fertilisering (IVF)» frå Norges allmenn-vitenskapelige forskningsråd (NAVF).³³⁹ Lis Pedersen, leiar av DNF'48 sitt kvinneutval kommenterte mellom anna rapporten slik: «Rapporten er gjennomsyret av et krampeaktig forsøk på å bevare myten om kjernefamilien som eneste samlivsmodell og som eneste alternativ for å gi barn optimale vekstvilkår.» Særleg kritisk var Pedersen til at menneskerettane blei brukt til å framheve «[...]retten til å leve opp i en familie med mor og far [...]»³⁴⁰ Som ledd i argumentasjonen kritiserte Pedersen fedranes plass i familien, og framstilte fedrar som fråverande. Intensjonen var å overtyde om at «kjernefamilien» ikkje var ein garantist for gode oppvekstvilkår, og derfor heller ikkje var eigna som basis for lovgjeving:

«Det er på tide å akseptere enslighet og alternative bo- og leveformer som likeverdige med ekteskapet og kjernefamilien, og som likeverdige når det skal lages bestemmelser om hvem som skal få lov til å ha barn.»³⁴¹

³³⁷"Løvetann."Nr.1,1984,S.5.

³³⁸Ibid.Nr.1,1984,S.5.

³³⁹"Fritt Fram."Nr.1,1984,S.5

³⁴⁰Ibid.Nr.1,1984,S.5.

³⁴¹Ibid.Nr.1,1984,S.5.

Det blei også påpeika at «Familier oppløses. Skilsmisser blir mer og mer sosialt akseptable, og flere og flere barn vokser opp uten sin far.»³⁴² Ved omtale av far blei distinksjonen mellom «sosial» far og «biologisk» far understreka. Ein god sosial forelder var implisitt betre enn ein dårleg biologisk forelder.

Også adopsjonsrett sto på agendaen, DNF'48 sin informasjonssekretær Sigmund Raanes, orienterte då det i 1984 kom opp sak om å endre adopsjonslovene. DNF'48 var kritisk til at sivilstand skulle vere avgjerande for rett til å adoptere. I lovutkastet var berre heterofile par foreslått som adoptivforeldre. Forutan å «alliere» seg med einslege i adopsjonsrettkampen, peika Raanes også på at: «Homofile ER ALLEREDE I FORELDREPOSISJON.»³⁴³

Motstanden mot adopsjonslovene slik dei sto tente ikkje berre som moglegheit til å innta ein posisjon som synleggjorde at homofile allereie var foreldre, men også til å peike på at gode omsorgsevner korkje var avhengig av seksuell orientering eller sivilstatus. I slutten av artikkelen uttalte Raanes:

«Det er forstemmende at igjen er homofile som er den gruppen som skal diskrimineres. Det er derfor på tide at det offentlige nå – **en gang for alle** – slår fast som prinsipp at de samme rettigheter og plikter skal gjelde for homofile som for heterofile – enten det dreier seg om samboende eller enslige.»³⁴⁴

Her blei ikkje kjernefamilien kritisert i seg sjølv, men argumentasjonen er mykje den same som tidlegare. Tanken om at «ekteskap» eller stabile (heterofilt ugift samliv) sambuarskap skulle vere einaste gode råde kring barneoppseding og utgangspunkt for familiepolitikk blei vist til som nærast ein anakronisme. Å reservere adopsjon for heterofile par blei sett på som utslag av ein «(...)gammelmodig, diskriminerende og helt uakseptabel tankegang.» At ugifte heterofile blei inkludert i lovforslaget blei sett på som utidig diskriminerande fordi staten då argumenterte ut frå det heterofile paret sitt beste, og ikkje barnets beste. Omsorgsevne burde ikkje vere bestemt av kjønn, og heller ikkje talet på vaksne i familiekonstellasjonen. Det blei også vist til at alle foreldra i familiekonstellasjonen heller ikkje behøvde å bu saman med barnet. Så lenge barnet fekk møtt sine behov burde familiekonstellasjonane vere valfrie.

Familiemeldinga og handsaminga av den i Stortinget var venta å legge konkrete føringar for regjeringa sin politikk.³⁴⁵ DNF'48 sin generalsekretær Kim Friele gjekk i 1985 i «Diskriminering – en innarbeidet selvfølge» hardt ut mot forslaget om ny adopsjonslov.³⁴⁶

³⁴²Ibid.Nr.1,1984,S.5.

³⁴³Ibid.Nr.1,1984,S.13.

³⁴⁴Ibid.Nr.1,1984,S.13.

³⁴⁵*Familiepolitikens Historie : 1970 Til 2000*.S.121.

³⁴⁶"Fritt Fram."Nr.2,1985,S.4.

Her stilte Friele særleg justisministeren Mona Røkke i dårleg lys ved å kritisere hennar tolking av familiemeldinga ved å peike på «diskriminering,» og for å følge «(...)70 år gamle prinsipper!» Friele presenterte to ulike røyndomssyn – der altså regjeringa diskriminerte og berre hadde auge for ekteskapet som fundament for lovgjeving. Ekteskapet blei framstilt som ein dårleg garantist for lukkelege familieliv, då; «Til baksiden (av ekteskapet) hører at de fleste incestforbrytelser overfor mindreårige forøves av gifte fedre, eller av mannspersoner tilknyttet barnets ekteskapelige familie/og eller familiens bekjentskapskrets.»³⁴⁷ Dessutan var «realiteten» at homofile allereie var foreldre. Ikkje berre blei homofile diskriminerte når dei blei nekta å adoptere, men barna som allereie levde med to homofile foreldre ville kunne miste den sosiale forelderen dersom den biologiske forelderen døyde.

I «Viktig å gi barna trygghet» frå 1985 kunne ein bli kjend med Atle Bolstad og Lars Sundbø, som blei omtalt som ein liten «kjernefamilie.»³⁴⁸ Desse hadde omsorga for Atle sine to barn. Opphavleg hadde Atle fått tildelt foreldreretten av barna si mor, men etter at Atle gjekk inn i eit homofilt sambuarskap gjekk barna si mor til sak mot Atle for å få att foreldreretten med grunngevinga: «Argumentene hun bruker tar først og fremst utgangspunkt i at Atle lever i et homofilt samboerforhold.»³⁴⁹ Forutan fara for å misse foreldreretten, viste dei også til barnas og Lars situasjon. Barna ville miste Lars som omsorgsperson, og Lars ville stå utan rettar til både barna og til huset dei budde i. Derfor hadde Lars og Atle forsøkt å gifte seg i 1983, noko som hadde blitt møtt med avslag.

Frykta for å misse omsorgsrett for sine eigne barn på bakgrunn av seksuelle orientering var altså framleis sterkt levande. Utelating av adopsjonsrettar for homofile og lesbiske kom på eit tidspunkt der openheita homokampen skapte ser ut til å ha skapt eit rom der homofile og lesbiske byrja å planlegge barn innanfor samkjønna parforhold. Dette var synleg i argumentasjonen i homotidsskrifta, kor indignasjonen over utelating var tydeleg, og presentert som «diskriminering.» Gruppa «Lesbiske mødrer» hadde lenge synleggjort for lesbiske at det å få barn var mogeleg, og utover 1990-talet kom også gruppa «Homofile og barn» og etter innføring av partnerskapslova også «Foreningen for partnerskapsbarn.» Argumentasjonen knytt til lovreformane i perioden viser at det å synleggjere barn med homofile og lesbiske foreldre var viktig. Dette blei særleg aktuelt fordi partnerskapslova ikkje adresserte desse barna sin situasjon, noko som blei eit viktig tema i homotidsskrifta.

³⁴⁷Ibid.Nr.2,1985,S.4.

³⁴⁸Ibid.Nr.3,1985,S.14.

³⁴⁹Ibid.Nr.3,1985,S.14.

Argumentasjonen i perioden fram mot innføringa av partnerskapslova blei prega av at homofile og lesbiske møtte fordommar. *Blikk* intervjuar i 1993 Lars Linderoth om erfaringane som far.³⁵⁰ Opphavleg hadde han ikkje oppfatta det å få barn som mogeleg, men to år føre intervjuet hadde han fått eit barn saman med eit lesbisk venninnepar. Lars ville ha ei større rolle enn å vere sæddonor, og avtalte på førehand at han skulle ha ei viktig rolle i barnet sitt liv sjølv om det var mødrene som hadde den daglege omsorga. Mykje av artikkelen var via til reaksjonane Lars møtte, og i artikkelen blei det peika på at «[...] det mest sårende var reaksjonen Lars mottok fra enkelte hold; hvor homofile menn nærmest blir mistenkeliggjort som fedre. - Koblingen mellom homofil og pedofili eksisterer dessverre også i vårt eget miljø [...]»³⁵¹ Dette var altså ein reaksjon Lars møtte både i homomiljøet og i samfunnet elles. Elles påpeika han at det var urettvis at homofile fedrar og lesbiske mødrer måtte forsvare at dei fekk barn – når heterofile måtte forsvare seg når dei ikkje fekk barn. Det burde altså ikkje kome overraskande på nokon at også homofile opplevde det riktig og naturleg å få barn. Lars peika på at han ikkje ville gjere nokon politisk sak ut av farskapet sitt. Barn av lesbiske og homofile var kjærleiksbarn sjølv om dei måtte planleggjas litt annleis, og alle barn burde vere «[...]forunt å komme til verden så ønsket og så velkommen[...]».³⁵² Intervjuet med Lars var ein del av ein større serie om homofile og lesbiske foreldre i denne utgåva av *Blikk*.

Lars er eit døme på at koplinga mellom homofili og pedofili blei opplevd som ubehageleg og mistenkeleggjerande. Frå 1970-talet og til byrjinga av 1980-talet hadde ei interessegruppe for pedofile knytt seg til DNF'48, etter kvart som ei undergruppe.³⁵³ Det pedofile elementet blei etter få år ekskludert frå organisasjonen. Lars Linderoth var tydeleg indignert og opprørt over å bli samanlikna med pedofile. Då Lars understreka at fordommane knytt til pedofili og homofili *også* eksisterte i eige miljø ser det ut til at han sikta til at dette primært var fordommar han møtte i samfunnet, implisitt at menneska i homomiljøet burde vite betre. Som vist kan pedofili forståast som yttergrensa for intimt medborgarskap.³⁵⁴ Koplinga mellom pedofili og homofili er ei gamal kulturell førestilling med røtter attende til homoseksualitet i

³⁵⁰"Blikk."Nr.10,1993,S.23.

³⁵¹Ibid.Nr.10,1993,S.23.

³⁵²Ibid.Nr.10,1993,S.23.

³⁵³NAFP – Norsk Arbeidsgruppe For Pedofili. I:

Edelberg, *Storbyen Trækker : Homoseksualitet, Prostitution Og Pornografi I Danmark 1945-1976*. S.243.

NAFP ser ut til å ha sett pedofili og homoseksualitet som liknande og berre dels skilde fenomen. NAFP stilte seg sams med mange andre fraksjonar i homorørsla kritiske til kjernefamilien, og det er nettopp dette som ser ut til å ha skapt rom for at pedofile for ei tid blei med i homokampen. Mange reagerte negativt på sambandet med pedofili, og dei pedofile blei kasta ut av den norske homokampen. Etter kvart var det berre synleg i nokre isolerte debattantars kronikkar og lesarbrev i homotidsskrifta.

³⁵⁴Plummer, *Intimate Citizenship : Private Decisions and Public Dialogues*.

antikkens Hellas. Historikaren Peter Edelberg har mellom anna sett på pedofile undergrupper i dei skandinaviske homorørslene, og skildra ei diskursiv nyordning som skilte den pedofile frå den «normale homoseksuelle.»³⁵⁵ At Linderoth møtte desse fordommane utanfor miljøet kan skuldast at førestillinga om pedofili og homofili som same sak hjå somme motstandarar av rettar for homofile, var høgst levande. Då kan det å skulde medlemmane i homorørsla for pedofili ha inngått i argumentasjonen hjå motstandarane av retter knytt til barn for homofile, i eit forsøk på å hindre fulle medborgarskapsrettar for homofile og lesbiske.

Eit anna trekk ved argumentasjonen er at Linderoth utfordra heterofile sin «sjølvsgatte» rett til å få barn. Homofile måtte forsvare seg når dei fekk barn, medan heterofile måtte forsvare seg når dei ikkje fekk barn. Teologen Paul Leer-Salvesen reflekterer i «Naturens argumentative kraft» kring «[...] etiske og teologiske forsøk på å bringe naturen og biologien inn i debatten om seksualitet og ekteskap[...].»³⁵⁶ Argumentasjonen homorørsla møtte ser ut til å ha vore basert på at homofile og lesbiske ikkje fekk barn saman «naturleg,» og derfor av natur var dårlege foreldre. Linderoths argumentasjon tok sikte på å avvise slike typar motargument mot homofile og lesbiske sine familieskipingar ved å gjere kva som var «naturleg» i biologisk forstand mindre viktig.

Om familiekonstellasjonane avveik frå det tradisjonelle, var det viktig å vise kor sterkt ønskja barn var i homofile og lesbiske sine familieforhold. Det at familiediskursen på nasjonalt nivå framheva nettopp det heterofile paret som norm for barneoppseding møtte kraftig motbør i homotidsskrifta. Sosiolog Annemarie Vaccaro skildrar måten den heteronormative «toforelderfamilien» blir eit masternarrativ gjennom å bli naturalisert i familiediskursen.³⁵⁷ Omgrepet masternarrativ siktar til dominerande måtar å tenke om og forstå livet sitt på – uttrykt i kulturelle forventingar om å gifte og leve i «normale» familieformer.

At det sosiale og biologiske foreldreskapet blei framstilt som likeverdig kan forståast på bakgrunn av dei familiepolitiske reformene, for å framheve at biologisk eller «heterofilt» foreldreskap ikkje var nokon garantist for godt familieliv. Argumentasjonen i homotidsskrifta skipa eit bilete av familiepolitikken som biologisk deterministisk, og ideologisk konservativ, i den forstand at det blei framstilt som diskriminerande og urettvist at kvinne og mann – aller

³⁵⁵Edelberg, *Storbyen Trækker : Homoseksualitet, Prostitution Og Pornografi I Danmark 1945-1976*.

³⁵⁶Paul Leer-Salvesen, "Naturens Argumentative Kraft," in *Til Rette Ektefolk*, ed. Unni Langås and Paul Leer-Salvesen (Kristiansand: Portal akademisk, 2011).S.77.

³⁵⁷Vaccaro nyttar omgrepet "heteronormative two-parent family structures" (Mi oversetting) .A. Annemarie Vaccaro, "Toward Inclusivity in Family Narratives: Counter-Stories from Queer Multi-Parent Families," *Journal of GLBT family studies* 6, no. 4 (2010).

helst i ekteskap – var den beste råma kring barneoppseding. «Masternarrativet» vidarefører heteronormativitet fordi ein del av narrativet er at barn må ha foreldre av begge kjønn. Dette var som vist eit spørsmål som blei lite utfordra. Dette blei vidareført i ei brei familieforståing der rollemodellfunksjonane blei plassert utanfor «kjernen,» utgjort av paret med barn.

Et lesbehjem?

Statens familiepolitikk kan ha gjort det vanskelegare å tenke seg barnefamiliar utover kjernefamilieliknande konstallasjonar, og derfor ha medført at familiediskursen i homotidsskrifta i aukande grad dreia seg over på paret. I synleggjeringa i homotidsskrifta av lesbiske og homofile familieskipingar ha bidrege til at fleire såg familieskiping som ein mogelegheit. I reportasjen «En utfordring til patriarkatet» blei «Anne,» som hadde latt seg inseminere for åtte år sidan, intervjuet.³⁵⁸ Ho blei intervjuet om korleis ho vurderte situasjonen kring insemineringa, om barnet sin «[...]kontakt med faren?», barnet sine «identifikasjonsmodellar,» og om hennar situasjon som lesbisk mor. Manglande farsrolle blei ikkje sett på som eit problem så lenge «[...]man har mannlige rollemodeller i nærmiljøet.»³⁵⁹ Den pågåande samfunnsdebatten om kunstig befruktning meinte Anne at ikkje var til barnets beste:

«Samfunnet krever at inseminasjon skal være for heterofile, gifte par, og at sædgiver skal være anonym, dvs. at han beskyttes. Et tredje punkt er at barnet ikke skal ha rett til å vite at den faren som er dets juridiske far, ikke er dets biologiske far. Altså er det hans reproduksjonsevne, eller hans ære som mann som ivaretas. Man tviholder på det biologiske farskapet som veldig viktig, istedenfor å spørre om hva som er viktig for ungen.»³⁶⁰

Bakgrunnen for debatten var at arbeidet med lovregulering av kunstig befruktning var i gang på dette tidspunktet. Arbeidet resulterte i lov om kunstig befruktning frå 1987.³⁶¹ Andre del av reportasjen besto av faktaboksar som gjorde greie for den politiske situasjonen kring inseminasjon, mellom anna ei utspørjing av cand.jur. Anne Hellum som dreiv med utgreiingsarbeid for komiteen som såg på «[...]spørsmål vedrørende lovregulering av kunstig befruktning.»³⁶² *Fritt Fram* framheva for Hellum at lovreguleringa berre kom til å gjelde heterofilt gifte og samlevande, noko Hellum svarte med:

³⁵⁸"Fritt Fram."Nr.6,1985,S.5-6.

³⁵⁹Ibid.Nr.6,1985,S.5.

³⁶⁰Ibid.Nr.6,1985,S.12-13.

³⁶¹Trine B. Haugen and Tom Tanbo, "Har Inseminasjon Med Donorsæd En Fremtid Med Ikke-Anonyme Givere?," *Tidsskrift for Den norske legeförening* (2004).

³⁶²"Fritt Fram."Nr.6,1985,S.13.

«I og med at denne befruktningsteknikken skiller seksualitet og befruktning trues den heterofile kjernefamilien. Kvinner kan få barn uten menn. Foreliggende forslag til lovregulering må ses som en sikring av heteroseksualiteten.»³⁶³

Utfordringa av patriarkatet var klar i at lesbiske kvinner no kunne få barn utan menn. Forsøk på å reservere kunstig befruktning for heterofile, nytta «Anne» til å utfordre viktigheita av biologisk foreldreskap, og då særleg farskapet. Det å nekte lesbiske kvinner kunstig befruktning blei framheva som uttrykk for dårlege holdningar i samfunnet som diskriminerte lesbiske kvinner. Utover dette haldningsspørsmålet blei det av «Anne» peika på at inseminasjonspraksis var enkel, og at det eigentleg ikkje var noko poeng å krevje det som rettigheit politisk.

HIV/AIDS kom til å sette eit bestemt merke på kravet om inseminasjon. På 1970-talet hadde frykt for lesbisk separatisme vore reell då mange lesbiske kvinner hadde opplevd at deira saker blei underspelt i humorørsla. No kom igjen mange lesbiske til å føle at deira saker ikkje blei høyrte fordi nettopp krav til adopsjon og kunstig befruktning ikkje blei eitt av hovudkrava til humorørsla. Mange opplevde no at hovudfokuset låg på smittevern for homofile menn. *Løvetann* trykte foredraget «Angår AIDS lesbiske?» av AHF –og seinare LLH- aktivist Karin Enderud , opphavleg haldt på landskonferansen om AIDS, der Enderud forsøkte å byggje bru mellom lesbiske og homofile sine interesser.³⁶⁴ Lesbiske kvinner blei i foredraget presentert som dei minst råka av AIDS, med mindre dei var «[...] sprøytenarkomane, eller mottar sæd fra homofile menn.»³⁶⁵ Det blei også peika på «solidaritet,» og «[...]homohets[...] som ikke skiller mellom menn og kvinner.»³⁶⁶ Nok ein gang var tendensen tydeleg at lesbiske kvinner og homofile menn måtte arbeide saman for å oppnå politiske sigrar. Her blei «likestilling i familiepolitikken» peikt på som ei viktig homopolitisk sak, mellom anna blei rett til adopsjon og inseminasjon framheva, saman med mogelegheiter for å leve opent som homofil, og at dei som ønskte det skulle kunne leve i stabile parforhold. Enderud framstilte det som at lesbiske kvinner opplevde manglande interesse for sine saker:

«Familiemeldinga kom og vakte debatt, og da var det i en periode felles kamp mot innholdet i den og for kravet om at homofile samliv måtte utredes. Samtidig prøvde vi, i hvert fall i AHF, å reise en bredere debatt om samliv generelt, om homofiles forhold til den heterofile kjernefamilien og kvinneundertrykking og mer langsiktige

³⁶³Ibid.Nr.6,1985,S.13.

³⁶⁴"Løvetann." Foredraget var trykt i sin heilskap i Nr.3.1986. S.32-33,39.

³⁶⁵Ibid.Nr.3,1986,S.32.

³⁶⁶Ibid.Nr.3,1986,S.33.

perspektiver på hva slags samfunn og seksualitet vi ønsker oss, både for homofile og heterofile. Her møtte vi heller ikke den store responsen fra homofile menn.»³⁶⁷

Enderud drog som vist fram «homohets», og nemnte i innlegget sitt mellom anna «park- og pissoar-kulturen.» Homohetsen var basert på promiskuøse delar av homomiljøet, noko som kunne nyttast av konservative motstandarar til å skipe eit bilete av homofile menn sine relasjonar som meir ustabile og sexfokuserte. Framstillinga av «park- og pissoarkulturen» nytta Enderud til å poengtere at den seksuelle frigjeringa slik den for tida utspelte seg, spelte fallitt, og framheva med det skilnaden mellom dei familiekritiske og familievennlege posisjonane i homorørsla. Som vist på 1970-talet var ein del av familiekritikken å framstille kjernefamilien som monogamitvang, noko særleg homofile menn gjorde. Dette førte seg altså inn i «normaliseringsdebatten,» der mange tok avstand frå dei delane av homomiljøet som levde ein meir promiskuøs livsstil.

Det blei stilt som vilkår at samfunnet no måtte engasjere seg i bekjempinga av AIDS, og at homofile menn måtte gje plass til lesbiske sine saker i organisasjonane, her å forstå som inseminasjons- og adopsjonsrettar. Eitt uttrykk for konsekvensane av epidemien er at *Fritt Fram* fekk si eiga helsespalte. Eit interessant døme på frykt for HIV kom då ei lesbisk jente sendte inn spørsmål om det var trygt å nytte sæd frå ein homofil gut, noko som blei avvist. Donasjon av sæd, blod eller organ skulle ikkje skje grunna frykt for at det kunne gje HIV-smitte.³⁶⁸ Dette blei også vist til i *Løvetann*.³⁶⁹ I 1989 kunne *Fritt Fram* melde om «Lesbisk «babyboom» i USA.»³⁷⁰ Artikkelen viste til stadig aukande bruk av kunstig inseminasjon hjå lesbiske i USA. Inseminasjon hadde lenge førekome via private avtalar med menn, og dei private avtalene sitt innhald kunne variere. Som konsekvens av dette hadde mange barn som resultat av dette fleire foreldre, gjerne to foreldrepar. Med kunstig inseminasjon kunne graviditet for lesbiske lausrivast frå private avtaler med menn, og smitteangsten reduserast.

«Lesbisk «babyboom» i USA» viste også til ein nystifta EF-kommisjon som skulle sjå på problemstillinga med lesbiske mødrer. Leiaren for kommisjonen kom med følgjande utsegn: «På samme måte som heteroseksuelle kan bruke preventiver, hvorfor skulle ikke lesbiske bruke reproduserende teknologi?»³⁷¹ I andre saker omhandlande inseminasjon blei lesbiske kvinner sin rett til inseminasjon krevja på lik linje med kvinner som var ufrivillig barnlause av

³⁶⁷Ibid.Nr.3,1986,S.33,39.

³⁶⁸"Fritt Fram." Nr.15,1986,S.2.

³⁶⁹"Løvetann."Nr.4,1987,S.46-47.

³⁷⁰"Fritt Fram." Nr.5,1989,S.18.

³⁷¹Ibid.Nr.5,1989,S.18.

andre årsaker. «Det naturlege» ved å ønskje seg og det å få barn blei understreka, og morskapen var med det essensialisert, altså oppfatta som naturleg og ønskjeleg. Både i kommisjonsrapporten og i store delar av rørsla ser det ut til at moderskapet blei essensialisert.

Siri Kvalheim – DNF'48 aktivist – kritiserte i artikkelen i «Maktmisbruk frå Forbundets leiing» DNF'48-leiinga for å ha utelatt adopsjonsrettar frå lovforslaget til partnerskapslova for å få lova igjennom Stortinget.³⁷² Kvalheim framheva at partnerskapslova rett nok kunne sikre vaksne i parforholdet, men ikkje dei eventuelle barna i det. Rydström ser innføring av rettार til barn, og då særleg adopsjon og inseminasjon som dei vanskelegaste sakane å oppnå.³⁷³ Mange opplevde derfor partnerskapslova som annanrangs, og Kvalheim meinte at her hadde homorørsla hadde vore unnfalle og akseptert ei annanrangs lov. Partnerskapslova vart vedtatt i Stortinget med ein relativt smal majoritet for på 58 med 40 røyster mot.³⁷⁴ Basert på kor kontroversielle desse sakane var, og den relativt smale majoriteten ved innføring av partnerskapslova, ville nok ikkje lova ha kome igjennom utan å utelate desse rettane.

Ein viktig overgang i denne perioden er at der det tidlegare blei krav omsorgsrett på *tross av seksuell orientering*, blei det no framstilt som ein rettighet homofile og lesbiske hadde på lik linje med heterofile. Fleire byrja også å stille seg kritisk til at barn trengte rollemodellar av begge kjønn.³⁷⁵ Til no hadde ein modell med paret som «kjerne» innanfor ein større vennskapsmodell sementert seg. På bakgrunn av den breie familieførståinga kunne medlemmane i homorørsla møte motstandarars argument med t.d. manglande rollemodellar med at barna uansett kom til å ha mannlege og kvinnelege rollemodellar. Særleg frå andre halvdel av 1980-talet dreia diskusjonane seg i større grad over på paret, på bakgrunn av utgreiingar og lovreformer som *samliv utan vigsel*, *familiemeldinga*, og *partnerskapslova*. Ein annan viktig årsak til at paret blei viktigare er at familieskipingane for lesbiske kvinner i større grad kunne koplast frå menn. Ved å reise til Danmark, eller nytte privat sæddonasjon utan å avsløre donorens identitet, kunne lesbiske planlegge barn innanfor det lesbiske paret. Denne aukande planlegginga av barn innanfor *paret* ser ut til å ha ført til at argumentasjonen i større grad dreia seg over på kvifor homofile ikkje skulle vere like gode foreldre som heterofile.

³⁷²Ibid.Nr.4,1990,S.2.

³⁷³Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*. S.12.

³⁷⁴Ibid. S.55.

³⁷⁵"Fritt Fram."Nr.12,1991,S.30-31.

For å adressere manglande rett til barn arrangerte LLH-undergruppa Arbeidsgruppen for homofile og barn «Høring om homofile barnefamilier.»³⁷⁶ Siktemålet var å fokusere situasjonen for, og oppvekstkår i, homofile barnefamilier. Artikkelen *Hvorfor må det være sånn?* av Vår Benum (Journalist i *Løvetann*) tok eit oppgjær med haldningar i homomiljøet.³⁷⁷ «Hvorfor må det være sånn, at jeg og mange andre homofile med meg, må *forsvare* at vi ønsker oss barn? At vi får følelsen av at det, om det ikke er direkte moralsk forkastelig av oss, i alle fall er uansvarlig og egoistisk?»³⁷⁸ Artikkelen fokuserte særleg på rettar knytt til biologiske barn. Rett til å få egne barn ville i følgje artikkelforfattaren fjerne sagn etter barn hjå mange homofile, og ville med det kunne styrke homofile parforhold. Synleggjering av homofile barnefamilier ville bidra til å forandre samfunnet til det betre, og vise på ein naturleg måte at homofile var like gode foreldre som andre. Eit samfunn som tok inn over seg pluralistiske familieformer ville la alle barn «blomstre.» Homorørsla skulle orsake seg mindre, og gjennom synlegheit vise vegen til eit friare og betre samfunn.

Eit døme på argumentasjon ut frå dette var saker knytt til rett til å bli vurdert som fosterforeldre. Som del av ein større reportasje om homofile og barn, sto paret Ton Frenay og Gaele de Vries fram med sine problem knytt til deira ønske om å bli fosterforeldre.³⁷⁹ Dei blei nekta dette fordi barnevernssekretariatet meinte at det å plassere barn hjå homofile omsorgspersonar ville føre til belastning og identifikasjonsproblem for barna. Frenay og de Vries avviste dette, og framheva at homofile måtte vurderast på lik linje med heterofile når det kom til deira evne som foreldre. Frenay og de Vries peikte på at det var ubetydeleg for dei om barnet blei homofilt eller heterofilt. Faktisk kunne homofile vere betre rollemodellar fordi [...] vi (homofile) ofte er meir tolerante enn heterofile.»³⁸⁰ Intensjonen ser ut ti å ha vore å opne familiepolitikkenes auge for den «ressursen» homofile og lesbiske var som foreldre.

Snart ringer klokkene

I staden for å greie ut homofilt samliv sette Willoch-regjeringa ned det såkalla «Husstandsfellesskapsutvalget.»³⁸¹ Dette kan lesast som eit forsøk på å unngå spørsmålet om spesifikk lovregulering for homofile. Lov om husstandsfellesskap blei vedteken i 1991, og gav moglegheiter for arv for dei som hadde delt husstand over lengre tid.³⁸² Forslaget ser ut

³⁷⁶«Løvetann.»Nr.4,1993,S.34.

³⁷⁷Ibid.Nr.6,1993,S.33-35.

³⁷⁸Ibid.Nr.6,1993,S.34.

³⁷⁹«Blikk.»Nr.3,1991,S.17.

³⁸⁰Ibid.Nr.3,1991,S.17.

³⁸¹Vollset, *Familiepolitikkenes Historie : 1970 Til 2000*. S.170-171.

³⁸²Ibid.S.173.

til å ha blitt møtt med at det blei opplevd som ei nedvurdering av homofile parforhold, og likestilling av det med relasjonar som søskenforhold. Som vist i statistikk materialet følte mange i homorørsla at dei mangla råmer kring samliva sine, og samlivsregulering var for mange viktig å få vedtatt. «I Norge la det regjeringsoppnevnte Husstandsfellesskapsutvalget fram sin innstilling for en tid tilbake. Utvalget konkluderte med at det burde innføres lovregulering av homofile og lesbiske parforhold.»³⁸³ Dette blei skriva på leiarplass i *Blikk* knytt til at Danmark hadde innført si partnarskapslov i 1989. På bakgrunn av at husstandsfellesskapsutvalget ikkje gjekk inn for regulering av homofilt samliv, blei Noreg altså presentert som ei sinke, og som diskriminerande. Her blei det skriva om å kunne leve eit fullverdig liv,» «likeverdig», osv. Det blei også vist til den danske partnarskapslova sine unntak for rettar knytt til adopsjon.

Ein del av reaksjonen vist under «Sodoma var ikkje bygt på ein dag» spelte på korleis dei nasjonale medium framstilte homofile som sex-fikserte. I «Sodoma-perspektivet» var dette noko ein måtte vere stolte av. Artikkelen «Homsene er feige» frå 1992 illustrerer den andre sida, dei som tok til orde for «normalisering.» *Blikk*-redaktør Arne Walderhaug intervjuar i 1992 Espen Kvernberg og Rune Tverberg, som tok til orde for å «avseksualisere homoseksualiteten,» og peika på at homsemiljøet var den største trusselen mot homser og lesber.³⁸⁴ Dei var misnøgde med korleis homofile og homomiljøet blei framstilt og debattert. «Vi vil at homser og lesber skal framstilles som normale mennesker.» Det blei vist til «diskotekenes kjøttmarkeder,» «saunaer,» og «[...] livsstil. – Hele miljøet er preget av en overtone av seksualitet.»³⁸⁵ Som årsak til dette trakk dei fram homofile (menn) si seksuelle risikoåtfærd, som gav grunnlag for dette biletet av homomiljøet. Dei peika også på at DNF'48 ikkje klarte å møte individa i homorørsla sine behov godt nok. Kvernberg og Tverberg var kritiske til livet i ein eigen getto, og budskapet var at homofile måtte orientere seg meir etter samfunnet.

Kvernberg og Tverberg sitt perspektiv blei homomiljøet sett på som misoppfatta i media, eit mediebilete skipa på livsstilen i delar av homomiljøet. Kritikken blei vend innover i homomiljøet framfor ut mot samfunnet, og kritikken av «promiskuitet» og «saunakultur» gjekk som vist også igjen når somme lesbiske følte sine saker oversett. Også ÅK nytta denne argumentasjonen. I «Holder fast ved idealene» intervjuar Øyvind Rauset Erik Aasheim,

³⁸³"Fritt Fram." Nr.6,1989,S.6.

³⁸⁴"Blikk."Nr.2,1992,S.3.

³⁸⁵Ibid.Nr.2,1992,S.3.

medlem av «kirkepolitisk utvalg» i DFN⁴⁸ og medlem av ÅK.³⁸⁶ Bakgrunnen for Aasheims utsegner var at partnerskapslova (og andre uttrykk for stabile samliv) lenge hadde blitt omtalt som eit forsøk på smittevern i homotidsskrifta.³⁸⁷ Ved spørsmål om kvifor han slåss for ekteskapet, svarte Aasheim mellom anna at: «En del mener at homofil frihet er det samme som å knulle i øst og vest.»³⁸⁸ Kritikken retta mot delar av homomiljøet kan forståast som strategisk med tanke på debatt kring partnerskapslovas endelege utforming. Det knytte seksuell promiskuitet til delar av homomiljøet, og framstilte dei familievennlege røystene som «normale.» Argumentasjonen knytt til likestillingstematikk baserte seg ofte på at homofile og lesbiske ikkje hadde tilstrekkelege rårer kring sine samliv. I dette perspektivet blei ikkje homofilt samliv sett på som vesensforskjellig frå heterofilt samliv, problemet var derimot manglande rårer.

Partnerskapslova var derfor for mange ein stor siger, som ga rårer kring samlivet. Leiaren i *Løvetann* i 1993 inviterte til å smake på orda «partnerskap» og «partner,» og kva lova betydde:

«Partnerskapsloven. Med denne loven inntar homofile par en ny plass i samfunnet. Vi blir synlige ikke bare gjennom å knytte oss til hverandre i det vi ønsker skal være et livslangt forhold, men gjennom å få plass i lovgivingen og muligheter til å skape et samliv innenfor juridiske rammer. Dette forplikter. Det blir ikke bare snakk om rettigheter, men også om ansvar. Først og fremst et ansvar for hverandre. Vi bringer våre forhold ut i offentligheten, vi står frem – fremstår – i samfunnet som en enhet og må tåle å leve våre liv i åpenhet, også når det ikke lykkes.»³⁸⁹

Sjølv om lova blei feira, låg der eit tydeleg medvit om at ikkje alle ønskja lova velkommen. Det blei på leiarplass understreka at lova ikkje var ei «tvangstrøye,» og at «Den (partnerskapslova) skal ikkje skape likhet, men fremme likeverd.»³⁹⁰ Ein snakka framleis ikkje om samlivsregulering utan atterhald. Likevel blei lova feira stort, særleg i *Blikk*. Mellom anna kom det eit eige bilag for å feire partnerskapslova, med bilete av lukkelege par som inngjekk partnerskap. *Blikk* var til stades ved den første store partnerskapsinngåinga i Oslo rådhus, kor Kim Friele inngjekk partnerskap med si Wenche Lowzow.³⁹¹ Dette blei av *Blikk* omtalt som ein «historisk dag.»

³⁸⁶"Fritt Fram."Nr.10,1989,S.9.

³⁸⁷Ibid.Nr.7,1988,S.6.

³⁸⁸Ibid.Nr.10,1989,S.9.

³⁸⁹"Løvetann." Nr.2,1993,S.7.

³⁹⁰Ibid.Nr.2,1993,S.7.

³⁹¹"Blikk." Nr.9,1993,S.3.

Oppsummering

Fram til utgreiingane om ugift samliv hadde diskusjonane i homotidsskrifta hatt ekteskapet som premiss. Ekteskapet som institusjon blei møtt med stor ideologisk motstand. Då myndigheitene opna for diskusjonar knytt til ekteskapsliknande forhold opna dette for diskusjonar i homorørsla der ekteskapet ikkje lenger var premiss for diskusjonen.

Dei familiekritiske røystene blei meir marginaliserte under HIV/AIDS-epidemien, men gjorde seg igjen sterkt gjeldande kring innføringa av partnerskapslova. Her blei egne verdjar mobilisert, knytt til stoltheit over «homsekultur» bygt opp i homomiljøet. Frykta for «normalisering» gjorde at partnerskapslova blei omtala som ei lov for «homokjernefamiliens fagforeining» og liknande formuleringar. Kontinuiteten til 1970-talets sterke kritikk av kjernefamilien er slåande.

Kva gjaldt barnepolitikk var det sterk kontinuitet frå 1970-talet i at mange framleis gav uttrykk for frykt for å misse omsorgsretten for barna sine. Homotidsskrifta sette no også meir fokus på dei homofile fedrane, og gruppeaktiviteten for foreldre og barn ser ut til å ha auka. Familie blei forstått breitt med barnet som midtpunkt i større familieeiningar. Den mest særmerkte endringa i perioden er at barn i aukande grad blei planlagt inn i samkjønna familiekonstellasjonar. Barn blei eit stort og viktig diskusjonstema nettopp fordi samlivsreguleringsreformene «oversåg» dei samkjønna barnefamiliane.

Statistikkaterialet syner at likestillingstematikk blei det overveldande fokuset utover 1990-talet i *Blikk*, og dels også i *Løvetann*. Leiarplass i *Løvetann* spådde på mange måtar utviklinga som skulle kome, med «åpenhet» og ein «ny plass i samfunnet.» Det ser ut til at dei familievennlege røystene frå 1970-talet som ønskja samlivsregulering i aukande grad vann fram. Som vist var det ei konflikt i perioden i form av normaliseringsdebatten. Det kan også forståast ut frå eit livspolitisk perspektiv.³⁹² Homsekulturen blei også forstått ut frå sine manglar, og for dei som ønskja å kunne gifte seg og få barn var situasjonen utilfredsstillande. Situasjonen for dei som ønskja seg juridisk anerkjende familieskipingar kan forståast som eit emansipatorisk spørsmål, då lovverket hindra planlegging av born innanfor paret. Livspolitisk kom anerkjenning av paret i gjennom partnerskapslova, men ikkje livspolitisk mogelegheit for dei samkjønna barnefamiliane, og særleg der familieskipingane skjedde innanfor paret og ein ønska regulering av dette. Der er det illustrerande at ein byrja å snakke om «kjernefamiliar,» om enn i hermeteikn.

³⁹²Giddens, *Modernity and Self-Identity : Self and Society in the Late Modern Age*.

Valfridom var eit nøkkelord. Fridd frå konvensjonar og normer skulle medlemmane i homorørsla sjølve få velje korleis livet skulle sjå ut, normalisert eller ei. Dette er uttrykk for postmoderne refleksivitet.³⁹³ Refleksivitet set fokus på det postmoderne individets utallige valmogelegheiter, og måten individas val får konsekvensar for grupper og individ sin identitet. Gjennom debatt om homomiljø og livsstil var det å fremje valfridom ein måte å halde homorørsla samla på, ved å ta høgde for at homomiljøet kunne romme ei rad ulike val og identitetar. Dette til trass i at delar av homomiljøet blei skandalisert både i homotidsskrifta og i nasjonale medium.

³⁹³*The Transformation of Intimacy : Sexuality, Love and Eroticism.*

Kapittel 5: 1994-2008 Rosa ammetåke

Som vist blei partnerskapslova omfattande kritisert for sine manglar. Partnerskapslova slik den var innført i 1993 var ei særlovgeving, som regulerte at «§ 1. To homofile personer av same kjønn kan la sitt partnerskap registrere, med de rettsvirkningar som følger av denne lov.»³⁹⁴ Då ekteskapslova blei justert i 2008– og med det kjønnsnøytral – lyder den under §1 kjønn at: «To personer av motsatt eller same kjønn kan inngå ekteskap.»³⁹⁵ Slik blei homofilt og heterofilt samliv regulert felles etter 15 år med særlovgeving. Endringa skjedde i eit samfunn kor samlivs- og familiepraksisar var under sterk endring. Til dømes auka talet på åleinebuande frå 570000 i 1987 til 900000 i 2004.³⁹⁶ Dette skuldast mellom anna demografisk vekst, aukande skilsmissetal, og betre moglegeheiter til å leve eit liv som singel.

Undervegs mot kjønnsnøytral ekteskapslov kom normaliseringsdebatten frå 1980-talet til å halde fram på grunn av det biletet som no blei skipa i homotidsskrifta av homofile og lesbiske som relativt like heterofile. Dei familiekritiske skulda LLH for å berre vere opptekne av rettar knytt til paret, for «elitisme,» «verdivurdering,» osv. Prosessen med marginalisering av dei familiekritiske røystene var allereie godt i gang på 1980-talet. Som vist med «homohets» og samankopling mellom homofili og pedofili på 1980-talet var kva omverda meinte om homofile og lesbiske eit viktig premiss, og mange tok derfor avstand frå t.d. promiskuitet.

Partnerskapslova sine manglar kan forståast som eit ønskje om å oppretthalde sambandet mellom heterofili og reproduksjon, kan privat inseminasjonspraksis kan forståast som ein subversiv praksis. Dvs. at fars identitet kunne haldast skjult. Då ville barn planlagt inn i lesbiske familiekonstellasjonar ikkje ha ein juridisk far. Dette kan ha vore ønskjeleg med tanke på at mange hadde ytra frykt for å misse omsorgsretten til barna sine ved eventuelle konflikhtar på 1970-, og 1980-talet. Perioden bar preg av at fleire reformer knytt til barnerettar kom igjennom. I *Heteronormative consensus in the Norwegian Same-Sex Adoption debate?* undersøkast uttrykk for heteronormativitet i debatten om homoseksuelles rett til adopsjon i norske aviser frå 1998-2002. To meiningsmønstre blei identifisert, høvesvis homofile og lesbiske som verdig/uverdige minoritet.³⁹⁷ Debatten tok utgangspunkt i kjernefamilien, og fokus på medfødte eigenskapar. Eit liknande mønster finn eg i homotidsskrifta.

Partnerskapslova vart endra i 2002 for å opne for stebarnsadopsjon, som gav rett til å adoptere

³⁹⁴"Lov Om Registrert Partnerskap," ed. Stortinget (Oslo30.04.1993).

³⁹⁵"Lov Om Ekteskap [Ekteskapsloven]."

³⁹⁶Arnfinn, "Fra Heteroromantikk Til Mangfoldige Lystfelleskap - Intimitetens Endrede Organisering." S.15-16.

³⁹⁷Norman Anderssen and Tone Hellesund, "Heteronormative Consensus in the Norwegian Same-Sex Adoption Debate?," *Journal of Homosexuality* 56, no. 1 (2009). S.102.

registrerte partners barn.³⁹⁸ I perioden Andersen og Hellesund undersøkte fann dei ikkje kritiske refleksjonar kring kjernefamilien.³⁹⁹ I homotidsskrifta var kjernefamiliekritikk lenge ein av hovudlinjene, ein kritikk som utover 1980-talet vart mindre markant.

At rettar som partnerskapslova og ekteskapslova blei kjempa igjennom mogeleggjorde eit «heteronormativt livsspekter.» Med heteronormativt livsspekter siktar eg her til at homofiles mogelege framtidsutsikter inkluderte barn og ekteskap, mogelegheiter stadig fleire fekk auga opp for. Som vist blei dei familiekritiske røystene stadig meir marginaliserte i homotidsskrifta, kanskje særleg gjennom at dei redaksjonelle linjene gjekk vekk frå å støtte radikal familiekritikk. Etter partnerskapslovas innføring kom debatten til å dreie seg om rettar knytt til barn, og til likestilt rett til kyrkjeleg vigsle. Mange av desse diskusjonane gjekk inn i kvarandre, og skiljet mellom dei familievennlege som ønskja seg likeverdige rettar basert på likestillingstanken, og det avvisande og familiekritiske «Sodoma-perspektivet» blei klarare.

Vi ere en nation, vi med, vi homoseksuelle

Dei familiekritiske og familievennlege røystene sto framleis mot kvarandre, og trua solidariteten i rørsla. Siri Kvalheim, då leiar for Oslo-regionen av LLH, gjekk i 1999 med kronikken «OK å være annerledes?» ut mot medlemmane i homorørsla som hevda at homofile ikkje var ein minoritet.⁴⁰⁰ Kvalheim tok til orde for at heterofile var majoriteten, og homofile minoriteten. Ho tok til orde for solidaritet, og peika på at: «Mangfoldet krever at vi lærer av hverandre, er solidariske med andres ønsker og behov. Jeg ønsker verken å gifte meg, adoptere barn, bli sm-er eller prest.»⁴⁰¹ Dermed var mangfald og solidaritet i minoriteten viktig for at politikken skulle gagne alle i homomiljøet. Kvalheims innlegg var eit ekko frå 1970-talet kor ekteskapet blei sett på som urettvis diskriminering til fordel for somme. Det Kvalheim her peika på var at ein kunne få ei «verdivurdering,» der «Man er litt mer normal, litt meir verdifull enn alle skrullene, butchene og sm-erne. Jo viktigere det er for deg å se «hetero» ut, jo større grunn til å stoppe opp.»⁴⁰² Kvalheim sin intensjon var å mane til stoltheit over homomiljøet og den annleisheit som hadde vakse fram der. Bakgrunnen for Kvalheims klare forsvar av minoritetsstatusen, og bruken av historia til å skipe eit bilete av eit solidarisk

³⁹⁸Ibid.S.105.

³⁹⁹Ibid.S.108. («the nuclear family,» mi oversetting)

⁴⁰⁰"Blikk."Nr.4.1999.S.12.

⁴⁰¹Ibid.Nr.4,1999,S.12.

⁴⁰²Ibid.Nr.4,1999,S.12.

fellesskap, var at andre debattantar inspirert av skeiv teori nytta historia til å syne at det ikkje var grunnlag for ei avviksforteljing lenger ved å utfordre normer og identitetskonstruksjon.⁴⁰³

I 1999 blei NOVA-rapporten om homofiles levekår og livskvalitet publisert. Rapporten var etter namnet utgjeven av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA).⁴⁰⁴ Rapporten inneheldt tre delar; del I var ei kunnskapsoversikt (gjennomgang av tilgjengeleg forskning), del II var ei haldningsundersøking basert på 1000 respondentar i Noreg som skulle gje innsyn i ålmenta sine haldningar, del III var ei analyse av lesbiske kvinner og homofile menns levekår og livskvalitet i Noreg.⁴⁰⁵ Undersøkinga baserte seg på eigeninnsamla statistisk materiale og på kvalitative intervju. Rapporten tok opp forhold som vennskapsfamilien, forholdet til opphavsfamilien, osv., og betra tilhøve for homofile og lesbiske t.d. gjennom partnerskapslova. Rapporten sette også fokus på nokre negative forhold, og det var forhold som sjølvmordstal og rusmisbruk som fekk mest merksemd.⁴⁰⁶

Frank Rossavik –då journalist i Bergens tidene sin politiske avdeling- kommenterte i 1999 NOVA-rapporten i debattinnlegget «Er det så ille da?»⁴⁰⁷ Rossavik var kritisk til at rapporten blei brukt i det han referte til som «homo-Norge» til å påvise kor ille det sto til for homofile i Noreg. Rossavik peika på at: «Man havner i et friere forhold til heteroenes familiebygging og kjønnsrollemønstre. Man kan skape sin egen livsstil, bruke tilbudene som skapes i det homofile miljøet i den grad man ønsker, skape vennenettverk, kanskje også barn om man vil.»⁴⁰⁸ Rossavik nytta historia til å vise at han var lei av at homorørsla med sin politikk stadig skulle understreke kor ille ting var, og med det skrike opp mot KRF og kyrkja som ansvarlege for dette. Homorørsla burde heller gå inn for å vise den positive fridommen homolivet kunne innebere. Rossavik hadde også peika på at ein av faktorane som gjorde det vanskeleg for unge menneskje å stå fram, var deira eigne foreldres forventingar om at barna sjølve skulle stifte familie og få barn – føre slekta vidare. Det hjelpte ikkje dei unge at homorørsla bygde opp under vanskane unge hadde ved å vere problemorienterte.

⁴⁰³Ibid.Nr.9,1998,S.32.

⁴⁰⁴Kristin Hegna, Hans W. Kristiansen, and Bera Ulstein Moseng, "Levekår Og Livskvalitet Blant Lesbiske Kvinner Og Homofile Menn," (Oslo1999).

⁴⁰⁵Ibid. S.21-22.

⁴⁰⁶Knut Olav Åmås, "Levekår Og Livskvalitet Blant Lesbiske Kvinner Og Homofile Menn," in *Norsk Homoforskning*, ed. Knut Olav Åmås (Oslo: Universitetsforlaget, 2001). S.168.

⁴⁰⁷"Blikk."Nr.5,1999,S.12.

⁴⁰⁸Ibid.Nr.5,1999,S.12.

Reportasjen «Et sexliv til besvær» tok opp fleire føringar frå denne debatten, og intervjuar ei rad kjende debatt deltakarar frå homotidsskrifta i eit forsøk på å samle trådane.⁴⁰⁹ Reportasjen tok utgangspunkt i følgjande «problemstilling:»

«Er homofile virkelig «sykelig» opptatt av sex? Så «sykelig at man tror enhver benevnelse stadfester mytene? Og legger den politiske homobevegelsen seg flat for mytene gjennom å profilere seg gjennom saker som retten til å adoptere barn og inngå partnerskap?»⁴¹⁰

Journalistane *Blikk* sette her ei familiekritisk, seksualfiksert og stolt «annleis»-side opp mot familievennleg side som ønska lovreformane i perioden velkommen. I artikkelen blei ei rad profilerte debattantar i humorørsla intervjuar om deira syn på saka. «Filmmannen og frilanseren» Lars Daniel Krutzkoff-Jacobsen hadde over lengre tid ytra seg i *Blikk* med debattinnlegg som gjekk skarpt imot normaliseringa han hadde meint å sjå i humorørsla, då særleg retta mot partnerskapslov og familieskiping. Krutzkoff-Jacobsen hadde også delteke i debatt kring senking av den seksuelle lågaldren, og grunngeve vanskane med lovendring på dette feltet ved å vise til «pedo-angst.» I denne saka uttalte han :

«- Oppløsningen av moral og moralisme gir enkeltindividet muligheten til å finne sine egne etiske og estetiske verdier [...] – I den sammenhengen er homosamfunnet en spydspiss nettopp fordi vi har frikjøpt oss fra kjernefamilien og reproduksjonens tyranni.»⁴¹¹

«Styremedlem i homsehåndballaget Rabalder, Henning Hoyer [...] peika på at «[...] - Seksualiteten spiller en større rolle for oss fordi vi ikke har det same familielivet, og jeg tror at seksualiteten på en måte tar dets plass.»⁴¹² Dåverande LLH-leiar Knut Sverre Røang peikte på at «[...] heterofiles fordømmer er historisk betinget.»⁴¹³ Dette fordi homoseksuelle var ein velkjent del av det Røang forsto som «sex-liberaliseringa» frå 1960-talet av.

Sexliberaliseringa hadde sementert ei oppfatting av homoseksuelle som sexfikserte, og når humorørsla hadde byrja å fokusere på andre «livskvaliteter» hang oppfatninga av homoseksuelle som sexfikserte att. Sidan også fleire andre seksuelle uttrykk som pedofilerørsla hadde søkt å tale sin sak i fellesskap med homofile under sex-liberaliseringa kunne humorørsla bli oppfatta som meir radikale enn det var grunnlag for, noko som gav grunnlag for t.d. «pedo-angst.» Som vist i saka med Lars Linderoth i førre kapittel kunne mange i humorørsla bli konfrontert med fordømmar som knytte saman pedofili og homofili. Pedofili

⁴⁰⁹Ibid.Nr.6,1999,S.34-37.

⁴¹⁰Ibid.Nr.6,1999,S.34.

⁴¹¹Ibid.Nr.6,1999,S.34.

⁴¹²Ibid.Nr.6,1999,S.34.

⁴¹³Ibid.Nr.6.1999, S.36.

kan sjåast som eit ekstremt utslag av kva politiske standpunkt det var mogeleg å ta under sex-liberaliseringa, og var ikkje lenger ein del av homokampen frå tidleg 1990-tal. Somme familiekritiske røyster hadde ytra at homorørsla ikkje lenger var ei seksualpolitisk rørsle, men homopolitisk, noko som betydde mindre solidaritet med andre seksuelle minoritetar. Mange sakna at *homoseksualiteten* sitt radikale potensial blei nytta i eit seksualpolitisk perspektiv, godt uttrykt av «Tidligere AU –medlem (Arbeidsutvalget i LLH) [...]» Monica Wegling som «innrømte» at:

«[...] mye av den homopolitiske kampen har vært et forsøk på å kopiere den heteroseksuelle kjernefamilien. –Den har i for stor grad gått på heteroseksuelles premisser. Bruken av begrepet homofile er en del av dette. Jeg prøver selv konsekvent å bruke «homoseksuell» for å unngå avseksualiseringen og ufarliggjøringen bruken av «homofil» innebærer, sier hun.»⁴¹⁴

Dei som uttalte seg hadde felles utgangspunkt i at dei oppfatta homofile og lesbiske som annleis enn majoritetskulturen gjennom det seksuelle uttrykket, derav bruken av ordet «homoseksualitet» for å understreke skilnaden. «Kjernefamilien» blei her sett som ein del av majoritetskulturen. Å nærme seg kjernefamiliemodellen blei sett på som eit knefall for majoriteten, og ei underspeling av skilnaden mellom majoritet og minoritet. Psykologen Ruth Almedal uttalte i artikkelen at: «Jeg er selvsagt for at vi (homoseksuelle) skal ha samme rettigheter, men ikke med likhet som begrunnelsen. Vi må kjenne på stoltheten av å være annerledes, og vi skal ikke være så redde for å bekrefte folks fordommer.»⁴¹⁵

At solidaritet i homorørsla blei dratt fram som viktig, kan skuldast at homorørsla no kom til å bli splitta med utgangspunkt i *ulike* seksuelle medborgarskap. Som Kvalheim viste til ville ein kunne få ei verdivurdering der dei som likna mest på heterofile ville bli høgare vurdert enn andre. Desse kom inn under «det offisielle» seksuelle medborgarskapet i Noreg.⁴¹⁶ Jamfør livspolitikkk blei familie eit identitetsspørsmål som splitta homorørsla i to leirar. Den familiekritiske posisjonen som ikkje søkte anerkjenning og rettar til familie, og den familievennlege side som hadde dette som sitt viktigaste mål.

Familieskiping trer dermed fram som ei politisk ytring på fleire vis. I homomiljøet blei homofamilien eit av fleire minoritetsuttrykk homomiljøet kunne representere, i tillegg til kontroversielle uttrykk, som ein promiskuøs «homsekultur» skandalisert både i homotidsskrifta og i riksdekkande medium. Weston har hevda at homomiljøet er det minste

⁴¹⁴Ibid.Nr.6,1999,S.37.

⁴¹⁵Ibid.Nr.6.1999.S.36.

⁴¹⁶Andersen, "Det Norske Seksuelle Medborgerskap."

felles multiplum for homokamp.⁴¹⁷ Som vist var det ikkje semje i homomiljøet kva rettar ein skulle krevje, og korleis ein skulle gjere det, og frontane blei særleg skarpe mellom dei familiekritiske og familievennlege røystene. I følge Rydström hadde homorørsla sidan 1970-talet søkt rettar og beskyttelse som ein minoritet.⁴¹⁸ Minoritetsstatus var eit etablert premiss i både Kvalheim og Rossavik sine kronikkar. På grunnlag av at homorørsla presenterte seg som ein minoritet var debatten om korleis homomiljøet blei presentert i majoritetssamfunnet viktig. Dei familievennlege følte seg råka av «homohets» basert på dei promiskuøse delane av miljøet, og kjente lite fellesskap med desse. Slik endra også argumentasjonen knytt til familiekritikk seg, og kom til å kritisere familie som institusjon i mindre grad. I staden kom kritikk av det konforme aspektet ved familielivet til å bli viktigare.

Rosa ammetåke

Som vist i statistikkapittelet, hadde sakene knytt til radikal familiekritikk auka ved innføring av ulike lovreformer som partnerskapslova og lova sine revisjonar (stebarnsadoptsjon). I «Rosa Ammetåke» frå 2007 tematiserte *Blikk*-journalist Kjersti Eidem Dyrhaug barneforventingar:⁴¹⁹

«Vi lesber er nå som gruppe, for første gang, virkelig synlig i samfunnsdebatten. På mange områder er det vi som driver denne rettighetskampen... fordi vi får barn. Og ikke bare får vi barn. Vi er blitt supermødrene også. Forskning viser at ingen baker mer boller og er mer panisk opptatt av at sunne farsfigurer skal gå i løpestreng mellom det normale samfunnet og barneværelset.»⁴²⁰

Kjønnsnøytral ekteskapslov var under debatt, og lovendringsforslaga det innebar i ekteskapslova, barnelova, adopsjonslova og bioteknologilova, var sendt ut til høyring av statsminister Jens Stoltenberg si andre regjering.⁴²¹ I Dyrhaug si faste spalte «Et øyeblikk» blei dagsaktuelle tema satt på spissen med ein viss ironisk twist. Her blei det t.d. ironisert over «den sunne farsfiguren.» Homorørsla sin politikk blei her ironisert over som normaliseringsiver for å tekkas «det normale samfunnet.» Dyrhaug støtta debattantane på «sitt eige lag,» men var skeptisk til at homofile var blitt så «normale.» Dyrhaug ser ut til å ha ironisert over at det no blei kjempa for rettar til samkjønna foreldrepar utan at måten å forstå familie på blei utfordra, samt at «Vi representerer faktisk allerede en mosaikk av forskjellige

⁴¹⁷Weston, *Families We Choose : Lesbians, Gays, Kinship*.S.124.

⁴¹⁸Rydström, *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*.S.162.

⁴¹⁹«Blikk.»Nr.6/7, 2007,S.77.

⁴²⁰Ibid.Nr.6/7,2007,S.77.

⁴²¹Regjeringen Stoltenberg II, "Ot.Prp. Nr.33 (2007-2008) Om Lov Om Endringer I Ekteskapsloven, Barnelova, Adopsjonsloven, Bioteknologiloven Mv. (Felles Ekteskapslov for Heterofile Og Homofile Par)," ed. Det kongelige Barne- og Likestillingsdepartementet (Oslo: Akademika AS).

familier, men majoriteten er ikke synlig i dagens debatt.»⁴²² Den «skeive familien» ironisert over var ein normativ familie, som likna dei heterofile sine. Ho reagerte også på at forventning om barn no byrja å gjere seg gjeldande. Der lesbiske tidlegare ikkje hadde blitt forventa å få barn, opplevde Dyrhaug no denne forventinga, både i homorørsla og samfunnet elles. Ein måtte sjølv få velje sine liv, og ikkje la livet styrast av forventingar. Omgrepet «homonormativitet» lansert av Lisa Duggan siktar mellom anna til «[...]politics that does not contest dominant heteronormative assumptions and institutions[...].»⁴²³ Dyrhaug viste i innlegget sitt ein viss indignasjon over homonormativiteten homorørsla sin politikk medførte.

Barn av regnbogen

Rettane tilknytt homofile og barn hadde som vist røter attende til 1970-talet. I høve manglande adressering av rettar som stebarnsadsjon og inseminasjon i partnerskapslova, blei retten til stebarnsadsjon løfta fram som den neste likestillingssaken.⁴²⁴ Det blei satt ned ei eiga arbeidsgruppe i LLH for å arbeide med dette.⁴²⁵ Når medlemmane av homorørsla no blei anerkjende som par, blei det framover søkt om anerkjenning som barnefamiliar. Homofile foreldre hadde jamfør partnerskapslova vore likestilt med andre einslege foreldre, og hadde rettar og plikter som einslege. Som partnerar mista dei godane velferdsstaten tilbyr einslege forsørgarar, likeins som heterofile par gjorde om dei gifta seg.

«Brigitte Stolpman og Marianne Christie» blir det første lesbiske paret som søker stebarnsadsjon» sto det i *Blikk* i 1995.⁴²⁶ Jamfør partnerskapslova hadde staten no laga sin eigen «catch 22.» Stolpman og Christie hadde vore sambuarar i seks år før dei no hadde inngått partnerskap. Marianne hadde fødd ein son som Brigitte no ville adoptere. Det blei forventa avslag på søknaden om stebarnsadsjon; og avslag blei det. Likevel ville Marianne ikkje få stønad som einsleg mor, eller rett til dobbel barnetrygd etter at partnerskapet var inngått. Det blei også argumentert ut frå barnet sitt beste, og rett til begge sine foreldre. Dette peikar kanskje aller mest mot stadig aukande planlegging av felles barn innanfor lesbiske familiekonstellasjonar.

Som ved kamp for inseminasjon blir det feil å seie at det biologiske blei nedvurdert. Ut frå «Mater est»-prinsippet er den som føder barnet også rekna som juridisk mor. I følge

⁴²²"Blikk."Nr.6/7,2007,S.77.

⁴²³Lisa Duggan, "The New Homonormativity: The Sexual Politics of Neoliberalism," in *Materializing Democracy: Toward a Revitalized Cultural Politics*, ed. Russ Castrovano and Dana D. Nelson (USA: Duke University Press, 2002). S.179.

⁴²⁴"Løvetann."Nr.4,1995,S.7.

⁴²⁵"Blikk."Nr.4,1994,S.34.

⁴²⁶Ibid.Nr.9,1995,S.4.

barnelova slik den står i dag er far/medmor i utgangspunktet den som er gift med juridisk mor.⁴²⁷ Partnerskapslova regulerte ikkje dette. Ved inseminasjon med anonym donor ville barnet bli å rekne som farlaus, og juridisk mor ville stå som åleineforelder. Stebarnsadopsjon blei knapt debattert som politisk sak i homorørsla i seg sjølv, og det ser ut til at stebarnsadopsjon var noko alle var for. I staden blei det satt fokus på kva politikarane meinte om det, og satt inn krefter for å få vedtatt.

Like fram til 2002 då stebarnsadopsjon blei lovleg for partnerskapsforeldre blei det vist til saker kor lesbiske par fekk nei på søknad om stebarnsadopsjon i homotidsskrifta. I reportasjen «Nektet stebarnsadopsjon» kom blei partnerskapslovas manglar igjen påpeika.⁴²⁸ Unni og Erika hadde saman fått lille Leo med ukjent donor. Unni var biologisk mor, og mottok «[...] forskudd fra bidragsfogden på 1.180 kroner per måneden. –En unødvendig utgift for samfunnet, sier Erika, siden hun og Unni deler på omsorgen for Leo. Som lesbisk mor føler Erika seg diskriminert i forhold til heterofile par som har brukt sæddonor.» Det blei framstilt som ei diskriminerande sak fordi lovene om inseminasjon råka heterofile og homofile ulikt. Dersom eit heterofilt par blei gravide ved inseminasjon ville mannen i parforholdet kunne skrive under på farskapspapira uansett om dei var gifte eller ikkje, hevda jentene. Denne saka kom etter at partnerskapslova var endra for å gje rom for stebarnsadopsjon, og å peike på praksis med nekting av stebarnsadopsjon som diskriminerande var derfor i tråd med lova.

Barneombodet var ein av instansane homorørsla kom i konflikt med, fordi barneombodet hadde gått i mot fulle adopsjonsrettar for homofile.⁴²⁹ I eit intervju med TV2 hadde barneombod Reidar Hjermandt uttalt at«[...]det er viktig at ikke barna blir et instrument.»⁴³⁰ Hjermandt peika også på at det ikkje var ein menneskerett å få barn, og Hjermandt blei etter dette utpeikt i *Blikk* som motstandar av homofiles adopsjonsrett i kraft av embetet han satt i.

I «Noen barns ombud» kritiserte *Blikk*-redaktør Christian Bjørnæs barneombod Reidar Hjermandt si handsaming av adopsjonssaka.⁴³¹ Hjermandt blei kritisert for å skape negative haldningar til barn av homofile, og dermed byggje opp under fordommar. «Slik du nå opptrer, kan det virke som du skyver noen barn foran deg i en fordekt kamp mot homofil frigjøring.»⁴³² Hjermandt hadde hevda at «[...] homofile familiekonstellasjoner er

⁴²⁷"Lov Om Barn Og Foreldre (Barnelova)," ed. Stortinget (OsloLOV-2013-06-21-64 fra 01.01.2014).

⁴²⁸"Blikk."Nr.7/8,2002,S.8-9.

⁴²⁹Ibid.Nr.6,2003,S.16.

⁴³⁰"Negativ Til Homoadoptjon," NTB, <http://www.nrk.no/norge/negativ-til-homoadopsjon-1.513330>. Lest.14.05.2016.

⁴³¹"Blikk."Nr.9,2004,S.4.

⁴³²Ibid.Nr.9,2004,S.4.

annerledesgjort i samfunnet.» Det kunne bli skadeleg for barn i homofamiliar, som t.d. kunne bli utsatt for mobbing. Bjørnæs på si side hevda at «All tilgjengelig forskning viser at barn som vokser opp med homofile foreldre har like bra oppvekst som andre barn.» Bjørnæs viste til at homofile og lesbiske allereie hadde og fikk barn, samt at stebarnsadopsjon var tillatt. Motivasjonen for å argumentere slik ser ut til å ha vore å overtyde om at samfunnet hadde like stort ansvar for å sikre barna i samkjønna familiekonstellasjonar, samt overtyde om at seksuell orientering ikkje hadde noko å seie for omsorgsevne. Forstått gjennom familiepolitikken sitt mandat, og lov om barneombud, står debatten fram som kontrovers kring det å legge til rette for barn i samkjønna familiekonstellasjonar. Adopsjon kom til å legge til rette dette. Det å sikre homobarna som gjennom stebarnsadopsjon fekk rett til to foreldre var mindre kontroversielt ettersom siktemålet då var å gje barnet to juridiske foreldre.

I lesarbrevet «Åpent brev til barneombudet» kritiserte Vigdis Bunkholt barneombudet for same sak.⁴³³ Ankepunkta mot Hjermann var tilsvarande Bjørnæs sine. Også her blei det vist til forskning som peika på at barn fekk ein like god oppvekst i homofile familiekonstellasjonar. Det både Bjørnæs og Bunkholdt var opprørt over var at barneombudet hadde uttalt at barn blei brukt som kampsak for homofiles rettar. Hjermann blei altså i homotidsskrifta framstilt som fiendtleg innstilt til homofiles rettar.

Hjermann forsvarte seg i *Blikk* med lesarinnlegget «Demonisering av barneombudet.»⁴³⁴ Som tittelen viser, følte Hjermann seg demonisert av enkelte av debattantane. Hjermann peika på at: «[...] jeg ikke opplevde at homofile som gruppe brukte barna i sin kamp for likestilling. Likevel, ytringer fra enkeltpersoner gikk klart i retning av at adopsjon var sist skanse i kampen for like rettigheter.»⁴³⁵ Hjermann måtte forholde seg til internasjonalt regelverk kring fjernadopsjon kor få om ingen land ville akseptere homofile par som adoptivforeldre. Som vist i statistikkapittelet auka talet på saker knytt til barnematikk og likestillingstematikk i perioden. Det var dermed hold i Hjermann sin påstand om at mange opplevde adopsjon som siste skanse i kampen for like rettar. For mange representerte Hjermann sin argumentasjon eit forsøk på å knytte ein persons omsorgsevne opp mot personens seksuelle orientering. Dette var ein påstand Hjermann avviste i sin kronikk.

Det å framstille Hjermann som diskriminerande gjekk hand i hand med å påpeike at homofile allereie hadde barn. Det å sette ei grense ved fulle adopsjonsrettar blei opplevd uakseptabelt

⁴³³Ibid.Nr.9,2004,S.6.

⁴³⁴Ibid.Nr.2,2005,S.9.

⁴³⁵Ibid.Nr.2,2005,S.9.

og diskriminerande då det blei opplevd som ei nedvurdering av homofile sine omsorgsevner, samt at det sette oppvekstkvalitetane til dei barna som vaks opp med homofile foreldre i tvil. Begge sider argumenterte ut frå barnet sitt beste, og ankepunktet ser ut til å ha vore samfunnets haldningar. Var homofile familiekonstellasjonar framandgjort i samfunnet? Hadde samfunnet ansvar for å hindre framandgjerjing? Korleis skulle det evt. hindrast? Framandgjerjing kunne t.d. føre til mobbing og diskriminering, og som vist kravde homorørsla at samfunnet måtte ta på seg ansvaret for å hindre dette. Bunkholdt hadde dratt fram heteronormen som eit vesentleg bakteppe i Hjermann sin argumentasjon.⁴³⁶ Indignert over Hjermann sitt standpunkt framstilte ho Hjermann som vinglete og diskriminerande. Hjermann sin argumentasjon blei opplevd som at den sette homofile sine evner som foreldre i tvil, og at born ikkje hadde det godt i homofamiliane.

Som nemnt i førre kapittel kan partnerskapslova lesast som ei manglande anerkjenning av *den homofile barnefamilien*. Barnefamilien forstått som norm står då fram som at familie er mann og kvinne med barn som det naturlege resultat – naturens argumentative kraft. Homofamiliane blei dermed framandgjorde som naturleg konsekvens av at dei ikkje stemte overeins med norma. Stebarnsadopsjon frå 2002 hadde gjort det juridisk mogeleg med to foreldre av same kjønn, noko som sikra homobarna sine sosiale foreldre omsorgsrett ved den biologiske forelderens død. Ved ei slik forståing av barnets beste blei viktigheita av biologiske band relativt sett underspelt i at god omsorg ikkje var biologisk fundert, eller knytt til seksuell orientering.

Fleire foreldre?

«Homobarn» hadde gjerne fleire personar dei rekna som foreldre, og utgjorde med det midtpunkt for større familiekonstellasjonar. Dvs. at dei hadde både biologiske foreldre og sosiale foreldre, i ulike samværsordningar regulert med private avtaler. Konfliktpotensialet i desse ordningane kom fram då den kjende svenske forfattere/komikaren og homoaktivisten Jonas Gardell i 2004 angreip lesbiske mødrer sine haldningar.⁴³⁷ Han skulda lesbiske mødrer for å ikkje la fedrene sjå ungane sine: «Jeg har truffet fedre med barn på tre år som ennå ikke har fått sove hos pappa en eneste natt. Man blir helt mørkeredd når man hører sånt, man vil bare skjelle ut disse dumme lesbene, sier Jonas Gardell i et intervju med den svenske homoavisa QX.» Gardell og mannen hans Mark delte omsorg for ein son saman med eit

⁴³⁶Ibid.Nr.9,2004,S.6.

⁴³⁷Ibid.Nr.10,2004,S.6-7.

lesbisk par. Som sitatet viser hevda Gardell at farsrolla blei underspelt og nedprioritert av mange lesbiske.

Gardell-saka blei omtalt både i artikkelen og på leiarplass. Rett til fleire foreldre var lite diskutert i homotidsskrifta som politisk sak, men var blitt regulert ved private avtaler. Gardell blei kritisert for å generalisere, og for ikkje å ta inn over seg dei avtalane som låg til grunn for barnefordelinga. Sigrun Saur Stiklestad – på denne tida stipendiat – kommenterte i artikkelen saka ut i frå at ho hadde skrive hovudfagsoppgåva «Ungdommer med lesbiske mødre – hvordan tar de det?»⁴³⁸ Ut frå undersøkingane i hovudfagsoppgåva fann ikkje Stiklestad grunnlag for å karakterisere lesbiske som særskilt «eigesjuka,» men at homofile og lesbiske som i fellesskap fekk barn regulerte dette etter «[...]tradisjonell samværsordning[...],» dvs. der mor hadde størst samvær med barna. Interessant nok blei ikkje tanken om mor som beste omsorgsperson utfordra i noko særleg grad her.

I lesarbrevet «Brev frå et homobarn» frå 2005 fortalte 15-åringen Øygunn Mediå om oppveksten med si lesbiske mor og for ei tid også med moras kjærast.⁴³⁹ Mora hadde skilt seg frå far til Øygunn då ho var lita, noko Øygunn opplevde som vanskeleg i byrjinga. Då Øygunn no gjekk inn i debatten var det med ei positiv oppleving av oppvekst i ein lesbisk familiekonstellasjon, og ho tok til orde for ei framtid der samkjønna familiekonstellasjonar var mindre stigmatiserte. Med den pågåande debatten om adopsjon og kontroversen med barneombodet som bakteppe teikna Øygunn eit bilete av gode oppvekstvilkår hjå lesbiske familiekonstellasjonar, og ho viste mellom anna til Stiklestads hovudfagsoppgåve.⁴⁴⁰

«De aller fleste med homofile foreldre synes det er helt i orden, både i barndommen og i ettertid. Hvis barneombud Reidar Hjermann mener at homofile ikke skulle få adoptere fordi barn ikke skal brukes som rettfærdiggjøringsmiddel, stemmer dette heller dårlig overens med virkeligheten. Ingen av de homofile jeg kjenner ville ha brukt et barn på denne måten.»⁴⁴¹

Øygunn gjekk i bresjen for fulle adopsjonsrettar ved å framstille oppveksten som god og heilt likeverdig med oppvekst med to foreldre av same kjønn. Kjernefamilien utgjorde referansepunktet i debatt kring adopsjonsrettar for lesbiske og homofile på nasjonalt nivå.⁴⁴²

⁴³⁸Ibid.Nr.10,2004,S.6-7.

⁴³⁹Ibid.Nr.4,2005,S.10.

⁴⁴⁰Ibid.Nr.4,2005,S.10.

⁴⁴¹Ibid.Nr.4,2005,S.10.

⁴⁴²Anderssen and Hellesund, "Heteronormative Consensus in the Norwegian Same-Sex Adoption Debate?." S.107.

Andersen og Hellesund si undersøking bearer seg på følgjande nasjonale medium: Dagbladet, Verdens gang, Aftenposten, og den kristne avisa Vårt land.

Dette var også tilfelle i *Blikk*, der kjernefamilien på denne tida ikkje lenger blei utsatt for same type kritikk som på 1970-talet. Det kan tyde på at homofile og lesbiske i aukande grad såg sine egne familieskipingar som «kjernefamiliar.» Problemet låg då i manglande anerkjenning frå samfunnet om at omsorga var like god i samkjønna familiekonstellasjonar som kjernefamiliane med mor og far.

Det at stebarnsadoptsjon blei realisert før fjernadoptsjon kan som vist skuldast at internasjonale tilhøve gjorde innføring av denne retten komplisert. Få land godtok/godtar homofile som adoptivforeldre. Det kan også tolkast som eit forsøk på å oppretthalde heteronormen i oppseding ved å hindre at barn blei planlagt inn i samkjønna familiekonstellasjonar. Støtta til stebarnsadoptsjon kan derimot lesast som eit forsøk på å sikre allereie eksisterande barn to foreldre.

At det var viktig å sikre barn stabile oppvekstråmer kom til uttrykk i at det blei haldt kurs for lesbiske mødrer. I reportasjen «Pioner for lesbiske mødrer» frå 2005 blei det rapportert frå det første kurset i statleg regi.⁴⁴³ Regjeringa løyva 20 000 kroner til arrangering av «[...]tidenes første samlivskurs for lesbiske.»⁴⁴⁴ Konturane av å sikre barna som allereie eksisterte stabile oppvekstråmer var dermed klare. Familieterapeuten Edel Rønning blei intervjuva i artikkelen. Ho sjølv hadde barn frå eit tidlegare heterofilt forhold, men levde no lesbisk.

«Hun synes ikke det er bare lett å ta stilling til alle de implikasjoner som følger med lesbiske pars valg. Hun har valgt å ikke involvere seg i alle moralske og politiske spørsmål rundt adopsjon og ukjente sæddonorer. Samtidig tar hun et klart standpunkt. Hun mener det er optimalt at alle barn får vite hvem som er faren og moren. De aller fleste lesbiske parene som nå får barn i Norge, reiser til Danmark der de får inseminert sæd fra ukjente donorer.»⁴⁴⁵

«Når barna først er der, bør de trygges best mulig, sier Edel Rønning med tyngde.»

Bakgrunnen for desse diskusjonane var den nye familiemeldinga (2002-2003) som kom ut under regjeringa Bondevik II. Familiemeldinga la vekt på å bygge gode relasjonar kring barna, basert på gode samliv foreldra imellom.⁴⁴⁶ Hilde Danielsen og Wencke Mühleisen har i *Statens oppskrift på parseksualiteten* sett nærare på korleis samlivskurset «Godt samliv» opprettheld idealet og normen om den norske parseksualiteten.⁴⁴⁷ Kurset «Godt samliv» er ikkje tilsvarande kurset referert til i *Blikk*, men begge kan forståast som at dei tek

⁴⁴³"Blikk."Nr.5/6,2005,S.25.

⁴⁴⁴Ibid.Nr.5/6,2005,S.25.

⁴⁴⁵Ibid. Nr.5/6,2005,S.25.

⁴⁴⁶Hilde Danielsen and Wencke Mühleisen, "Statens Oppskrift På Parseksualiteten," in *Norske Seksualiteter*, ed. Åse Røthing (Oslo: CAPPELEN DAMM AS, 2009). S.85.

⁴⁴⁷Ibid.

utgangspunkt i den heteroseksuelle kjernefamilienormen.⁴⁴⁸ Slik blei parnormaliteten ei norm også for lesbiske. Med dette blei planlegging av barn særleg i lesbiske familiekonstellasjonar styrka, spesielt jamført med Gardell-saka. Ved tidlegare private avtaler mellom homofile og lesbiske par ville barna ha fire foreldre, to biologiske og to sosiale. Dersom det skulle kome til konflikt mellom avtalepartane ville dette bli regulert av juridisk farskap og morskap viss begge biologiske foreldra var kjende, slik at begge partar ville ha rett til omsorg for barnet. Ved å halde sæddonor hemmeleg kunne barn planleggast i lesbiske familiekonstellasjonar, og til og med understøttast som parnormale, og juridisk sikra.

Som vist med Gardell-saka kan lovregulering hjelpe til med å løyse konfliktar kring samværsordningar. Då homobarna gjerne hadde fleire foreldre kunne ei alternativ løysing vere at fleire vaksne kunne ta på seg juridisk foreldreskap for barna. I Canada hadde ein domstol gitt eit barn tre foreldre ved å anerkjenne mor sin partnar sitt foreldreskap på lik linje med barnefarens foreldreskap. Dette blei kommentert i *Blikk*:

«Hadde vi hatt same mulighet i Norge, tror jeg langt flere lesbiske par hadde valgt å få barn med kjent far, sier nestleder i LLH Guro Sibeko, som også er medlem i Foreningen for partnerskapsbarn. – Ved kjent far mister medmor muligheten til å stebarnsadoptere, og dermed også rettigheter og plikter som juridisk forelder. Det går ut over barnet når en av mødrene ikke har juridisk tilknytning til barnet ved samlivsbrudd eller hvis biologisk mor dør, påpeker Sibeko.»⁴⁴⁹

Sibeko argumenterte mot barneombod Reidar Hjermann i denne saka. Ei ordning med fleire foreldre kunne sikre barnet omgang med både biologiske og sosiale foreldre, og med det passe overeins med mange i homorørsla si breie familieforståing. Samstundes leggast det stor vekt på det sosiale, då det innforstått i Sibeko sin argumentasjon er klart at barnets sosiale mor ville spele den viktigaste rolla ved biologisk mor sin død, fordi argumentasjonen i hennar innlegg for det meste gjekk på medmor sine rettar. Slik kan det sjå ut som at den breie familieforståinga var i ferd med å bli smalare, og sterkare sentrert kring paret.

Surrogati

«I oktober reiser Kenneth Dybedal til USA. På flyet hjem igjen har han en nyfødt baby på fanget. Sin egen. Barnet har han drømt om hele sitt liv.» Slik opna artikkelen «Kenneth blir pappa» frå 2006.⁴⁵⁰ Kenneth Dybedal var ein singel 26-åring med eit sterkt barneønskje:

⁴⁴⁸Ibid.S.94.

⁴⁴⁹"Blikk."Nr.2,2007,S.6.

⁴⁵⁰Ibid.Nr.10,2006,S.14-18.

«Jeg har sneket meg inn på utesteder siden jeg var 16 år. Og jeg har reist veldig mye. Nå føler jeg at jeg har rast fra meg. Nå vil jeg at livet skal handle om barn. Faktisk kjenner jeg ingen som ønsker seg barn så mye som meg.»⁴⁵¹

Barneønskjet skulle realiserast ved surrogati i USA. Då *Blick* intervjuar Kenneth var alt det praktiske på plass, og termin dato var satt. Surrogati var lite tematisert i homomedium, men ser ut til å ha vore ein kontroversiell sak. Til dømes var rett til surrogati ikkje inkludert i lovforslaget til kjønnsnøytral ekteskapslov.⁴⁵² Som nemnt under striden med barneombodet var fjernadopsjon vanskeleg fordi få land godtok homofile adoptivforeldre, og dette kan vere ei av årsakene til at surrogati blei ei løysing for somme homofile menn. Kenneth ønska ikkje å få barn saman med ei lesbisk kvinne eller venninner då han meinte at: «I konflikter om forelderrett er det nesten alltid mammaen som får medhold.» Parallellen til Sigurd Follerås si frykt for å miste omsorgsretten over 20 år tidlegare er slåande.

Kenneth ville «At unge homser skal vite at det går an[...]» å få barn. Han hadde sjølv oppdaga denne mogelegheiten då den kjende programleiaren og forlagsredaktøren Arve Juritzen hadde fått barn ved surrogati. Dermed liknar argumentasjonen til Kenneth på fleire andre barnesaker i homotidsskrifta, kor det blei lagt vekt på at mogelegheita for å skaffe seg barn skulle synleggjerast. Mange hadde opplevd dette som umogeleg – og som ei stor sorg – frå den tid dei oppdaga sin seksuelle orientering. Slik står barneønskjet fram som ei essensialisering av far- og morskapet då det å bli forelder sto fram som ei fullending av livet – som eit livsmål. Kulturvitar Tove Fjell har i analyse av barnefridom funne mellom anna homoseksualitet som kulturelt akseptert grunn til å ikkje få barn.⁴⁵³ I homotidsskrifta analysert blei det gjort opprør mot tanken om at homofile og lesbiske ikkje får barn, og i argumentasjonen blei konvensjonelle kjønnsdiskursar vidareført i og med at barneønske blei framstilt som biologisk fundert og «naturleg.» Dette kan tolkast som normalisering, i og med at barneønske – og det å bli møtt med forventingar om å skulle få barn – blei følt sterkare av homofile og lesbiske.

Surrogati skapar juridiske komplikasjonar. Det same hadde vore tilfelle med eggdonasjon. I følge odelstingsproposisjon Nr.33 for kjønnsnøytral ekteskapslov blei nye reglar for fastsetting av moderskap vedtatt i 1997, fordi den teknologiske utviklinga hadde mogeleggjort

⁴⁵¹Ibid.Nr.10,2006,S.14.

⁴⁵²II, "Ot.Prp. Nr.33 (2007-2008) Om Lov Om Endringer I Ekteskapsloven, Barnelova, Adopsjonsloven, Bioteknologiloven Mv. (Felles Ekteskapslov for Heterofile Og Homofile Par)."

⁴⁵³Tove Ingebjørg Fjell, *Å Si Nei Til Meningen Med Livet? : En Kulturvitenskapelig Analyse Av Barnfrihet*, Kjønnsstudier (Trondheim: Tapir akademisk forl., 2008).S.99.

eggdonasjon, og det var dermed ikkje lenger «gitt» kven som var biologisk mor til barnet.⁴⁵⁴ I fleire av sakane om lesbiske og sæddonasjon var barnet kome til med ukjend donor, og lovverket hadde blitt regulert for å famne ein situasjon kor barnets far var ukjend eller ikkje kravde farskap. Barnet kunne dermed ha ei mor og ei medmor.

I møte med det norske regelverket måtte Askim trygdekontor handtere ein ukjend situasjon. «Det er jo ikke noe sted i loven hvor min type forelderskap er oppført. Så de kommer til å gjøre det slik de gjør når mor død ved fødsel og alt ansvaret for barnet faller på far.»⁴⁵⁵ I følgje barne- og likestillingsdepartementet er det ingen særlovgeving kva gjeld surrogati. Dvs. at farskap og morskap erklærast på vanleg måte i følgje barnelova.

Kenneths historie blei seinare ein dokumentar, «Min stolte far.»⁴⁵⁶ Dokumentaren viser Kenneths veg frå Noreg til USA for å hente lille Isaiah.⁴⁵⁷ Filmen gir eit godt bilete av tankane og utfordringane knytt til prosessen ved surrogati. Regissøren Mette Aakerholm blei av *Blikk* spurt om filmen var ein «propagandafilm» for homofile og lesbiske. Aakerholm uttalte at:

«For meg handler filmen om menn og hvordan vi ser på deres omsorgsevne i vår tid. I forlengelsen handler det selvfølgelig om hvordan vi ser på biologi, arv og gener kontra miljøet vi vokser opp i, det som fyller oss i det livet vi lever her og nå.»⁴⁵⁸

Det samla inntrykket frå denne historia er at både biologiske og sosiale band var viktige for familietilknytning. Sidan regelverket for surrogati var og er uavklart, gjekk altså Askim trygdekontor inn for å gje farskapet til Kenneth, og morsretten blei dermed sletta. Det betyr også at dersom Kenneth ved eit seinare tidspunkt skulle få ein partner, ville partnaren kunne stebarnsadoptere Kenneths barn. Dersom morskapet framleis besto ville dette vere juridisk umogeleg, fordi barn i Noreg berre kan ha to juridiske foreldre.

Møtet med forvaltninga hadde tidsvis vanskar med å anerkjenne medlemmane i homorørsla si familieførståing. I 2007 trykte *Blikk* reportasjen «Skeive familier.»⁴⁵⁹ Her blei ei rad ulike familietypar – og måtar å skipe familie på, som surrogati, fosterheim, privat avtale, stebarnsadopsjon, osv., tematisert. Kvar artikkel fokuserte på ein individuell familie, og samtlege var illustrert med smilande familiebilete. Mellom anna kunne ein bli kjent med Per

⁴⁵⁴II, "Ot.Prp. Nr.33 (2007-2008) Om Lov Om Endringer I Ekteskapsloven, Barnelova, Adopsjonsloven, Bioteknologiloven Mv. (Felles Ekteskapslov for Heterofile Og Homofile Par)."

⁴⁵⁵"Blikk."Nr.10,2006,S.16.

⁴⁵⁶Ibid.Nr.3,2007,S.26-27.

⁴⁵⁷Mette Aakerholm Gardell, *Min Stolte Far* (2007).

⁴⁵⁸"Blikk."Nr.3,2007,S.27.

⁴⁵⁹Ibid. Nr.6/7, 2007,S.26-41.

Kristian og Dag Henning som hadde fått tvillingane Haakon og Emma via surrogati.⁴⁶⁰ Dei hadde først kasta frå seg moglegheiten for adopsjon (som på dette tidspunktet ikkje var lovleg). «Ikke var det aktuelt å få barn med et lesbisk par heller. Vi ville være familie på heltid, ikke helgepappaer [...]» To egg frå ein eggdonor blei befrukta av kvar sin pappa, slik at barna blei biologiske halvsøsken. Saka skildra også alle praktikalitetane surrogati innebar. Men; Dei hadde på førehand avtalt at dei ikkje ville vite kven som var far til kvart barn; «Dette er våre barn, ikkje «ditt» og «mitt», sier Dag Henning.» Dette blei umogeleg ettersom Folkeregisterets krav om DNA-test førte til at dei fekk kunnskap om kven som var far til kvart barn.

«Vi har Emma og Haakon sammen. Vi er én familie. Men selvfølgelig skal barna få vite. Men det må være når og fordi de selv ønsker å vite det. Vi presser ikke på den historien før de selv er klare. Vi vil jo at de også skal se på oss som en helt vanlig familie, sier Dag Henning.»⁴⁶¹

I reportasjen fekk familiane sjølve fortelje om og framstille sitt familieliv.⁴⁶² Alle familiane blei i større og mindre grad målt opp mot kjernefamilien som «normalen.» Reportasjen blei avslutta med artikkelen «Gullungene.»⁴⁶³ «Norsk og internasjonal forskning viser at gullungene med homofile foreldre klarer seg like bra både psykisk og sosialt som barn med heterofile foreldre.»⁴⁶⁴ Valet av «Gullungene» som artikkeltittel kan lesast som ei framheving av at homofile og lesbiske gjerne var betre foreldre, nettopp fordi dei hadde gått igjennom sjølvakseptasjonsvanskar, ein «kome-ut-prosess,» osv. Dette hadde vore eit argument mellom anna i fosterheimssaker.⁴⁶⁵

Det går an å leve som homo i Norge

Det heteronormative livsspekteret vist til i byrjinga av dette kapittelet blei møtt positivt av mange. Knut Sverre Røang spekulerte i artikkelen «Det går ann å leve som homo i Norge» korleis livet for homofile ville arte seg i år 2000.⁴⁶⁶ Røang viste til at ein kanskje ville få adopsjonsrettar, og kanskje ville ein få opne homofile i regjering. Status quo i 1994 var:

«Man kan gå på jobb. Man kan se på eller delta i en fotballkamp. Man kan ha gode venner. Man kan ha kjæreste og partner, hvis man vil. Man kan gå til nattverd. Man

⁴⁶⁰Ibid. Nr.6/7,2007,S.26-27.

⁴⁶¹Ibid. Nr.6/7,2007,S.26-27.

⁴⁶²Ibid. Nr.6/7,2007,S.26-41.

⁴⁶³Ibid. Nr.6/7,2007,S.40-41.

⁴⁶⁴Ibid. Nr.6/7,2007,S.S.40-41.

⁴⁶⁵Ibid. Nr.3.1991.S.17.

⁴⁶⁶Ibid.Nr.3,1991,S.17.

kan studere. Man kan gå i lær. Man kan gå i drag. Man kan fortsatt være en del av familien og slekta. Men det går an å ha det enda bedre som homo.»⁴⁶⁷

ÅK var på 1970-talet i ein ganske marginalisert posisjon i homorørsla. ÅK, samt kristne utan spesifisert tilknytning til gruppa syner at partnerskapslova skapte openheit og ein ny plass i samfunnet for homofile og lesbiske. Nyhendesaken «Siri fikk prestejobb» av Lillian Jensen (journalist i *Blikk*) og Arne Walderhaug handla om Siri Sundes nyttilsetning som vikarprest i «[...] en kirke som helst ikke vil ha homofile i prestestillinger.»⁴⁶⁸ Sunde blei omtalt som «[...] en av frontfigurene i ÅK, og har holdt en rekke gudstjenester i kapellet i homohuset.» Sunde peika på homofiles kamp for anerkjenning av sin kjærleik i kyrkja, og kritiserte biskopanes skilje mellom homofili og homofilt samliv. Distinksjonen er viktig fordi det vanlegvis blei snakka om homofil praksis, men Sunde snakka om «homofilt samliv.» Implisitt i Sunde sin argumentasjon er at partnerskapet skapte den same moralske råme som ekteskapet gjorde for heterofile med tanke på å gjere samlivet moralsk verdig. «Jeg kan selvfølgelig ikke akseptere at et helt bispekollegium er enig om at et ekteskap er mer verd enn et partnerskap, men jeg håper og tror at det vil skje en positiv utvikling også her.» Sunde-saka kom til å bli mykje omtalt i homotidsskrifta, og var typisk for sakene knytt til religiøse par. På leiarplass i *Løvetann* i 1997 kom det til syne at partnerskapsinngåing skapte problem for kristne homofile:

«Hun (Sunde) var åpen lesbe da hun ble vigslet, men levde ikke i samboerskap eller partnerskap. Da var det greit for den liberale delen av kirken. Nå har hun inngått partnerskap med den kvinnen hun elsker og vil dele livet og framtiden med.»⁴⁶⁹

Kyrkja blei framstilt som «hyklerisk» fordi homofili berre var akseptabelt så lenge homofil praksis var usynleg. Som *Blikk*-saka syner var Sunde si tilsetning som prest usikker då ho var opa lesbisk, og i *Løvetann*-leiaren blei fara for at ho kunne misse jobben som prest grunna partnerskapsinngåinga tematisert. Konflikten mellom kyrkja og dei kristne homofile var eit sentralt tema homotidsskrifta attende til 1970-talet, og dei kristne homofile forsto kyrkja som ein del av løysinga. Som på 1970-talet var feilaktig bibeltolking ei sentral problemforståing. Sunde uttalte mellom anna: «Det dreier seg om hvordan bibelen leses, det er enkelte bibelvers man ikke er kommet til rette med. Tillater man kvinnelige prester synes jeg argumentasjon mot homofilt samliv er ulogisk [...]»⁴⁷⁰ Sunde-saka var opptakt til eit sterkt fokus på kyrkja i Noreg, og frykt for eit generelt yrkesforbod for personar som levde i homofilt samliv. Som

⁴⁶⁷Ibid.Nr.8,1998,S.26.

⁴⁶⁸Ibid.Nr.5,1995,S.3.

⁴⁶⁹"Løvetann." Nr.4,1997,S.7.

⁴⁷⁰"Blikk."Nr.11,1997,S.28-29.

statistikkaterialet syner er merksemda knytt til dette stor nok til å omfatte ei eiga masteroppgåve. Konflikten er for mi tilnærming først og fremst interessant fordi ÅK var av dei fremste tilhengarane av *råmer* kring samlivet.

Partnarskapslova var som nemnt ein stor likestillingssiger for mange, og fekk stor merksemd i homotidsskrifta. I «Evig din» frå 2003 i *Blick* blei partnarskapslovas tiårsjubileum feira.⁴⁷¹ *Evig din* var eit intervju med lobbygruppa som arbeidde opp mot Stortinget i forkant av innføringa av partnarskapslova. «Gjengen på sju hadde jobbet og lobbet gjennom fem år før loven endelig kunne tre i kraft 1.august 1993.» Gjengen blei spurt om kva lova hadde betydd, og drog fram at homofili blei «synlig», og at [...] de (familie og venner) skjønner følelsene våre bedre.» Det blei også peikt på at «[...]ting som er felles for homofile og heterofile har blitt synliggjort. Det handler om å vise hvem du er glad i, og om ritualer.»⁴⁷² Framleis blei det også vist til dei som hadde vore i mot lovregulering, og igjen påpeika at dei som ønskja å gå inn i formaliserte forhold måtte få lov til det. Hovudmotstandarane i sjølve homorørsla blei her ikkje trekt fram som viktigaste faktor, heller blei sitat frå motstandarar av partnarskapslova som biskopen i Sør-Hålogaland og Noregs husmorforbund framheva med rosa skrift. Slik kunne problemstillinga snuast frå å vere ei potensiell indre konflikt, til å verte ei ekstern konflikt med konservative motstandarar som fiendebilete. I *Trusselretorikk og framtidsscenarier i debatten* skriv Unni Langås om motstandarane av kjønnsnøytral ekteskapslov sin argumentasjon.⁴⁷³ T.d. kunne motstandarane sjå for seg at familien blei destabilisert.⁴⁷⁴ I ytterste konsekvens kunne kjønnsnøytral ekteskapslov altså vere samfunnsøydeleggende i motstandaranes syn.

Sumaren 2008 feira *Blick* innføringa av kjønnsnøytral ekteskapslov med eit eige «gullnummer.» Nummeret var illustrert på framsida med to ringar i gull, og tittelen «Svaret er ja!» i gullskrift. 42 år etter dei første ytringane om ekteskap i homotidsskrifta kom no kjønnsnøytral ekteskapslov til å bli vedtatt på Stortinget. *Blick* hadde over lengre tid følgd individuelle politikarar og dei politiske partia tett for å rekne ut om lova kom til å få fleirtal. På leiarplass oppsummerte redaktør Erna Bøyum dei mange sigrane i homokampen, med

⁴⁷¹Ibid.Nr.7/8,2003,S.14-19.

⁴⁷²Ibid.Nr.7/8,2003,S.16.

⁴⁷³Unni Langås, "Trusselretorikk Og Framtidsscenarier I Debatten Om Kjønnsnøytral Ekteskapslov," in *Til Rette Ektefolk - Holdninger Til Homofili Og Ekteskap*, ed. Unni Langås and Paul Leer-Salvesen (Kristiansand: Portal forlag, 2011).

⁴⁷⁴Ibid.S.98-99.

ekteskapslova som fullending av homokampen: Ekteskapslova blei omtalt som «[...] toppen av bryllupskaka der det nå står to plastdukker av samme kjønn.»⁴⁷⁵

I «D-dag onsdag 11.juni» blei den politiske prosessen fram mot Stortingets avstemming om «[...] tre enkeltlover; ekteskapsloven, adopsjonsloven og bioteknologiloven»- referert til.⁴⁷⁶ Innføring av lova ville adressere partnerskapslovas kritiserte manglar i form av rettighet til vigsle, adopsjon, og assistert befrukting. Ein av partiet Høgres opne homofile stortingsrepresentantar, André Oktay Dahl, hadde mottatt mange reaksjonar frå lovas motstandarar; «Flere av henvendelsene inneholder også sammenlikninger med pedofile og hevder at loven vil føre til overgrep mot barn.»⁴⁷⁷ Spørsmålet om adopsjon, og spesielt spørsmålet om inseminasjon var spørsmåla det var knytt størst usikkerheit rundt. Slik forsøkte mange motstandarar å framheve særleg homofile menn som ein trugsel mot barn.

Dei tydeligaste motstandarane til ekteskapslov var kristne grupperingar. På leiarplass i *Blikk* kritiserte Bøyum i «Kirken som offer» kyrkjjas reaksjonar i opptakta til innføring av kjønnsnøytral ekteskapslov. Lova var allereie vedtatt og feira. Oslo-biskop Christian Kvarme og hans reaksjon på ei partnerskapsinngåing i Kampen kyrkjjes våpenhus blei kraftig kritisert.⁴⁷⁸ Ord og vendingar som «verdisortering,» «[...] forstokkede meninger[...],» og «[...]holdningene deres legitimerer hat,» syner ein sterk reaksjon på kyrkja ikkje omfamna homofilt ekteskap.

«**Fredag 12. september** inngikk Gard Realf Nielsen og Lasse Sandaker partnerskap i våpenhuset i Kampen kirke etter at Ole-Christian Kvarme hadde forsøkt å stoppe seremonien. Oslo-biskopens iskalde reaksjon gjorde Knut Storberget oppriktig opprørt. Justisministerens gikk deretter ut i media med frykten han følte for at Kvarmes reaksjon og holdninger skulle gi grobunn for mer hat og vold.»⁴⁷⁹

Dei kristne homofile skulle framleis oppleve årevis med debatt i kyrkja før dei oppnådde full anerkjenning for sine parskipingar. Det er framleis i 2016 ikkje semje om korleis homoekteskap skal skje i kyrkja, som uttrykker seg i ein strid om liturgi.⁴⁸⁰

⁴⁷⁵Blikk. "Nr.7/8,2008,S.12.

⁴⁷⁶Ibid.Nr.7/8,2008,S.18.

⁴⁷⁷Ibid.Nr.7/8,2008,S.18.

⁴⁷⁸Ibid.Nr.10,2008,S.12.

⁴⁷⁹Ibid.Nr.10,2008,S.12.

⁴⁸⁰Kirsti Kringstad and Ingvild Evarsdén, "Strid under Kirkemøtet: Skal Liturgi for Homofile Kunne Brukes Av Alle?," NRK, http://www.nrk.no/trondelag/strid-under-kirkemotet_-skal-liturgi-for-homofile-kunne-brukes-av-alle_-1.12894245. Lest 14.05.2016.

Kapittel 6 Avslutning og konklusjon

Oppgåva har undersøkt forståing av og haldningar til familie i den norske homorørsla. Diktet i innleiinga teikna eit bilete av homofile menn oppfatta som promiskuøse og overflatiske, kontrastert med ein realitet kor homofile var som alle andre og innerst inne ønskte seg familieliv. Debatten i homotidsskrifta delte seg i høvesvis familiekritisk og familievennleg posisjon, kor familielivets attråverd var det springande punktet. Gjennom spørsmålet om omsorg for barn kom også ei pragmatisk innstilling til familielivet til syne, fordi det var viktig å sikre «homobarna» sine rettar, uavhengig av familieførståing elles.

Radikal familiekritikk: På 1970-talet var kritikken av familielivet tydeleg, og familiediskursen bar preg av at familien blei oppfatta som undertrykkande. Kjernefamilien blei sterkt kritisert i eit radikalt «program» kor avskaffing av familien blei diskutert. Som vist i kapittel 3 var dette ein kritikk homorørsla ikkje var åleine om på 1970-talet, ein periode kor etablerte sanningar blei utfordra, og ein stilte spørsmål til kjønnsroller, oppseding, foreldreskap, osv. Kjernefamilien blei presentert som tvangsprega og undertrykkande.

På 1980-talet blei denne posisjonen utfordra av HIV/AIDS. Eit teikn på at homomiljøet blei større og var under utvikling var at den mest familiekritiske og sexliberale delen av miljøet blei skandalisert i homotidsskrifta, og stadig meir marginalisert. Mellom anna forsvann radikal familiekritikk frå tidsskriftas redaksjonelle linjer utover 1980-talet noko som blei endå tydlegare utover 1990-talet. Likevel fortsette ein å protestere på grunnlag av ei oppfatning om at homofile skulle bli assimilert inn i majoritetssamfunnet. Retorisk kritikk av «kjernefamilien» forsvann i praksis, og familiekritikken tok form i å framstille den familievennlege posisjonen som normalisert, keisam og konform.

Barnepolitikk: Når det gjaldt barn var det viktig å sikre omsorgsretten for barna av lesbiske mødrer, samt vise til at barn ikkje tok skade av å vekse opp med lesbiske mødrer. At rollemodellar av begge kjønn var naudsynt låg til grunn for mange av diskusjonane, og ein diskuterte alternative måtar å gjere familie på i høve til «kjernefamiliemåten.» Slik var sakene knytt til barnepolitikk nært knytt til den radikale familiekritikken på 1970-talet. Dette var også synleg i at mors- og farsrolla og forventingane knytt til desse rollene blei diskutert.

1980-talet blei prega av at nye familievariantar blei rapportert. I perioden blei vi kjent med homofile fedrar, og organiserte gruppene for barn og foreldre gjorde seg gjeldande, og synleggjorde i stadig sterkare grad at det å få barn var ein mogelegheit. Mange byrja derfor å sjå for seg ei framtid som foreldre, som først fekk uttrykk i at mange homofile menn og

lesbiske kvinner gjekk saman om å få barn. Desse avtalene blei opplevd risikable grunna HIV/AIDS-epidemien, noko som førte til at lesbiske kvinner kravde rett til kunstig befrukting. Framfor å krevje rettar som på 1970-talet *på tross av seksuell orientering*, blei argumentasjonen no utforma som ein likestillingstanke. «Problemet» blei vendt ut mot samfunnet, som med sine negative haldningar stigmatiserte og diskriminerte homofile foreldre. I stadig større grad blei det utvist indignasjon over at homofile og lesbiske blei ignorert som foreldre, og at deira eigenskapar som foreldre blei trekt i tvil på grunnlag av seksuell orientering. Argumentasjonen dreia seg derfor stadig meir over på å vise kor gode foreldre homofile og lesbiske var. Målet var å vise at homofile var like gode omsorgspersonar som heterofile, kanskje til og med betre. Dette kan sjåast som respons på at statens familiepolitikk favoriserte heterofili som norm for familie. Det kan derfor ikkje sjåast som eit opprør mot parnormalitet som råme kring familieskiping, men som ei påpeiking av diskriminering. Barna utgjorde kjernen i familieskipingane, og som regel fungerte par som hovudomsorgspersonane, med nettverk av rollemodellar og/eller sosiale/biologiske foreldre sentrert kring barnet.

Som resultat av dei familiepolitiske reformene frå 1980-talet dreia diskusjonane seg over på paret, og familiepolitikken gav etter kvart full anerkjenning av parnormaliserte homofile og lesbiske familieskipingar, først gjennom utbetring av partnerskapslova med stebarnsadoptsjon, og deretter rett til inseminasjon og fjernadoptsjon via kjønnsnøytral ekteskapslov. Mors- og farskap ser også i aukande grad ut til å ha blitt essensialisert – sett på som naturleg, venta, og ønskjeleg. Ny reproduksjonsteknologi som kunstig befrukting mogeleggjorde for lesbiske kvinner å planlegge barn innanfor paret. Dette blei også mogeleg for homofile menn gjennom bruk av surrogati i utlandet (forbode i Noreg), slik at familieskipingar no fullstendig kunne koplast sosialt frå det andre kjønn. Tanken om rollemodellar blei likevel i mindre grad utfordra. Dette kan også skuldast at det å fullstendig kople frå det andre kjønn sosialt i familieskipingane er ei relativt ny utvikling, spesielt for homofile menn, slik at spørsmålet om rollemodellar av begge kjønn kan bli meir debattert i framtida. Sidan homotidsskrifta også speglar aktuelle debattar ute i samfunnet kan årsaka til at rollemodellar av begge kjønn har blitt lite debattert, skuldast at ein har vore redd for å utfordre grunnleggande kjønnssetiske spørsmål.

Likestillingstematikk: Mange følte seg ikkje heime i 1970-talets radikale kritikk av familien, og ønske om juridisk regulering og velsigning kom fram allereie her, først knytt særleg til ÅK

og kristne par. Dei som ville ha råmer kring parforholda sine måtte hevde sin eigen valfridom til å ønskje seg dette, og ordningar måtte ikkje representere tvang.

På 1980-talet byrja dei store samlivsdiskusjonane på politisk nivå. Dette var ein viktig bakgrunn for normaliseringsdebatten i homorørsla. Frå familievennleg posisjon blei «homsekulturen» no omfattande kritisert, ikkje minst fordi særleg promiskuitet blei nytta av homorørsla sine motstandarar til å peike på homofile som ustabile og sexfikserte, eit fokus som skuldast HIV/AIDS. Mange «innanfor normalen» understreka sin eigen avstand til dei promiskuøse delane av homomiljøet, og bidrog på den måten til å byggje opp under inndelinga i eit stratifisert medborgarskap.

Stratifisert medborgarskap inneberer at somme intime uttrykk i homorørsla oppnår dei rettane og privilegium medborgarskapet inneberer, og kjem med det innanfor «normalen.» Ettersom homomiljøet har modna og utvikla seg, inkluderer det også fleire subkulturar og eit større meiningsmangfald. På tross av kontrovers i kyrkja og hjå høglydte motstandarar elles fekk homofile og lesbiske først med partnerskapslova – og seinare med kjønnsnøytral ekteskapslov – tilsvarande råmer for sine par- og familieskipingar som for heterofile. Større openheit, modning av homomiljøet og annleis mediedekning har ført til at denne «normalen» er den mest synlege og tilgjengelege delen av homomiljøet i dag.

Familiediskursen i homorørsla har endra seg, og familie sjåast ikkje som undertrykkande, men som ein positiv valmogelegheit. Reformene i familiepolitikken har gjort paret synlegare, og homofile og lesbiske har blitt ein del av «normalen.» Framfor å gje rettar til for eksempel fleire foreldre, har toforelderfamilien blitt oppretthaldt som norm. Familieskiping for ein mann som drøyer om «[...]mann, et hus, en hund og 1,5 barn» er ikkje eit radikalt brot med familien innan det «tradisjonelle» familieomgrepet utover kjønnsdimensjonen. Materialet mitt ser likevel ut til å støtte ein familiemodell innanfor det «breie» familieomgrepet. Basert på kjeldematerialet har paret inngått i ei større kjerne av tette relasjonar, og eg vil argumentere for at i homorørsla har familie blitt forstått breitt. At paret står fram som den synlegaste delen av familiekonstellasjonane kan skuldast familiepolitikken, og det kan skuldast at vi i vår kultur opprettheld eit skilje mellom parintimitet og vennskapsintimitet som usynleggjer nære band utover den smale familieeininga. Uavhengig av familieførståing ser det ut til at medlemmane i homorørsla har søkt å byggje eit mest mogeleg tilfredsstillande og lukkeleg liv for seg og sine.

Litteraturliste og kjeldemateriale

Litteraturliste

- Andersen, Arnfinn J. "Coming out, Coming Home. Vennskap Som Sosial Strategi." Oslo, 1987.
- . "Det Norske Seksuelle Medborgerskap." In *Norske Seksualiteter*, edited by Åse Røthing and Wencke Mühleisen. (Oslo): Cappelen akademisk forl, 2009.
- Anderssen, Norman, and Tone Hellesund. "Heteronormative Consensus in the Norwegian Same-Sex Adoption Debate?". *Journal of Homosexuality* 56, no. 1 (2009): 102-20.
- Andreasson, Martin. *Homo I Folkhemmet : Homo- Och Bisexuella I Sverige 1950-2000*. Göteborg: Anamma, 2000.
- Andresen, Astri. *Å Gripe Fortida : Innføring I Historisk Forståing Og Metode*. Samlagets Bøker for Høgare Utdanning. Oslo: Samlaget, 2012.
- Anfeldt, Anniken. "Heteronormal Nok? Heteronormering Som Veileder for Norsk Familiepolitikk." In *Når Heteroseksualiteten Må Forklare Seg*, edited by Agnes Bolsø. Oslo: Tapir akademiske forlag, 2007.
- Arnfinn, J. Andersen. "Fra Heteroromantikk Til Mangfoldige Lystfellesskap - Intimitetens Endrede Organisering." *Tidsskrift for kjønnsforskning* 35, no. 01 (2011): 3-17.
- Bech, Henning. "Report from a Rotten State - "Marriage" and "Homosexuality" in "Denmark"." In *Modern Homosexualities : Fragments of Lesbian and Gay Experiences*. Hoboken, Taylor and Francis., edited by Ken Plummer, 134-50. Hoboken: Taylor and Francis, 1992.
- Breivik, Jan-Kåre. "Superguttene - Den Norske Mannebevegelsen På 1970- Og 1980-Tallet." In *Da Det Personlige Ble Politisk*, edited by Hilde Danielsen, 153-89. Oslo: Scandinavian Academic Press/Spartacus forlag AS, 2013.
- Castells, Manuel. *The Information Age : Economy, Society and Culture*. 2nd ed. Hoboken, N.J.: Wiley-Blackwell, 2010. elektronisk ressurs.
- Chauncey, George. *Why Marriage? : The History Shaping Today's Debate over Gay Equality*. New York: Basic Books, 2004.
- Cheal, David. *Sociology of Family Life*. Basingstoke: Palgrave, 2002.
- D'Emilio, John. "Capitalism and Gay Identity." In *The Lesbian and Gay Studies Reader*, edited by Henry Abelove, Aina Barale Michèle and David M. Halperin, xxii,666s. New York London: Routledge, 1993.
- Danielsen, Hilde. *Da Det Personlige Ble Politisk : Den Nye Kvinne- Og Mannsbevegelsen På 1970-Tallet*. Oslo: Scandinavian Academic Press, 2013.
- Danielsen, Hilde, and Wencke Mühleisen. "Statens Oppskrift På Parseksualiteten." In *Norske Seksualiteter*, edited by Åse Røthing, 79-98. Oslo: CAPPELEN DAMM AS, 2009.
- Danielsen, Hilde, Tone Svinningen, Eirinn Larsen, and Ingeborg Winderen Owesen. *Norsk Likestillingshistorie 1814-2013*. Bergen: Fagbokforl., 2013.
- Danielsen, Hilde. "Den Nye Kvinne- Og Mannsbevegelsen På 1970-Tallet." In *Da Det Personlige Ble Politisk*, edited by Hilde Danielsen, 7-20. Oslo: Scandinavian Academic Press/Spartacus forlag AS, 2013.
- Duggan, Lisa. "The New Homonormativity: The Sexual Politics of Neoliberalism." In *Materializing Democracy: Toward a Revitalized Cultural Politics*, edited by Russ Castrovano and Dana D. Nelson. USA: Duke University Press, 2002.
- Edelberg, Peter. *Storbyen Trækker : Homoseksualitet, Prostitution Og Pornografi I Danmark 1945-1976*. København: Jurist- og Økonomforbundet, 2012.
- Fjell, Tove Ingebjørg. *Å Si Nei Til Meningen Med Livet? : En Kulturvitenskapelig Analyse Av Barnfrihet*. Kjønnsstudier. Trondheim: Tapir akademisk forl., 2008.
- Foucault, Michel. *Archaeology of Knowledge*. Routledge Classics. London: Routledge, 2002.
- . *The History of Sexuality*. New York: Vintage, 1980.
- Friele, Karen-Christine. *Troll Skal Temmes*. [Oslo]: Scanbok, 1990.

- Friele, Karen-Christine, and Det Norske forbundet av 1948 Landsforeningen for homofile og bifile. § 213 : *Onde Eller Nødvendighet?* Oslo: Det norske forbundet av 1948, 1970.
- Galupo, M. Paz. *Bisexuality and Same-Sex Marriage*. London: Routledge, 2009.
- Giddens, Anthony. *Modernity and Self-Identity : Self and Society in the Late Modern Age*. Cambridge: Polity Press, 1991.
- . *The Transformation of Intimacy : Sexuality, Love and Eroticism*. Oxford: Polity Press, 1992.
- Hall, Stuart. *Representation : Cultural Representations and Signifying Practices*. Culture, Media and Identities. London: SAGE in association with The Open University, 1997.
- Hanssen, Jorid Krane, and Universitetet i Nordland . Fakultet for samfunnsvitenskap. *Regnbuefamiliers Døtre Og Sønner : Å Forhandle Med Dominerende Oppfatninger Av Familie Og Foreldreskap*. Phd I Sosiologi. Bodø: Universitetet i Nordland, Fakultet for samfunnsvitenskap, 2014. elektronisk ressurs.
- Helle, Idar, Jardar Sørvoll, and Knut Kjeldstadli. *Historier Om Motstand : Kollektive Bevegelser I Det 20. Århundret*. Oslo: Abstrakt, 2010.
- Hellesund, Tone. "Intimiteter I Forandring." In *Da Det Personlige Ble Politisk*, edited by Hilde Danielsen, 61-102. Oslo: Scandinavian Academic Press/Spartacus forlag AS 2013.
- . *Kapitler Fra Singellivets Historie*. Oslo: Universitetsforl., 2003.
- Hennum, Ragnhild. "Lesbiske Og Homofiles Rettsstilling." In *Norsk Homoforskning*, edited by Knut Olav Åmås, 85-103. Oslo: Universitetsforlaget, 2001.
- Hidalgo, Danielle Antoinette, Kristen Barber, and Erica Hunter. "The Dyadic Imaginary: Troubling the Perception of Love as Dyadic." Chap. 3 In *Bisexuality and Same Sex-Marriage*, edited by M. Paz Galupo, 33-52. New York: Routledge, 2009.
- Jordåen, Runar. *Frå Synd Til Sjukdom? : Konstruksjonen Av Mannleg Homoseksualitet I Norge, 1886-1950*. Bergen: [R. Jordåen], 2003.
- Koselleck, Reinhart. *Futures Past on the Semantics of Historical Time*. New York: Columbia University Press, 2004. elektronisk ressurs :.
- Kristiansen, Hans W. *Masker Og Motstand : Diskré Homoliv I Norge 1920-1970*. [Oslo]: Unipub, 2008.
- Langås, Unni. "Trusselretorikk Og Framtidsscenarioer I Debatten Om Kjønnsnøytral Ekteskapslov." In *Til Rette Ektefolk - Holdninger Til Homofili Og Ekteskap*, edited by Unni Langås and Paul Leer-Salvesen. Kristiansand: Portal forlag, 2011.
- Leer-Salvesen, Paul. "Naturens Argumentative Kraft." In *Til Rette Ektefolk*, edited by Unni Langås and Paul Leer-Salvesen, 77-87. Kristiansand: Portal akademisk, 2011.
- Lindholm, Margareta, and Arne Nilsson. *En Annan Stad : Kvinnligt Och Manligt Homoliv 1950-1980*. Göteborg: Alfabeta/Anamma, 2002.
- Mühleisen, Wencke, Åse Røthing, and Stine Helena Svendsen. *Norske Seksualiteter : En Innledning*. 2009.
- Naples, Nancy. "Queer Parenting in the New Millenium." *Gender & Society* 18, no. 6 (2004): 679-84.
- Plummer, Ken. *Intimate Citizenship : Private Decisions and Public Dialogues*. The Earl and Edna Stice Lecture-Book Series in Social Science. Seattle, Wash.: University of Washington Press, 2003.
- Prieur, Annick, and Arnfinn J. Andersen. *Kjærlighet Mellom Menn I Aidsens Tid*. Oslo: PAX, 1988.
- Ringdal, Nils Johan, and M. M. Malvin. *Lystens Død? : Bekjennelser Fra En Mann Av Gay-Generasjonen*. Oslo: Aschehoug, 1991.
- Rosen, Wilhelm von. *Månens Kulør : Studier I Dansk Bøssehistorie 1628-1912 : 1*. København: Rhodos, 1993.
- Rydström, Jens. *Odd Couples a History of Gay Marriage in Scandinavia*. Amsterdam: Uitgeverij Aksant, 2011. elektronisk ressurs :.
- . "Sinners and Citizens : Bestiality and Homosexuality in Sweden 1880-1950." Stockholms universitet, 2001.
- Røthing, Åse, and Wencke Mühleisen. *Norske Seksualiteter*. [Oslo]: Cappelen akademisk forl., 2009.
- Sandvik, Hilde, and Sølvi Sogner. *I Gode Og Vonde Dagar : Familieliv I Noreg Frå Reformasjonen Til Vår Tid*. Samlagets Bøker for Høgare Utdanning. Oslo: Samlaget, 2003.
- Seehuus, Jonas Rein. *Rødt, Hvitt Og Skrått*. [Oslo]: NRK, 2009.

- Sennett, Richard, and Eivind Tjønneland. *Intimitetstyranniet. The Fall of Public Man (Utdrag Fra Del Iv)*. Vol. 11, Oslo: Cappelen, 1992.
- Skinner, Quentin. *Visions of Politics*. Cambridge: Cambridge University Press, 2002.
- Vaccaro, A. Annemarie. "Toward Inclusivity in Family Narratives: Counter-Stories from Queer Multi-Parent Families." *Journal of GLBT family studies* 6, no. 4 (2010): 425-46.
- Vollset, Gerd. *Familiepolitikens Historie : 1970 Til 2000*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, 2011.
- Weeks, Jeffrey. *The World We Have Won : The Remaking of Erotic and Intimate Life*. London: Routledge, 2007.
- Westlund, Jennie. *Regnbågsfamiljers Ställning I Norden : Politik, Rättigheter Och Villkor*. Oslo: Nordiskt institut för kunskap om kön, 2009.
- Weston, Kath. *Families We Choose : Lesbians, Gays, Kinship*. Between Men - between Women. New York: Columbia University Press, 1991.
- Åmås, Knut Olav. "Levekår Og Livskvalitet Blant Lesbiske Kvinner Og Homofile Menn." In *Norsk Homoforskning*, edited by Knut Olav Åmås. Oslo: Universitetsforlaget, 2001.

Skeivt Arkiv, Universitetsbiblioteket i Bergen. Trykte kjelder

- "Blikk." 1990-2008.
- "Løvetann." *Løvetann :for homofil og lesbisk frigjøring*, 1977-2003.
- Myking, Marit. "Lesbisk Mødregruppe." edited by Skeivt arkiv. Oslo: Lesbisk mødregruppe, 1979.

Skeivtarkiv.no

- Hellesund, Tone. "Claus Drecker." Skeivt Arkiv, Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/claus-drecker>.
- . "Soperliga'n." Skeivtarkiv.no Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/soperligan>.
- Skeivtarkiv.no. "Arkiver." Skeivt Arkiv, <http://katalog.skeivtarkiv.no/collections>.
- . "Dnf'48s Første Brosjyre." Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/dnf-48s-forste-brosjyre>.
- . "Fritt Fram." Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/fritt-fram>.
- . "Karen-Christine (Kim) Friele." Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/karen-christine-kim-friele>.
- . "Løvetann." Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/lovetann>.
- . "Om Skeivt Arkiv." Skeivt arkiv, <http://skeivtarkiv.no/om-skeivt-arkiv>.
- . "Skeive Tidsskrifter." Skeivopedia, <http://skeivtarkiv.no/skeivopedia/norske-skeive-tidsskrifter>.

Offentlege dokument

- Bølviken, Lilly. *Samliv Uten Vigsel : Om Enkelte Lovregler I Tilknytning Til Samliv Uten Vigsel ("Papirløse Ekteskap")*. Oslo: Universitetsforl., 1980.
- Hegna, Kristin, Hans W. Kristiansen, and Bera Ulstein Moseng. "Levekår Og Livskvalitet Blant Lesbiske Kvinner Og Homofile Menn." Oslo, 1999.
- II, Regjeringen Stoltenberg. "Ot.Prp. Nr.33 (2007-2008) Om Lov Om Endringer I Ekteskapsloven, Bamelova, Adopsjonsloven, Bioteknologiloven Mv. (Felles Ekteskapslov for Heterofile Og Homofile Par)." edited by Det kongelige Barne- og Likestillingsdepartementet, 106. Oslo: Akademika AS.

Internettressursar

- Aasand, Helle. 07.05.15.
- BLIKK. "Om Blikk As." BLIKK AS, http://www.blikk.no/index.php?option=com_k2&view=item&id=4863.
- bufdir.no. "Hva Er Lhbt?" Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR), http://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_og_levekar_Hva_sier_forskningen/Hva_er_LHBT/.

- . "Regnbuefamilie." Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet (Bufdir), http://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_ordlista/R/Regnbuefamilie/.
- Drecker, Claus. "Redegjørelse Angående Forholdene Omkring Fritt Fram Nr.3/75. Lest Opp På Generalforsamlingen I 1975. ." <http://www.nordlys.net/frittfram/begrunnelse.pdf>.
- "Fritt Fram." *Fritt fram*, 1974-1990.
- Gardell, Mette Aakerholm. *Min Stolte Far*. 2007.
- Haugen, Trine B., and Tom Tanbo. "Har Inseminasjon Med Donorsæd En Fremtid Med Ikke-Anonyme Givere? ". *Tidsskrift for Den norske legeforening* (2004).
- Kringstad, Kirsti, and Ingvild Evardsen. "Strid under Kirkemøtet: Skal Liturgi for Homofile Kunne Brukes Av Alle? ." NRK, http://www.nrk.no/trondelag/strid-under-kirkemotet_-skal-liturgi-for-homofile-kunne-brukes-av-alle_-1.12894245.
- "Negativ Til Homoadopsjon." NTB, <http://www.nrk.no/norge/negativ-til-homoadopsjon-1.513330>.
- Rosa, trekant, and A. S. Blikk. "Blikk." *Blikk* (1990).
- "Åpen Kirkegruppes Historie - De 20 Første Årene." Åpen kirkegruppe for lesbiske og homofile, <http://apenkirkegruppe.org/om-oss/historie/apen-kirkegruppes-historie-de-20-frste-arene/>.

Juridisk materiale

- "Lov Om Barn Og Foreldre (Barnelova)." edited by Stortinget. Oslo, LOV-2013-06-21-64 fra 01.01.2014.
- "Lov Om Ekteskap [Ekteskapsloven].". edited by Stortinget. Oslo, LOV-1991-07-04-47.
- "Lov Om Registrert Partnerskap." edited by Stortinget. Oslo, 30.04.1993.
- "Lov Om Straff (Straffeloven).". edited by Stortinget. Oslo, LOV-2016-04-22-3.

Summary

The master thesis aims to map the debate and arguments related to the family in the Norwegian gay rights movement from 1973 until 2008. This is accomplished by exploring the views and arguments expressed in the Norwegian gay journals *Fritt Fram*, *Løvetann* and *Blikk*, in consultation responses and public papers. Through this, the understanding of the family is documented and analysed with a focus on attitudes towards the family, and how the attitudes and argumentation changed over the set time period.

The comprehensive source material is organized into three themes/categories: *Radial critique of the family*, *Children-policy* and *Equality-theme*. These reflect the main themes related to the family in the Norwegian gay journals.

The debate in the Norwegian gay journals was a heated one, characterized mainly by two opposite ideological attitudes towards the family, and a considerable political pragmatism regarding rights for the children of gays and lesbians. Thus, the voices representing the *radical critique of the family* rejected marriage and ways of living similar to heterosexuals, understood as oppressed by the nuclear family. The radical critique of the family gradually lost ground in the Norwegian gay journals, paving way for more forgiving views of the family.

The argumentation of those concerned for the rights of the children of gays and lesbians had in the early 1970s argued along similar lines as those opposed to family and marriage, by challenging normative living arrangements, gender- and parental-roles. There is a notable shift in the argumentation where those concerned for the rights of the children of lesbians and gays gradually joined forces with those arguing along the lines of *equality* between homosexuals and heterosexuals. This could be viewed as a consequence of the official Norwegian family policy that gives rights to the couple, and regards the couple as the ideal frame for fostering children.

As opposed to the narrowly defined nuclear family, understood as a closed unit composed of two adults with children, family understanding in the Norwegian gay movement is characterized by a broad understanding of the family. Children of gays and lesbians makes up the centre of the family constellations, often surrounded by both biological parents and social parents/caregivers, or with close relations to friends of the family that provides role models for the children.